

Even Tråen

Eventyret Rollag og Veggli Skyttarlag

1879 – 2020



Utgivar: Rollag og Veggli Skyttarlag

Forfatter: Even Tråen

Papir: 150 gram Munken Print White

Trykkeri: Rolf Ottesen AS

Copyright 2020: Even Tråen

rollagogvegliskyttarlag.no

Facebook: Rollag og Veggli Skyttarlag

Takk til:

Ole John Hostvedt i Laagendalsposten for generøst utlån av mange bilder.

Rollag historielags fotogruppe for stor hjelp til å finne bilder.

Til Jan Lande for utlån av bilde

Til Geir Johansen for lån av historiske bilder

Til skyttarlaget for oppdraget

Til Ingvar Moi for formgjeving

Til Roar Kongsjorden for korrekturlesing



Gunnulf Kongsjorden var med og dominere skytinga i Oslo omkring 1920.

Even Tråen

Eventyret Rollag og Veggli Skyttarlag

Rollag kommune hadde inntil 1970 to skyttarlag, eitt i Veggli og eitt i Rollag.

I 1970 vart laga slått saman til eitt og har vore det sidan.

Rollag og Veggli skyttarlag er i 2020 eitt av landets 850 skyttarlag som samla har 140.000 medlemmar. Om lag 5000 skyttarar frå desse laga møtes til Landsskyttarstemne ein gong i året. Laget er eitt av åtte lag i Numedal skyttarsamlag. Og samlaget har samlagsstemne ein gong i året både på 15 meter, i feltskyting og baneskyting.

Vi ønskjer deg velkommen til å lesa denne boka som er eit oversyn over laget si historie like fram til i dag.

I boka vil du møte eit lag som samla drog på trytefisking før landsskyttarstemnet. Eit lag som saman drog langt innover på dei store myrane for å skyte inn børsene til feltskyting og som hadde lagmesterskap i stang og stupar i tunet i Sørgarden Fulsås. Og ikkje minst eit lag som spanderar «debutantpizza» på dei nye.

Altså eit lag som veit å spleise skyttarane saman til - ja, nettopp eit lag.



Velkommen som lesar

Det sammenslåtte Rollag og Veggli skytterlag feirer i 2020 sitt 50 årsjubileum, og tenk at vi kunne utgi boka om skytterlagene Veggli og Rollags historie i jubileumsåret!.

Styret vedtok i 2018 å skrive historien om skytterlagene Veggli, Rollag og det sammenslåtte laget Rollag og Veggli skytterlag. Styret utnevnte en bokkomite bestående av forfatter Even Tråen, Lars Ole Skogen og undertegnede. Med Even som forfatter var laget sikret å ta vare på skytterhistorien på best mulig måte, både som forfatter og den personen i laget som kanskje kjenner historien til lagene aller best. Boka har blitt virkelighet etter mye jobb, spesielt fra Even men også andre som har bidratt med bilder, historier og gjennom intervju av enkeltpersoner. Skytterlagets idretts- og kulturhistorie har hatt, og har stor betydning i lokalsamfunnet, for hele den norske skytterfamilien og jeg håper at det kommer til å glede mange lesere.

Det har ikke vært noen enkel oppgave å samle informasjon fra de to skytterlagene da dokumentasjon og protokoller har vært mangelfull, spesielt fra Veggli skytterlag der mange protokoller har blitt borte. Det er derfor en fyldigere dekning av Rollag skytterlag historie enn Veggli skytterlag. Lagets jubileumshefte som ble skrevet i 1982 har blitt en del av boka i den nye boka. Skytterlagets nyere historie fra sammenslåingen av begge lagene i 1970 er godt dokumentert og spesielt storhetstiden fra 1990 og frem til i dag.

Som leder av Rollag og Veggli skytterlag, vil jeg rette en stor takk til alle som har bidratt med opplysninger, stoff og bilder til boka. Spesielt vil jeg takke Even Tråen som har lagt ned en uvurderlig innsats som bokforfatter.

Det er mange av bygdas innbyggere og tilreisende skyttere som har gode minner fra egen eller familiemedlemmers deltagelse på Dusterud skytebane i Veggli. Jeg håper at dere får glede av å lese jubileumsboka og sier derfor til leserne «klar om 10 sekunder fra nå; klar og les!

John Melvin Tveiten

Leder skytterlaget

Innleiing

Skyttarlaget ba meg skrive bok om laget, tenkt som jubileumsbok til 140 års jubileet i 2019. Det rakk vi ikkje, men det blir ei jubileumsbok likevel. Det er i år 50 år sida skyttarlaga Rollag og Veggli slo seg saman.

Eg trudde det skulle bli ei lett oppgave, for eg meinte eg hadde det meste i hugu og det skulle bli lett å skrive det ned. Men det skulle bli sær s vanskeleg å frigjera seg frå stoffet. Skyttarlaget har prega heile oppveksten min og det meste av vaksenlivet også. Eg drog i pussesnora til far før eg kunne lesa. Eg høyrde skyttarar bli omsnakka, resultat bli drøfta, eg vart ein del av dette ganske tidleg som du skjønar. Og attpå til kom mor, Ellen hit frå Sandefjord der ho var med og stifta kvinnegruppa i Sandar skytterlag. Så det var ingen veg forbi.

Så får du som les dette vurdere resultatet. For meg er det viktigaste ved dette laget, kameratskap, dermed også lagfølelse og lagskyting. Og Østlandscupen vart symbolkonkurransen for meg, ja eg trur heile laget.

Eg har kalla boka «Eventyret Rollag og Veggli skyttarlag». For meg er dette ei eventyrreise. Frå det heilt amatør-messige der kasseraren hadde alle bilaga til regnskapet i lommeboka si, til no å ha eit av landets mest funksjonelle anlegg. Frå resultat midt på treet til kongelagsplassar.

- Så skulle de vel han vunne fleire cupfinalar enn den eine, seier du. Jau, gjerne det, men om du les bakgrunnen for denne finaleseieren i 2010 så vil du forstå at den greier seg. Eventyret vart verkeleg. – Er dette så stort så burde de vel ha hatt både konge og dronning, seier du. Til det er å seia at vi har vore med, vi har markert oss og vi har vore der oppe. Vi har vist at ein av dei minste kommunane i landet har fått fram idrettsutøvarar i toppklasse.

Det viktigaste for meg er likevel dette utsagnet eg fekk av ein ungdom som var med i skyttarlaget nokre få år: «Det eg har av sjøltillit fekk eg i skyttarlaget». Det er også eit eventyr.

Even Tråen

Innhald

Innleiing	4	Portrett av Per Solberg	64	Målselv	116
Historia frå 1879-1970	9	Harald Tveiten sitt		Anvisarhjelp	118
Rollag folkebevæbningslag	10	gjennombrøt	66	Ved skydepavlijongen	124
Lagsformenn før 1970	12	Portrett av Halvor Nilsen		Om skyttarhusa	130
Dameklasse	16	Fulsås	68	Pokalkonkurransen mor	
Verdskrigens sette spor	20	Om børsemakarar	72	Stjernen i Eggedal	134
Etterkrigstida	26	Halvor og Liv Lofthus	74	Foreldra i ryggen	136
Veggli skytterlag	30	Etter 1970	76	QR kodar med NRK opptak	
Premieoversikt i Veggli sk lag	36	Prolog til opninga av		av skyttarar frå R&V	141
Portrett av Ragnar Tveiten	42	nybanen av Erling Fulsås	88	Inn i eventyret	142
Skyttarar frå Rollag og		Ny tidsalder	96	Avslutningsord	144
Veggli i Oslo	48	Østlandscuplaget 2010	104		
Historiske gevær	56	Familien Kongsjorden	110		

Denne boka skal vise kva eit lite lag i ein liten kommune kan oppnå. Med glødande interesse, tradisjonar i botn og samhold kan ein koma så langt at ein velgjer å kalle boka om laget for eit eventyr.

Ein faktor som laget ubevisst har vore klar over er posisjonen skyttarlaget har hatt i bygda sidan 1879. Det har styrt laget på ein måte slik at ein alltid har sett på laget som ein del av bygdesamfunnet. Dette vert synleg gjennom søknaden vår om Miljøpakkemidlar i 1991. I denne søknaden som vart sendt Det frivillige skyttarvesen sto ma dette:

Vårt forhold til Rollag kommune er svært godt, og vi vil gjerne få vise kommunen respekt og vilje til å imøtekoma kommunale krav. Banen vår representerer eit støyproblem, det får vi signal om både frå grunneigar og naboar. Og det er klart at kommunen må følgje dei stadig aukande miljøkrava. Difor må vi rekne med visse miljømessige krav frå kommunen i framtida. Ved å gjennomføre dei planane vi har vil vi no ligge i forkant av utviklinga, og det er sovidt vi veit ikkje eit vanleg mønster.

Søknaden vart innvilga og dette viser at ved kløkt kan ein ligge i forkant av utfordringane i staden for å måtte slåss i etterkant. Same strategi gjorde at laget fekk eit toppmoderne anlegg og toppresultat på same tid. Les boka og sjå om det stemmer.

Nils Haugejorden Veggli, på veg til skyttarbanen.



Historia frå 1879 til 1970

Halve Øvre Kretsaget til Rollag rett før krigen.

Lenge rekna vi 1882 som stiftingsåret for Rollag skytterlag, men ulike tegn tyda på at det var skyttarlag i bygda før det. Og til årsmøtet i 1998 kunne formann John Melvin Tveiten kunngjera eit funn i boka «Skyttersaken før 1883». Der sto det at Rollag skytterlag blei stifta i 1879. Små notiser i andre kjelder peika i same retning. Mellom anna frå butikkprotokollar i 1879 der det er handla inn diverse til Skytterlaget. Eit nyleg funne oppslag i hovudstadsavisa Verdens Gang frå 5. juli i 1880 bekreftar 1879 som stiftingsåret. Ein eller annan rolling har sendt inn til VG eit stykke om vær og vind i bygda og småting elles. Og så dette om 17. mai feiringa i bygda:

«Det er sant vi havde nær glemt 17de mai, den blev ogsaa afholdt her iaar mere høitidlegt end ellers; thi Rollag skytterlag der blev stiftet forrige Aar lod nu sin nye fane, et rent norsk flag indvie. Skytterlagets formand forklarede flagets Betydning for de Tilstedeværende, i det han gennemgik Historien fra Magnus Barfods Mærke og alle Landsmærkerne, som Norge har havt indtil 1814. Likeledes forklarede han Dagens Betydning. Det skulde dog imidlertid ei hengaa uden en liden Flagstrid her ogsaa, idet en Herre mente, at det var ulovligt at bruge rent Flag; Han blev paa stedet betydet om af Formanden, at han sagde usandt, noget han imidlertid ikke magtet at gjendrive, og hvorvidt denne Mand magter at bevise sin tomme Paastand vi fremtiden vise.»

Med dette ser vi altså at den store unionsstrida gjorde seg gjeldande her også. Den «formand» det vises til her er Nils P. Krogsbøl. Han var ivrig venstremann og lot sine meiningar høre både gjennom det han sa og gjennom det han arbeidde med. Han var født i Enebakk i 1844 og kom til Rollag som klukkar etter Knut Carlsen i 1879. Her tok han til orde for å stifte Rollag skytterlag same året. Og dermed ser vi at den store striden i Noreg gjorde seg også gjeldande i Rollag.



Nils P. Krogsbøl

Skyttarlagsfolk var sentrale i den politiske kampen og sjølv Bjørnstjerne Bjørnson bruka skyttarlaga i sine argumentasjon for eit fritt Noreg. «Bakom rifleringe af den unge slægt, skal gamlingen på Tinget stemme trygt og kjækt», skreiv Bjørnson.

Organisering

All idrett, også skyting var organisert i «Centralforeningen for legemsøvelser og Vaabenbrug». Denne foreningen vart stifta i 1961, og arbeide aktivt for skyttaropplæring, men og for eksempelvis kroppsøving i skulen. Men etter kvart viste det seg at leiinga i Centralforeningen tok parti med unionistane og Høgre. Det skapte uro i skyttarkretsar der fleirtalet var frå bygdenoreg og var venstrefolk. Det førte til at det vart stifta eit landsomfattande Folkebevæbningslag i 1880, og i Buskerud var Eker skytterlag ei drivkraft for folkebevæbninga. Eker kalla inn til stiftingsmøte 29. desember 1881. Rollag møtte med ein representant, Levor A. Fløtterud, og møtet vedtok å stifte laget som fekk dette namnet: «Buskerud Amts folkebevæbningslag». Til dette møtet vart innkalla dei lag som alt eksisterte. Og no skjedde alt raskt, det vart kalla inn til årsmøte 28. januar 1882.



Levor Andreson Fløtterud 1844-1915

Levor vart ein av pionerane i Folkebevæpningsrørsla i Buskerud. Han var bonde på Fløtterud i Rollag. Ved sida av dette var han ljåsmed og hjulmaker og politikar. Levor sat også i kommunestyret for Rollag.

Men så var han også skyttarlagsmann. Ved sida av styrevervet i Buskerud Folkebevæbningslag er han også ein av dei tidlege formenn i Rollag skyttarlag etter at lCentralforeningslaget frå 1879 vart eit folkebevepningslag i 1884

Av alle lag i Buskerud var desse representerte. Eker, Øvre Sandsvær, Drammen, Eftelød og Komnæs. Rollag, Stjernen Lier og Hildur i Hurum, Hæhre, Røyken og Eggedal.

Frå Rollag var altså Levor Fløtterud med, og på årsmøtet 28. januar 1882 vart han vald inn i styret. Det var berre venstrefolk dette og dei møtte ganske snart sterk motstand. Det nye laget hadde nytt møte i mai 1882 der dei vedtok å halde fylkestemne på Ekerbanen. Dei vedtok samstundes å leige Ødegårdsalen i Hokksund og søkte om ølrett, slik at dei kunne ha ein fest etter skytinga. Men slik skulle det ikkje gå. Her var lobbyistar og overløparar i fleng. Eker skytterlag som sjølv var med i Folkebevæbninga nekta merkeleg nok fylkeslaget å låne banen, og begrunna det med at dei skulle ha lagsstemne denne dagen. Lensmannen nekta laget ølrett og som om ikkje dette var nok så leigde Høgre-foreninga på Eiker Ødegårdsalen for heile sommaren.

Men Fylkeslaget ga seg ikkje og hadde nye møte og fekk etter kvart fleire lag med. Levor Fløtterud ville ut av styret etter eit år, men dei andre fekk overtala han til å fortsetja. Det fortel vel ein del om Levor skulle ein tru, at dei andre ville så gjerne ha han med vidare i styret. Det at Eker som var eit Folkebevæbningslag nekta Fylkeslaget å låne banen fortel om kor vanskeleg det var denne tida, det var så sterke krefter som stod mot kvarandre i laget at dei torde ikkje sleppe folkebevæbninga inn på banen.

Midt oppe i alt dette stod altså Levor Fløtterud. Tenkje seg til, det kunne ikkje vera lett heller å sitja i styret som hadde møtene sine på Eiker både vinter og sumar. Vi må tru Fløtteruden soleis var ivrig både venstremann og skyttarlagsmann.

Rollag folkebevæbningslag

Levor Fløtterud var som vi ser med i Fylkesstyret. Men det var likevel Nils K. Landsverk (1834-1912) som vart fyrste formannen i Rollag skytterlag etter tilslutninga til Buskeruds amts Folkebevæbningslag. Han hadde Nord Landsverk og ga grunn til skytebane ved husmannsplassen Lonnehaug. Her vart også bygd eit skyttarhus dei kalla «Fredheim».

Fredheim var nok ikkje noko anna enn eit plankehus, for i 1888 finn vi dette i protokollen: Skytterlaget hadde «Præmieskydning». Anstein G. Myljom Landsverk (1870-USA1889) vann 1. klasse og Hans Vaarvigen vann 2.klasse. Om kvelden var alle innbedt til Ulstad på fest. «*Thi det var for koldt i Skyttelagets skydepaviljon. 200 personer af begge kjøn deltog paa festen. Bevertningen bestod i Smørrebrød og kaffe; thi Punch serveres ikkje paa Lagets Fæster*». Dansen tok slutt klukka seks om morgonen.

Dette laget, Rollag skytterlag, hadde dei fyrste åra mellom 18 til 37 medlemmer. Og laget hadde frå 6 til 16 rifler til disposisjon.

Skivene dei skaut på var helst treskiver. Kan hende også ei malmskive som dei strauk over med måling for kvar serie. Skyteprogrammet hadde gjerne ein del lokale variantar, men vanleg var 10 skot på 400 m, 200 m, og det same mot 100 m. og dei bruka som oftast 10 delt skive.

Det var fire klasser, men fjerde klasse var den lågast rangerte og mesterskyttarane var solein i klasse 1.

I 1894, året da Stortinget vedtok å innstifte Det frivillige skyttervesen, står dette i protokollen for Rollag skytterlag.

Aar 1894 den 6te mai blev afholdt møde paa Fredheim skytterhus for at danne et nyt skytterlag i Rollag-kaldet Rollag skytterlag. Og som aktive deltakere indtegnedes sig paa stedet nedenanførte medlemmer, nemlig:

N.S. Lind, Ole Chr. Hoff, Hellik Vihammer, Andres N. Mogen, Nils H. Bjørge, Nils K. Landsverk, Nils. N. Landsverk. Ole Kristensen, Olaf Brevig, Knut O. Brevig, Knudt O. Kjomme, Knudt N. Stærnes, Ole N. Stærnes, Jacob Skørre, Ole N. Næset, Gustav Gulbrandsen og Karl Teigen.

Aarskontingent bestemmes foreløpig til kr. 0,80 per mand.

Valg paa bestyrelse blir derpaa foretaget og som medlemmer i denne blev indvalgt N.S. Lind, Hellik Vihammer, Ole Chr Hoff, Ole N. Næset, Knudt Stærnes og Nils Nilsen Landsverk. Enstemmig valgtes NS Lind som formand. Hellik Vihammer, nestformand og Ole Chr. Hoff til Kasserer.

Til supelanter valgtes Ole Kristiansen, Andres N. Mogen og Jacob Skørre.

Valg paa revisorer blev man enige om at skulle udestaa til et senere møde. Forhandlingerne oplæste og mødet hævet. N.S. Lind

Den 7 mai indmeldte sig med videre i Skytterlaget: Halvor K. Lie, Ole A. Hoff og Nils O. Kjomme. NS. Lind.

Her er nokre utdrag frå møteprotokollane i dei fyrste åra.

9. Sept 1994. Præmieskydningen bestemtes til fredagen 28de spetember førstkommende hvorefter fest same aften. Punch skulle benyttes under festen og contingneten sæts til kr 0.80. Til festkomitè vælges: Ole Kristiansen, Nils H. Bjørge, Halvor K. Lie, der har at besørge det fornødne til og med festen.

No vart det visst vel mykje punch på denne festen for bestyrelsesmødet 14. oktober 1894 tok opp fylgjande til behandling.

...mødet var sammenkaldt i anledning sidst afholdte fest hvad da bestemtes:

At Ole K...der under festen haanede og skjeldte bestyrelsen, denne gang skulle slipppe fri for nogen tiltale eller offentlig blive anklaget, naar han paa skriftlig erklæring giver ut løfte og sit æresord om aldrig mere at fornærme nogen i skytterlaget. Forøvrigt henvises til den af Ole K. underskreve erklæring der er beroende hos formanden i laget.

Skytterlaget finder det nødvendig at tilskrive D'herre NN og NN om at disse herefter ogsaa maa opføre sig med en penere anstand i fald de akter at deltage i præmieskydninger og festlige sammenkomster for fremtiden.

Etter dette vart det vedteke at «fæstligheterne» berre skulle vera opne for medlemmer. Men det var urostiftarar blant medlemmene også, og da måtte ein vera hard:

Bestyrelsesmøde paa Mellom Hoff søndagen 29/9-1895

Til behandling forelaa i dag:

1. Om hvorvidt de af skytterlaget der opførte sig i høieste saa brutale og rent ut «skjofle» under skytterfesten den 4de august, nemlig Hellik V., Andres V, Sveino E skulde udslættes af laget for fem aar.

Og utsletta vart det med høgtidlege brev. Ein var nøye med framgangsmåten den tida.

Elles viser protokollane frå gamletida at dei var mest opptekne av ammunisjonskjøp, skivekjøp og 17. mai festen «med 10 øres inngang for Herrer og Damer. 17. maifesten ser alkoholfri ut, men høstfestane er nokså fuktige ser det ut til *den 4de oktober 1896 afholdes høstfest i skytterhuset «Fredheim». Kontingenten for de medlemmer som nyder vin sættes til kr. 0.50. De øvrige betaler kr.0.10.* Vin var visst betre enn punch! Denne festen får ingen etterspel.

Namnet «Fredheim» var etter det mange meinte misvisande. Her var ville festar og da huset til slutt brann ned i 1908 var det mange som meinte at brannen var påsatt av læsarane i bygda som ville ulivnaden til livs.

Men laget bøygde nakkar og valde ein byggekomite med Ole Skuggerud, Knut Landsverk og Ole Stærnes.

Frå desse hektiske feståra før og omkring 1900 vart det no eit roleg tiår ser det ut til. Ofte var årsmøtet det einaste møtet som er referert i møtebøkene, men skytingar hadde dei likevel.

Formenn i laga 1882-1982

Rollag	
1882-1883	Nils H. Landsverk
1884-	L.A. Fløtterud
1885-	Narve Rønningen
1886-	Nils H. Landsverk
1887-1891	K. N. Landsverk
1894-1895	Narve Lind
1897-	Narve Lind
1900-1902	Dr Maarud
1904-	O. Skugrud
1905-1907	Nils Fulsås
1908-1912	Dr. Maarud
1913-1914	Levor Lindås
1915-1916	Ole Høgrud
1817-1918	E. Skugrud
1919-	Ole H. Landsverk
1920-	O. K. Kleiv
1921-	Ole Gundersen
1922-	Ole N. Fulsås
1923-	G.T. Kongsjorden
1924-1925	Ole H. Landsverk
1926.1929	Torstein Kongsjorden
1930-1931	Asle Kvislen
1932-	Torstein Kongsjorden
1933-	Andreas Lind
1934-1936	Per Solberg
1937-1939	Hans N. Tråen
1040-1946	Kittil N. Tråen
1947-	Halvor Prestmoen
1948-	Håkon N. Tråen
1949-	Knut Storemoen
1950-	Olaf N. Fulsås
1951-	Kittil N. Tråen
1952-	Alfred Wiken
1953-	Halvor Kongsjorden
1954-	Ole Kleivedalen
1955-1956	Knut Storemoen
1957-	Hans N. Tråen
1958-	Olav Kongsjorden
1959-	Anton Henriksen
1960-	Gudmund Jaren
1961-	Alfred Wiken
1962-	Nerid Kongsjorden
1963-1964	Hans N. Tråen
1965-	Halvor N. Fulsås
1966-1967	Thorstein Revå
1968-1969	Halvor N. Fulsås

Veggli	
1994-1895	E. Tveiten
1896-1897	O. Fløtterud
1898-	St. Toen
1899-	Besse Haugjorden
1900-	P. Kittilsland
1902-	R. Tveiten
1903	E. Tveiten
1905-1906	K.O. Fjose
1908-	U.K. Hoff
1911-	K. Dokka
1912-1915	E. Bergan
1916-1917	K. Dokka
1918-	P. Jaren
1919-	E. R. Tveiten
1920-	E. Bergan
1921-	T. Haugen
1922-	E. Bergan
1923-	R. Tveiten
1924-	Hellik Lie
1925-	K. Kjemhus
1926-1927	T.R.Tveiten
1928-	S. Helgesplass
1929-	Gullik Holtan
1930-1931	Torleiv Kongsjorden
1932-	Nils Toeneiet
1933-	Torleiv Kongsjorden
1934-	Tollef Tveiten
1935-	Gullik Bergan
1936-	Kittil S. Toen
1940-	Svein Bakke
1945-1947	Erik Bergan
1948-	Gullik Bergan
1949-1950	T.G. Toeneiet
1951-	Gullik Bergan
1952-1953	Knut Helgesplass
1954-1955	Gullik Bergan
1956-	Sigvart Viken
1958-	Torstein Strømmen
1959-	Sigurd Holtan
1960-	Ragnar Tveiten
1961-1962	Gullik Bergan
Protokollane frå 1960 åra er borte for Veggli sin del.	



Frå jubileumsstevnet til Veggli skyttarlag i 1956.



På veg til skyting: Frå v.Torstein Svingen, Ole A. Engen, Per Solberg, Kittil N. Tråen, Torstein Tråen, Hans N. Traaen, Sigurd T. Fulsås, Håkon N. Traaen, Alfred Wiken, Torstein G. Toeneiet, Gullik Fulsås, Knut Helgesplass, Ole Kleivedalen, Ole Gundersen og Erik Haugen.

I 1912 var Levor Linnås (Hanseplassen) vald til formann og dermed aukar aktiviteten att. Saman med Ungdomslaget vart det i 1914 bygd eit etter tida stort forsamlingshus på Landsverk. Huset gjekk under namnet Skyttarhuset, men det offisielle namnet var Leikvang og etter kvart festa det namnet seg.

Og etter 15 års forarbeid vart det bygd ny skyttarbane på Klukkargardens grunn. Banen på «Skyttarberje» var i bruk like til ein flutte all skyting til banen i Veggli i 1960-åra.

Elles er det sparsomt med resultat frå desse åra, men i 1906 står dette: *«Lagets beste skytter O.K. Skuggerud valgtes til æresmedlem for neste aar.»*

Nokon slik æresmedlem finn vi ikkje att før i 1914. Da er det K. Bergseid som var lagets beste skyttar samanlagt på 200 m og 400 m.

I 1915 er Hans Vårviken beste skyttar. I 1915 hadde laget 65 aktive medlemmer med tilsaman 7772 skot.

«Olsokknappen» står det vart vunne av 3 skyttarar i 1. klasse A. Mogen, T. Torsrud og N. Ulvik. To andreklas-singar vann same knappen: O. Eggerud og O.N. Fulsås.

Formannen desse åra, Levor Linnås vann den gjeve vandrepremien i laget, ei stor suppeause i sølv. Programmet for denne vandrepremien var 5 sk stå på 100 m, 5 sk kne på 200 m og 5 sk ligg på 400 m. Denne vandrepremien vart innkjøpt for den samla premiesummen rollingane hadde vunne på samlagstemnet i Hvittingfoss. Levor vann seinare premien til odel og eige.

I åra frå 1914 til 1920 hadde tydelegvis laget eit oppsving trass i verdskrigen som rasa. Det er referert til fleire skytingar i året og den 25/1 1914 står dette: «Skytterlagets tærrenøvelse går søndag 15. mars paa Trihynnfjellet!

Fest og leven

Med auka aktivitet på banen auka fest og basarantalet. Ja, i 1917 starta dei endog opp med kurvauksjon. Det fekk etterspel: I styremøtet mandag 10/4-1916 står det referert:

«Det møtte formann O-K- Kleiv og N-G-Størnes. Der behandlede sak angående dem som var brutale og uordentlige på skytterfesten 9/4. Følgende karer som var ustyrlige og holdt svært høirøstet leven og ståk besluttedes anmeldt til politiet til paaskjønnelse for sine bedrifter.» Så følgjer ei lang liste men namn med sjøl i dag kjente størrelser og etter desse ei ny lang liste med vitner som akkurat denne kvelden såg på. «Ny fest besluttedes ikkje afholdt for ved St Hanstider.»

Karane som var med i jubileumskomiteen i 1982 meinte det var viktig å peike på at styret i laget tok desse opptrinna seriøst og lot uorden få konsekvensar for den einskilde. Dei kjente godt desse som var namngjetne og ville vel at det skulle pyntast litt på! I skriftet frå 1982 står det slik: *”Som ein ser tok skytterlagsledelsen desse opptrinna svært alvorleg og freista verkeleg å få bukt med uroa. Og dette er teke med berre for å vise at det som skjedde i skyttarlagsregi slett ikkje var so lovlaust som mange ville ha det til!”*

Det var likevel ikkje til å unngå at skyttarlaget fekk eit dårleg rykte på bygda. I møteboka til Rollag Landbrukslag vart det eingong drøfta om skyttarlaget rett og slett skulle forbyast på grunn av uroa. Dette vart det ikkje noko av og ein kan saktens spørja kva myndigheit landbrukslaget meinte dei hadde.

Men det dårlege ryktet som skyttarlaget hadde fått var seigлива. For så seint som ut i 1930 åra fekk ikkje elevane ved Folkehøgskulen lov til å gå på skyttarlagsfestane, rektor sa nei! Var det derimot ungdomslaget som hadde festar var det i orden, sjølv om det var dei same ungdomane på desse festane. Men det jamna seg ut etter kvart og sjølv rektoren ved skulen vart medlem i skyttarlaget og deltok i skytinga innan laget.

Kittil N. Tråen skreiv dette om skyttarlagets rykter:

Den fyll og uro som forekom på festane var nok ikkje dei mest aktive skyttarane skuld i. Det var helst andre som møtte opp for å få «adspredelse» og for å treffe folk. Da det ikkje var så mykje elles å ta seg til, vart det å ta seg ein tur på «skyttarberje». Kortspel var vanleg der på «skyttarberje» og det kunne sitte mange «beiter» inne i småskogen og dei sat gjerne til lyse mønnan, og det er mange gamle som enno kan minnast at morgosola kraup nedover mot Klukkargarden, da dei stive og støle rusla ned til storvegen for å finne fram sin bortgjømte sykkel i granskogen.



Sikter: Eldre modell Hagens diopter.



Sikter: Eldre modell Kongsberg.



Sikter: Nyare modell Hagen



Sikter: Schous mikrometersikte



Jøran Rostad (1877-1939)

Dameklasse alt i 1905

Rollag skytterlag arrangerte Kredsskytterstevne over to dagar i 1905. Om lag ein måned etter folkerøystinga om unionsspørsmålet, det vil si ja eller nei til fortsatt union med Sverige. Alle menn over 25 år hadde røysterett fått i 1898, men kvinner fekk ikkje sin rett før 1913. Så her sto halve landets befolkning utan rett til å bestemme landets framtid. Men kvinnene organiserte sin eigen aksjon for å vise at dei støtta unionsoppløysinga. I løpet av to hektiske veker samla dei inn 244 765 underskrifter som vart overlevert statsminister Christian Michelsen. Denne aksjonen blir sett på som viktig og avgjerande for arbeidet mot kvinneleg stemmerett, sjøl om det skulle gå åtte år før det vart realitet. I lys av dette politiske spelet må vi sjå denne Kredsskydningen i Rollag i månadsskiftet september/oktober i 1905.

Den unge Nils Narvesson Fulsås (Nordgarden) var formann i laget frå 1905 til 1907. Og han, med sitt styre vedtok altså å ha ei eiga skyting for kvinner på dette stemnet. Dette skjedde altså i bygda som hyste Fridtjof Nansen sumaren 1905, og ein var gjerne medveten om det politiske spelet rundt unionsoppløysinga og kvinnes strev for å bli høyrd.

Resultat

Udenom programmet kommer som ganske nyt.

Salonskydning for damer 5 skudd 12 meter

1 pr Jøran Rostad, Rollag 21 pt

2 pr Aasne Rostad, Rollag 20 pt

3 pr Sigrid Howlid, Rollag 13 pt

Jøran (1877-1939) vart gift med Narve T. Fulsås (Sørgarden)

Aasne (1887-1938) lever ugift på Storemoen

Sigrid (1888-1979) vart gift med Simen Rostad, bur på Storemoen

Dette er svært interessant, denne vesle bygda er fyrst ute med konkurranse i skyting for kvinner. Legg merke til at kvinner hadde deltatt noko i turn og gymnastik og kunstløp på skeiser alt frå 1880 åra. Men dei hadde ikkje klasser å konkurrere i. Etter kvart kom kvinnene med litt i tennis og svømming, men det var svært lite lagt til rette for kvinner fram til midten av 1920 åra. Arbeidernes idrettsforening (AIF) opna i 1925 opp for mange nye idrettar for kvinner. I dette lyset må kvinneklassa i skyting i Rollag i 1905 sjåast som pioneraktig og framtidsretta. Vi må og ha klart for oss at Eva Nansen som var mykje på Sørkje desse fyrste åra etter 1900 fekk stor respekt i bygda. Ho var, om ho ikke konkurrerte i noko, ei idrettsjente. Frisk, modig og friluftsglad gjekk ho på ski i bukse og var med mannen Fridtjof på jakt. Kan tenkjast at ho gjekk opp løype for kvinnene i bygda. Men mennene rådde, det var dei som sat i styrene og bestemte det heile. Så det at styret i skyttarlaget med Nils Narvesen Fulsås som leiar opna opp for kvinnene dette store året i norsk historie, får stå som eit utropsteikn i norsk idrettshistorie.

Interessant er det også at Jøran som vann denne skytinga er bestemor til aktive skyttarar i dag som Narve Fulsås og Nerid Kongsjorden

Dei som i dag, dersom det er nokon, skulle tvila på moralen i skyttarlaget kan berre ta seg ein tur å sjå. Det finst ikkje ein dråpe alkohol – det er ein saga blott. I dag er det så mange andre tilbod på underholdningsfronten at skyttarlaget og banen vert berre bruka til idrett.

Utover i 20-åra voks aktiviteten og me vågar at den påstanden at det grunnlaget for den gode og humoristiske ånd som har herska i Rollag skyttarlag vart lagt nett i 20-åra. Da meldte det seg inn ein del unge folk som heldt det gåande bortimot 50 år. Mellom dei var Sverre Eggerud, Gullik Fulsås, Sigurd Fulsås, Torstein Kongsjorden, Torstein Hoff, Olaf Fulsås og Andreas Lind.

Som døme på den gode humoren som var med på å bera laget fram da og særleg seinare let me dette protokollutdraget stå. Dei skulle ha dugnad på å bera takstein frå riksvegen og opp på banen. Og om kvelden skulle det vera fest. Dei som *«vilde delta i dansen etterpå og som ikkje hadde deltatt i duvningen, må betale kr 200.-»* (ca 7000 kr i 2018 kroner).

1930 åra vart gode for laget. Det kom stadig nye unge folk som både var ivrige i lagsarbeidet og som vart ypparlege skyttarar, nemnast må: Per Solberg, Håkon, Hans og Kittil Tråen og Torleiv Hoff. Desse og mange andre kom til å dominere skytingane i Numedal skyttarsamlag i mange år framover.

Fleire av desse fekk karriera meir eller mindre øydelagt av krigen i 1940-1945, da fekk dei fem års opphald som nok stoppa utviklinga deira. Det er grunn til å tru at fleire av desse kunne hevda seg godt sjølv i nasjonal samanheng utan dette avbrekket i både treningsarbeid og konkurransar.

Å rekne opp alt som Rollag skyttarlag har vunne av pokal-og lagkonkurransar samt trofe til enkeltskyttarar vil, sjølv om det er interessant nok, berre bli oppramsing.

Men noko skal nemnast. I 1936 arrangerte Rollag samlagsstevnet sjølv. Det deltok 105 skyttarar og 25 frå arr. laget og desse tok 19 gavepremiar. .

Men det var tronge tider så mange måtte la både lyst og ambisjonar fare. Dette såg styret i laget og sak 4 på årsmøtet i 1937 omhandlar dette slik: *«Det blev besluttet å ta 50 øre (18 kr i 2018) i medlemskontingent, men det skal være frivillig. De som ikkje kan betale kan slippe.»*

Elles var det nettopp i desse åra frå 1936 til 1940 at lagets skyttarar herja som verst. Dei drog 20-30 mann på stevner, på open lastebil. Dei reiste i heile samlaget både på bane og feltskytingar. Og dei vann nær sagt det som var å vinne.

På samlagsstevnet i Flesberg i 1937 deltok 30 skyttarar frå Rollag. Sju av dei tok gavepremiar, og Rollag vann lagskytinga og tok dobbeltsiger i mesterskapet. Nr 1 Torstein Kongsjorden og nr 2 Hans N. Tråen.

I 1936 vart Samlaget delt i to kretsar, øvre Krets (frå og med Jondalen og oppover) og nedre Krets som besto av alle dei andre laga. Rollag vann sju år på rad. Og det var så mange som kjempa om plassar på laget at dei hadde uttak heime før kvart øvre Krets stevne.



Øvre Kretsaget til Rollag i 1937. Bak frå v. Torstein Hoff, Hans N. Traaen, Torleiv Kongsjorden, Håkon N. Traaen. Foran frå v Torstein Kongsjorden, Per Solberg og Kittil N. Tråen.



Rollagsskyttarar på stevne i Lyngdal. Framme frå venstre Ole T. Høggerud, Olaf Fulsås, Hans N. Traaen og Håkon N. Tråen. Bak frå venstre Kittil N. Tråen, Gunnar Jaren, Nils Johnsgard og Torstein Kongsjorden.

Skulekretsskytinga

Ein spesialitet som oppsto i 30-åra var ein konkurranse skulekretsane mellom. Desse tevlingane gjekk i mange år og var svært populære. I 1938 deltok heile 102 skyttarar og Landsverk vant med Jørgen Mogen 150 p, Tore Kleiv og Harald Kvislen 143 p, Asle Kvislen 141 p, Knut Storemoen 137, Hans Vårviken og Jakop A. Mogen 135 p. Det ga 140,9 i snitt.

På Landskyttarstevnet i 1938 på Kongsberg gjorde Rollagskyttarane det framifrå, noko dette protokollutdraget viser.

I Landskytterstevnet på Kongsberg deltok det om kring 30 mann frå Rollag og de fleste hevdet sig godt i konkurransen. Tore Fulsås, Kittil N. Tråen og P. Solberg oppnådde toppreslutater og fikk gavepremier og foruten en del sølvpremier ca kr 550,- (kr 18000,- i 2018) i pengepremie.

Det er ikkje farleg å kalle dei 25 åra frå 1930 til 1955 for lagets glansperiode. Vi kan kalle det den fyrste glansperioden, den andre starta om lag 1985.

Det var mange aktive som tok eit hopetal med premiar og det var eit svært godt samhald skyttarane mellom. Den ånd som rådde i laget på denne tida vart lagt merke til av mange utanfor laget og medlemmene innan laget fekk og merke det. Som døme skal nemnast sak nr 3 på årsmøtet 26/12-1948:


O. Gundersen har av styret i laget fått eit lån på kr 100,- på grunn av øyensykdom. Det står nu att kr 68.- på lånet. Det blev enstemmig bestemt at lånet skulle ettergis, da Gundersen bestandig har vært god å be på når laget har vært i beit for arbeidshjelp på banen.

Ole Gundersen vart seinare oppvennt til æresmedlem i laget.

Verdskrigen sette spor.

Mange av dei unge skyttarane som klatra opp fleire nivå på slutten av 1930 åra fekk karriera øydelagt av krigen 1940-1945. Fleire av dei har fortalt dette. Dei haddde gode resultat på Landsskyttarstemnet på Kongsberg i 1938, men så vart det brått slutt i 1940. Kittil N. Tråen var formann ved krigsutbrotet og følgeleg alle krigsåra til 1945 da laget tok opp att aktiviteten. Det han har skrivi i lagsprotokollen er eit stykke norgeshistorie det og. Legg merke til den store aktiviteten laget hadde i vårhalvåret 1940. Her var glød og optimisme, men det vart brått slutt i april.

Og etter fem tunge år skriv den same Kittil i protokollen. Det skal leggjast til at den ammunisjonsbeholdninga laget hadde i 1945 var lagra og gjømt i maurtuer!



som har vært på noen læringskytning
i Røllag.

Det ble også holdt læringskytning
i Kleiv skjærborsdag og her var det
38 skytter. Her ble det for første gang
skutt om lagets vandringspokal, og
Lille Træn vant med 18 p. etter
oppskytning med Torstein og Helge
Langjorden og Håkon Træn.

På vinterstevnet som i år ble holdt
i Jordalene deltok 14 skytter fra
Røllag. Røllag vant også her og fikk
ett napp i den nye pokal over: Hans
Træn og Håkon Træn. Hans Træn ble
stevnets beste skytter og fikk gylt
medalje.

Den 17 mars ble det holdt langrenn
og skytning i Fiskeby med skudd-
skyttelseslag som arrangør. Fra Røllag
deltok flere og fikk ett napp i den gamle
pokal. Laget var representert ved

Frode Tørring, Hans Træn, Knut Thorsen

og Siri Thorsen. Frode Tørring vant også her
og fikk gylt medalje.

Laget hadde innstrickjenskytning i Veggli
og dette kursus hadde samlet mange deltagere.
Ofter kursus som varer tre søndager. De
ble holdt møte med skyttere i Veggli og
laget ble gjenreist.

Laget fikk også bevilget en del bidrag
til innstrickjenskytning. H. a. av Røllag
Handelslag, Røllag Ungdomslag og Røllag
og Veggli Kommune.

Om disse bidrag er det bare av Håndels-
laget vi har mottatt beløpet kr. 270.

Det ble gitt gratis ammunisjon til ny-
begyndere ved læringskytningene og det ble
holdt ett kursus ved (Lukkrang) Torsvik som
hadde samlet mange deltagere.

Her under skytterlagets virksomhet i 1940
og hvor fremtiden vil bringe en enda
mer til innvinn.

Lille Træn

År 1945

I juni er der et stort skifte i
skytterlaget. Det har på denne tid
ikke været nogen virksomhed, og
det styre som ble valgt i 1940 er
blevt stående. De franske kom ble
det klynget at skytterskabet skulde
fortsatte som før og skytterlagene skulde
holde møder og udge sine samfund-
smener. En af de største vanskeligheder
blev vel geværprismålet da jo
nesten alle geværer ble leveret eller
redde fra tyskerne, men som bestem-
melse om dette er endda ikke
kommet. Leiekontrakten for skytter-
banen er holdt vedlige og løsen er
betalt med kr. 10 pr. år eller midlert-
tidig overenskomst med grænseren.
Følger er vel en af de få lag
i samlaget som kan spille i
lagskyttinger med de samme
skytter som de havde før krigen.

Det er bare 3-4 av lagets med-
lemmer som har været i H. I
men da den bare var en første
og anden klasse blev det ikke noe
løp for laget. Skytterlaget hadde
en hel del ammunisjon laget under
krigen da de overtok beholdningen av
P. Gjendik som var forhandler
av ammunisjon for Hæren. Det
helt hadde en verdi av 4-500 kr.
Det ønske av dette ble godt opbevart
så den er brukbar, men en del
junior patroner ble ødelagt.

Til Hænsproben er levert en
hel del for ca. 250 kr. som vil bli
betalt når tiden kommer.

De fleste av lagets medlemmer var
med i Hænsproben og mange
av skytterne hadde mye med Hæns-
probenarbeidet og gjorde

Lagets kassabeholdning ca. 251.42

Littell H. Tjønne



Selskantlaget til Numedal på femtitallet. Her er tre frå Øvre Krets med. Frå v. Thorstein Revå, Uvdal, seinare Rollag og Veggli, Hans N. Traaen, Halvor Kongsjorden, Hans J. Teigen og Severin Braatthen.

Etterkrigstida

Etter krigen fortsatte den gode ånden og det gode drivet i laget nokre år. Laget vann framleis lagskytingar, men det er lett å sjå av protokollane at breidda i laget vart meir og meir borte. Likevel er dette protokollutdraget frå 1947 av det positive slaget:

På samlagsstevnet i Jondalen deltok 36 mann frå Rollag. Rollag vann lagskytinga og fikk nå anden aksje i lagpokalen. Disse representerte laget: Halvor Kongsjorden, Halvor Prestmoen, Hans N. Tråen. Torstein Kongsjorden og Per Solberg. Halvor Kongsjorden fikk et napp i Trondsens vandremedalje som beste lagskytter med 82 p. Disse fikk gavepremie: Torleiv Kongsjorden, Halvor Prestmoen, Hans N. Tråen, Kittil N. Tråen, Håkon N. Tråen, Gullik Fulsås, Nils Johnsgård, Olaf Ulvik og Olaf N. Fulsås.

Her skal vi ta med eit referat frå 65 års jubileet for å syna at laget og visste å heidle sine mange slitarar. Referatet kan og stå som eksempel på godt sekretærarbeid:

Den 14 februar 1948 arrangerte Rollag skytterlag 65 års jubileumsfest i Folkets hus. Det var møtt fram ca 170 festdeltakere. De gamle formenn i laget var inbedt som æresgjester. Den store sal var festlig pyntet og fult besatt da festkomiteens formann Hans N. Traaen åpnet festen og ønsket velkommen. Skytterlagets formann Haakon N. Traaen gav ett tverrsnitt av lagets historie fra 1882 og fram til i dag. Redaktør Bj. Hoff gav i et bredt anlagt foredrag et utdrag av det friillige skyttervesens historie: Formanni Rollag skytterlag i 1914 og 1915. Levor Lindås fra Barkåker skildret i et ypperlig kåseri de gamle skyttere i laget, og livet og arbeidsforholdene for skytterlaget før den første verdenskrig. To av lagets mest trofaste og interesserte skyttere Torstein G. Kongsjorden og Ole Gundersen blev tildelt lagets fortjenetsemdalje for lang og trofast arbeide for skyttersaken i almindelighet og Rollag skytterlag i særdeleshet. Halvor Prestmoen overrakte disse utmerkelsene, i det han i velvalgte ord gav uttrykk for lagets takknemlighet for hvad disse hederskarer har nedlagt av uegennyttig arbeid for Rollag skytterlags framgang og trivsel. Festdeltakerne blev bevertet med varm suppe og



Vanleg forpakning av skyttarlagspatroner på 1930 talet.



Limboks i grava på 300 m gamlebanen i Rollag.



Trapp opp til standplassen på gamlebanen i Rollag.

lefsekling og etterpå kaffe og småkaker. Halvor Prestmoen takket for maten. Salen blev ryddet til dans og gamle og unge fikk seg en svingom, Musikken blev besørget av Sverre Eggerud, Ole Bråten og Andres Mogen som spilte harddingfeler og Gudmund Jaren, trekspill. Det hersket en enestående ro og orden under hele festen som tjener Rollingene til stor ære. Haakon N. Traaen

Utdrag frå protokollen frå 1956:

Rollag skytterlag hjalp Veggli skytterlag med avviklinga av lagets 50 års jubileumsstevne. Sverre Eggerud, Halvor Nilsen Fulsås og Knut Storemoen vat gavepremier. Halvor Kongsjorden vant andre mesterskap. Rollag skytterlag vant lagskytingen representert med Halvor Kongsjorden 96 p, Hans N.Tråen 92 p og Knut Storemoen 89 p. til sammen 277 p. Det er så vidt en vet Norgesrekord. Skytingen foregik på 1 m skive med 10 sk i 3 stillinger.

Men som nevnt, aktiviteten fall nokså drastisk etter kvart og i året 1961 skriv Torstein Lid dette: *Elles vil ein ikkje slutte oversikta utan å nevna at interessa synes å vera minkande og arbeidet fell tyngre når det er dårleg frammøte til skytingane.*

Skulekretsskytinga som hadde vore så populær vart halde for siste gong i 1960. Da vann Prestmoen. Ikkje overraskande for Halvor Kongsjorden hadde for lengst flutt heimatt til Rollag og Halvor Prestmoen hadde ei mengd store resultat frå 1950 talet og utover. Og i Fulsåsgrenda aula det med gode skyttarar. Halvor Kongsjorden som vart verdsmeister i 1939 for Oslo Østre meldte seg inn i Rollag skyttarlag frå og med 1950.

Nye namn elles frå 1950 talet er, Alfred Wiken, Anton Henriksen, Kittil Haugen, Torstein Lid, Jan Narve Kongsjorden og broren Nerid. Reidar T. Tveiten (Ruud), Halvor Nilsen Fulsås, Reidar Lind og Oskar Mogen. Desse tok mange premiar i denne overgangsperioden 1950-1960 talet.

Halvor Nilsen Fulsås er vel den som har lengste karriere i laget, og var i 1982 ein av dei mest aktive og ivrige i laget. Sjå eigen omtale av Halvor.

1960 åra skal forbigåast kanskje stille. Men det skal nemnast at Thorstein Revå frå Uvdal meldte seg inn i laget og vart etter kvart formann i laget.

I dei same 60 åra arrangerte laget ein del stevner og lagsmedlemmer som Johan Stensrud og Olav Kongsjorden deltok på stevne som langrenn med skyting. Det som seinare vart skiskyting.

Alt i 1953 hadde Rollag og Veggli skyttarlag felles styremøte. Der vart ein enige om at begge laga skulle gå saman om å bruke skyttarbaken på Dusterud i Veggli. Og frå 1954 av byrja Rollag bruke Vegglibanen som sin til større stevner. 300 meteren i Rollag var dårleg og laget sto overfor eit val, utbetre den anlegget på Klukkargarden eller gå saman med Veggli. Så sette Gladheim opp ein pokal som skyttarar bår i Veggli og Rollag skulle tevla om.

Så grunnen var grundig beredt for å slå saman laga. Og da det skjedde i 1970 fall det heilt naturleg. Eit lykkeleg giftemål med andre ord.

Veggli Skytterlag

I følge boka «Skyttersaken i Noreg» vart Veggli skytterlag skipa i 1894. Da vart i alle fall fyrste årsmeldinga sendt, men det er grunn til å tru at også laget i Veggli hadde vore i drift før det. Likevel merkeleg at Veggli skytterlag hadde 60 års jubileumsstevne i 1956.

Laget hadde frå starten og til etter krigen bane på Dusterud med 100 m, 200 m, og 400 m. Etter krigen vart standplassen flutt litt lenger vest til der han låg inntil siste ombygging i 1993.

Møtebøkene til Veggli skytterlag maglar diverre, det fråtek oss for innsyn i den tidlege perioden. Men det finst ei kassabok frå 1912 og framover. Denne avslørar god aktivitet i laget ikkje minst ser vi kva bygging av skyttarhuset kostar. Det vart innvigd den 12/7-1914 med stor fest. Kristoffer Bråten spela fele på festen og fekk kr 10 for jobben. Skyttarhuset låg på Sebjørn Helgesplass sin grunn og han mottok ei årleg leige på kr 1. (57 kr i 2018).



Skyttarar frå Rollag og Veggli på stevne, truleg i Lyngdal. Bak frå v. Kittil N. Tråen, Gunnar Jaren, Nils Johnsgard, Torleiv Kongsjorden. Framme frå v. Ole T. Høgrud, Olaf K. Fulsås, Hans N. Traaen og Håkon. N. Traaen.

Denne leiga må i høgste grad kunne kallast symbolsk og fortel om stor interesse for skyttarsaka av grunneigaren.

Og nettopp skyttarhuset skulle bli eit kulturbygg i Veggli. Her var festar, men og konsertar og mange av dei meste mset kjende spelemenn i landet hadde konsertar her. Ikkje minst Veggli sin eigen store spelemann. Torstein Tveiten (Rud) var formann i Veggli skyttalag omkrin 1918. Og han fortalde at laget hadde dansefest ein gong i hans formannstid. Utpå kvelden kom Steinar Gladheim med feleskrinet under armen og Torstein fortel: *Da tenkte e som so, e hadde aldr hørt Steinar spela til dans og no fekk e sjansen. E spurde om han konna tenkje se te o spela litt te dans. Jøu Steinar ville med ein gong. Han sette se på scenen te o spela og folk dansa. Men alle vart so tikne tå musikken at snart so sette folk seg på benkji og på golv. Der sat Steinar o spela like til kl sju om morgonn utan o spela opatt ein einaste slått.*

Ein anna gong var det ein omreisande tryllekunstnar som hadde forestilling på skyttarhuset.. Han leigde huset av skyttarlaget. Guri Helgesplass fekk kr 6,- for å vaske etter tryllekunstnaren. . Leigeinntektene gjekk til drift av laget, i tillegg til mat og sigarsalg! Til matsalet vart det forøvrig baka heime, for ein post lyder slik:

Innkjøpt mjølk, gjær og smør til seks julekaker kr 2.-

Bagning av 6 julekaker kr 3.-

I tillegg til desse inntektene måtte det nok ein stor frivillig innsats til for at endar skulle møtast. For laget hadde stor gjeld på huset, så renter og avdrag på lån var dei store utgiftspostane. Så da ungdomslaget bygde sitt nye hus

i Veggli sentrum vart skyttarhuset mindre bruka. Så ein gong i 1930-åra vart huset seld til neddriving. Dermed var ein historisk periode over. Skyttarhuset som det store forsamlingshuset vart borte. Og særleg i anleggstida på tjugetalet var aktiviteten stor.

Elles hadde Veggli skyttarlag mange skytingar, blant anna pokalskyting mellom Veggli, Nore og Uvdal. Likedan var det ein pokal mellom Rollag og Veggli utan at det finst resultat å vise til.

1930-åra var magre for Veggli skyttarlag og om det tok seg litt opp rundt 1939 og 1940 så sette jo Hitler ein stoppar for det.

Men den 25/5-1945 vart det halde ekstraordinær generalforsamling og laget fekk ein kveik med Erik L. Bergan som formann. Interesse var stor etter dei fem krigsåra i dvale og interesse for skyttarsaka voks raskt. Ganske fort hadde Veggli 113 medlemar. Dei måtte nærmast starte på nytt att, laget hadde lite pengar, banen var attgrodd og det vart bestemt at alle som kunne, skulle møte på banen med øks!

100 meteren vart rydda fyrst, og her vart det halde mange premieskytingar med engelske militærrifler. Resultata var visstnok saman med riflene svært svake. Vegglingane hadde pliktskyldigst levert inn sine gode kragar og ikkje fått det att. I alt 25 kragar vart innlevert frå Veggli.

Det vart sett i gang eit stort arbeid med å rehabilitere skyttarbanen. Erik Bergan jobba gratis i vekesvis for å få det til. Erik var ei drivkraft og fekk med seg folk til dugnadsarbeid. Det vart nye graver på 100 m, 200 m og 300 meter.

Etter kvart fekk banen eit moderne preg og dei byrja ta på seg større stevner. Og dei byrja samarbeid med Rollag om nettopp det å arrangere større stevner.

I 1949 tok Gullik Holtan initiativ til ein pokalkonkurranse med Stjernen skyttarlag i Eggedal. Fyrste stevnet vart halde på Vardefjell skjærtorsdag 1949 og vart halde kvart år like til 2010. Vardefjellmedalja i gull og sølv kunne vinnast berre ein gong. Denne medalja vart gjev etter kvart.

Etter kvart flutte ein skytinga til isen på Mjovass og seinare til Gamleseterdalen. I tillegg vart det ein sommar-konkurranse av det også. Men særleg påskeskytinga var ein folkefest kvart år.

Stjernen var vel dei beste jamt over i feltskytinga, men på banen var laga meir jamngode. Det fine med denne Stjernenskytinga var at her møtte mange opp om dei ikkje var så aktive elles i året. Slik sett var dette eit fint tilbod til «alle».

Veggli skytterlag hadde og fast tradisjon med terrengskyting ved Markevatn i Vergjedalen. Her var mange unge med etter kvart som dei voks til, og mange la grunnlaget sitt her ved Markevatn

Om skyttarar frå Veggli deltok mykje ute i riktig gamle dagar veit vi lite om diverre. Men etter krigen fekk Veggli ein del gode skyttarar som rett ofte hevda seg godt. Nokre namn må nemnast. O A Engen, Torstein G. Toeneiet og skiskytteren Ragnar Tveiten. Likedan oppnådde Sigurd Holtan mange gode resultat. Halvor Gladheim og svogeren hans Birger Øverby var særleg gode i feltskyting.

Men eit lag blir ikkje godt utan gode støttespelarar, og mange er dei i Veggli som alltid var der. Knut Helgesplass må nemnast, han var alltid fyrstemann på plass når det skulle haldast stevner i Veggli. Lengst formannstid i Veggli har Gullik Bergan med 7 år og elles har han vel hatt alle dei tillitsverv ein kan ha i eit skyttarlag. Faren Engebretth Bergan hadde seks formannsår, og for sin innstas fekk han ei stor sølvskei som takk frå laget. Når vi så tek med Birger Bergan som er barnebarnet til Engebretth og som har vore aktiv skyttar og formann i laget, så ser vi at skyting og skyttarsport er ofte knytt til familiar.

Her er nokre utdrag frå ei av dei få møtebøkene vi har frå Veggli skyttarlag.

Styremøte 27/2 1927

Sak 1 Referertes skrivelse frå Veggli Arbeiderparti om leie av 2 rum på Skytterhuset til at indøve et skuespill. Enstemmig besluttet at de skal faa kjøkkenet og kontoret for en samlet pris paa kr 20.00 på de betingelser at arbeiderpartiet skal holde seg med ved og lys. Mødet hevet



Gamlebanen i Rollag. Frå v. ukjent, Torstein G. Toeneiet og Ole A Engen. Huset i bakgrunnene vart flutt til banen i Veggli på 1970 talet.



Veggli skyttarar samla på Markevatn i Vergjedalen. Dei hadde ofte terrengskyting der inne. Mange kjente og ukjente. Men Ole A Engen skiller seg ut, han raga over alle andre.



Veggli skyttarlag sitt 60-års jubileumsstemne.



Premiesamlinga til jubileumsstemnet blei stilt ut i vindauga på Veggli Handelsforening.



Gullik Bergan sine medaljer og merker. Gullik var av dei mest trufaste medhjelparar laget hadde.



Pokal vunne på jubileumsstevnet av Gullik Bergan.



Lagpokal frå Øvre krets vunne av Veggli skyttarlag. Den vart så sett opp att innan laget og Gullik Bergan vann han til odel og eige.



Innbydelse til jubileumsstevnet.



Tre Veggli skyttarar på Ruarjordet. Gullik Bergan til høgre.

Generalforsamling 30/3-1930

Efter en del diskusjon blev det bestemt at styret i laget skal efter beste evne forsøke at faa bedere orden paa festerne og da særlig faa gjord ende paa den gauketrafik som har regjert der i den siste tid. Og i det hele faa et skytterlag til gavn og glæde for bygden.

Om protokollane frå Veggli delvis manglar og er noko mangelfullt ført, har dei den store fordel framfor Rol-lag-protokollane at like til 1964 er innført resultat frå ulike skytingar. Som eksempel:

Veggli skytterlags vandremedaljer.

Om medaljer i 3. klasse skydes 10 skudd 400 m (3 stå, 3 kne og 4 ligg)

Om medaljer i 2. klasse skydes 10 skudd 200 m (3 stå, 3 kne og 4 ligg)

Om medaljer 1. klasse skydes 20 skudd 100 m (3 stå, 3 kne og 4 ligg)

Medaljene er vunnet til odel og eige

3. klasse

1925 G.P. Jaren

1926 Th R Tveiten

1927 G.P. Jaren

1929 Tosten Tveiten

1931 TH. T. Tveiten

2. klasse

1924 O.K. Tveiten

1925 T.P. Øustrud

1926 O.K. Tveiten

1927 O.K. Tveiten

1929 Erling Bjørkheim

1930 Torleiv Kongsjorden

1931 Tollef R. Tveiten

1932 T. Kongsjorden

1. klasse

1925 T. Kongsjorden

1926 E. Bjørkheim

1927 T. Kongsjorden

1929 T. Kongsjorden

1930 T. Kongsjorden

1931 Kittil S. Toen

1932 Gullik Bergan

1933 Gullik Bergan

1935 Svein Bakke

2. og 3. klasse

1933 Kittil S. Toen

1935 T. Kongsjorden

Veggli skytterlags vandrepremie

Premien skal vinnes 2 gange. Innskudd kr 1. Om vandrepremier skal skytes 15 skudd (3 sk stå 100 m, 5 sk kne, 200 m og 5 sk ligg 400 m.)

Premier er i

1930 vunnet av Torleiv Kongsjorden 130 p

1931 vunnet av Tollef R. Tveiten 131 p

1932 vunnet av Torleiv Kongsjorden til odel og eie

Klassemedaljer

1951

1. kl Torstein Svingen

2. kl Knut Helgesplass

3. kl Torstein G. Toeneiet

1952

1. kl Gullik Holtan

2. kl Arne Holtan

3. kl Ole A. Engen

Sommerpokalen mellom Veggli og Stjernen

1949 Veggli

1950 Veggli

1951 Stjernen

1952 Stjernen

1953 Veggli

1954 Stjernen

1955 Stjernen

1956 Stjernen (til odel og eige)

Vardefjellpokalen

Oppsatt i 1949

2 skyttere fra hver klasse

1949 Veggli

1950-51-52-53-54 Stjernen til odel og eige

Nye reglar. Stjernen 10 skyttarar og Veggli 5 skyttarar

1955-56-57-58-59 Stjernen til odel og eige

Nye reglar: Stjernen 8 skyttarar, Veggli fem skyttarar

1960-61-62-63-64, Veggli til odel og eige.

Kretspokalen

Oppsatt innen laget

3. og 4. klasse: 5 sk i hver stillig på 300 m

2. klasse: 2x5 sk kne og 1 x 5 sk ligg 300 m

1. klasse: 1x5 sk kne og 2 x 5 sk ligg 300 m

1955 Gullik Holtan 121 p

1956 Gullik Holtan 126 p

1957 Gullik Holtan 117 p

1958 Ole A. Engen 126 p

1959 Ragnar Tveiten 126 p

1960 Ole A. Engen 132 p

Gullik Bergan 127 p

Gullik Bergan 126 p til odel og eige

Vinterpokal 18 sk

1946 Sigvart Viken

1947 Gullik Holtan

1948 Kittil Haugen

1949 Gullik Holtan

1950 Torstein G. Toeneiet

1951 Torstein G. Toeneiet

1952 Tortsein G. Toeneiet til odel og eige

1954 Knut Helgesplass 15 fig

1955 Torstein G. Toeneiet 15 fig

1956 Sigurd Holtan 15 fig

1857 Gullik Bergan 13 fig

1958 Sigurd Holtan 13 fig

1959 Sigurd Holtan 14 fig, til odel og eige

1960 Knut Bergan 15 fig

1961 Knut Bergan 14 fig

1962 Ragnar Tveiten 16 fig

1963 Knut Bergan 15 fig, til odel og eige

Numedal Skyttarsamlags pokal

15 sk pluss grunnlag (respit: 1.kl 25 p. 2.kl 15 p. 3 kl 5 p)

1960 Ole A. Engen 206 p

1961 Ragnar Tveiten 201 p

1962 Torstein Toeneiet 195 p

1963 Sigurd Holtan 220 p

1964 Knut Helgesplass 204 p



Vegglskyttarar på veg til Stjernenskytinga i Eggedal. Frå v. Torleiv Haugen, Petter Tveiten, Knut Bergan, Knut Stryse, Ole A. Engen, Sigurd Holtan, Tørstein G. Tøeneiet, Knut Helgesplass, Gullik Holtan, Gullik Bergan og Erik Haugen.

Lotterisaka til Veggli skytterlag

I 1923 ville styret i Veggli skytterlag prøve å få til eit lotteri for å styrke økonomien i laget. Formannen Torstein Tveiten (Rud) skreiv dette brevet:

Ansøgning
Undertegnede andrager herved paa Veggli skytterlags vegne om tilladelse til at avholde en utlodning. Skytterlaget har ikke tidligere hatt tillatelse til utlodning. Nettooverskuddet skal benyttes til dækkelse av gjæld som Veggli skytterlag har paa sit lokale. Vi andrager om at faa sælge 4.500 lodder a kr 0,50. Loddsalget agtes paabegynt i Rollag og Veggli herreder, men maa vi faa tilladelse til at sælge lodder indenfor Kongsberg politimesterdistrikt. Trækning agtes avholdt senest 8 maaneder efterat tilladelse er git.
Paa Veggli skytterlags vegne, Torstein R. Tveiten

Gevinstfortegnelse	
1 Indian Motorcykle	kr 2,500.-
1 Herrecykel	kr 265.-
1 Damecykel	kr 275.
1 Plyschmøblement	kr 400.-
1 Kurvstol	kr 125.-
1 Komode	kr 90.-
1 Gyngestol	kr 95.-
1 Spisebod	kr 85.-
1 Kurvbord	kr 55.-
1 Maleri	kr 35.-
1 Kurvstol	kr 50.-
1 Bergans rygsæk	<u>kr 50.-</u>

Men det skulle bli vanskeleg, ein snakkar mykje om reguleringar og pålegg/påbod i dag, men det å få lov til å ha eit lotteri til inntekt for laget i 1923 viste seg å vera svært vanskeleg.

Her er brev frå Politimesterenfebruar 1923:
Justisdepeartementet har paany innskjærpet at der skal utvises forsiktighet ved meddelelse av lotteritillatelser. Det har nu gjentagende her i distriktet hendt, at gitte lottertilatelser ikke har kunnet gjennomføres efter planen, saaledes at der maa søkes om utsettels med trekningen eller reduksjon av gevinstene. Saavel av denne grunn som fordi der i fjor i Nore blev startet et temmelig stort lotteri der endnu ikke er avsluttet finner jeg ikke aa kunne tillate lotteriet efter den foreliggende plan. I det lotteriet synes for stort anlagt og maa forutsees ikke aa kunne gjennomføres. Skal nærværende lotterikunne paaregnes tillatt herfra, maa gevinstenes antal betydelig reduceres f.eks til halvdparten av den anførte verdi.

Talet på gevinstar vart så redusert. Alle tre syklane var tekne bort, både dei uten motor og den med. Og så vart lotteriet godkjent ser det ut til, med ein redusert premieverdi stor kr 965,- mot kr 4005,- i opprinneleg verdi.

Det skal ikkje vera lett!



Vegglingar samla om ein Indian motorsykkel. Frå v Ole K Tveiten, Simen Svingen, Olaf Tveiten ved styret Torstein Mykstu, ukj, ukj, ukj, Olaf Aanerud.

Ragnar Tveiten

Ragnar Tveiten fortener nokon ord. Han vart født i Nattestad i Veggli, 1938, i nærkontakt med skog og natur. Som yngst av tre brør framheldt han brørne som læremeistarar på fleire område ikkje mints når det gjeld fangs og jakt.

Ja Ragnar går langt i å gi oppveksten skylda for den seinare idrettskarriera. Hardt arbeid i tidleg alder, mykje gange i skog og mark og ikkje minst all skytinga.

Allsidig trening fekk han, og da han vann 30 km på rekruttskulen forsto han og andre at han hadde noko som dei færraste har, naturleg talent.

Han hadde tidleg hagle i kaliber 20 med messinghylser. Av broren Reidar lærde han å lade ikønnpatroner. Ein vinter skaut han 130 ikønнар, preparerte skinna og selde på Marken. Han fekk mellom 3,50 og 4 kroner skinnet. Så du forstår han tente gode pengar.

I Veggli skytterlag var han aktiv sammen med brørne og mange naboar. Han blei også valgt inn som kasserar i ung alder. Etter militæret fekk han eit vikariat som politibetjent i Drammen. Heilt utan erfaring vart han sendt på gatepatruljering mutters åleine. Det gjekk bra, men meiner det var uforsvarleg. Fyrst året etter byrja han på politiskulen i Oslo. Da starta langrennstreninga for alvor og han kom raskt inn på landslaget i skiskyting. Skytetreninga skjøtta han godt i Bærums sportskytterlag. Han er vel mest åleine om å trene seg som skiskytter med miniatyrskyting. Han hevda seg godt i disiplinen og tok medalje i NM på 60 skudd ligg.

Som skiskytter var han med i OPIL (Oslopolitiets idrettslag). Men heile tida var han medlem i Veggli skytterlag. Dermed gjekk han også NM-stafettane til Numedal skyttersamlag. Ein stafett han saman med Hovdabrørne vann sju gonger på rad.

I 1972 flutte han til Kongsberg og meldte seg inn i Kongsberg skyttarlag. Der deltok han på Østlandscuplaget i fleire år. Eit år skaut han kvartmatch på den gamle Ekerbanen, tuleg var det sekskant eller Vestfold/Numedal-konkurransen. Det hugsar han ikkje riktig, men poengsummen hugsar han, 295 poeng. Eit svimlande resultat så tidleg. Han la opp som skyttar nokså tidleg, men har heile tida fylgd med sitt gamle lag og registrert framgangen både laget og enkeltskyttarar har hatt. Og som ein av verdas beste skiskytterar veit han å vurdere sportslege prestasjonar.



Kruttvekt. Dei kalla kruttet for kru, så dette vart ei kruvekt. Vanleg motvekt var ein tøring og ein knall.

Vanleg forpakning med skyttarlagskrutt frå 1950 talet.



100-pakning kuler av dei mest vanleg bruka.



Ask med tennbetter. Tennbettene var kalla knallperlur i fleirtal og knall i eintal.



Verktøy til å ta ut tennbetter med.



«Nedlagt»

I ein protokoll står eit referat frå 17. mars 1940:

Søndag 17 mars 1940 var det sammenkalt møte på Veggli Ungdomslokale for behandling av å gjenreise skytterlaget i Veggli, som i de 2 siste år har vært nedlagt. Det møtte ca 17 mann som var interessert i å få laget i gang igjen. Disse var følgende: Svein Bakke, Ole Bergan. Halvor Bergan, Gullik Bergan, Gullik Holtan, Sigvart Viken, Alfred Viken, Oskar Viken, Karl Karlsen, Sebjørn Stryse, Arne Helgesplass, Gunnar Mykstu, Halvor Bjerkgården, Halvor Bakke, Olav Bjerkgården, Halvor O. Fjose, Gunnar Jahren. Det blev besluttet at medlemskontingenten skulde være kr, 1.- pr år.

Dei meinte vel at kontingenten hadde å si for medlemstalet. Så blei styret konstituert fem dagar etter den 22. mars. Men om laget og eldsjelene hadde sterke ønske om å gjenreise laget sitt så gjekk det berre ei veke før verdskrigen starta. Da blir det stille i protokollen.

Etter krigen vart laget reetablert som det står og folk vart vald inn i funksjonar på nytt. Det store spørsmålet var no, korleis ser det ut på banen?

Banen hadde ikkje vore bruka sidan 1937 og ein foretok ei befaring. Det står: *Den 29 mai 1945 holdtes styremøte i Veggli skytterlag på Skogheim efter endt befaring på skytterbanen «Dusterud».*

Efter befaring av banen viste denne sig helt ubrukelig som den var. Banen blev ryddet for trær og kvist frem til 100 meteren. Denne blev bestemt til å utvides til 8 skiver mot nu 3. 200 meteren blev der bestemt ikke å gjøre noget med foreløpig, da denne avstand ikke blir brukt i ordinære konkurranser. Videre blev det bestemt å anlegge en 300 meter med 10 skiver. Under befaringen blev det bestemt hvor den skulde være. Efter Kongsjordens utsagn burde denne være på 10 skiver, minimum, da vi ellers ikke kan få avviklet et stort stevne på rimelig tid.

400 meteren blev bestemt å utvides til 3 skiver. Her må også dekkmuren gjenopbygges da den var falt ned. Alt trevirke til skivene må nytt på alle avstander. Det blev videre bestemt å bygge et foreløpig skur, det gamle var falt ned, til redskaper, skiver etc. Videre blev det bestemt å gå til innkjøp av diverse skiver etc. Erik Bergan hadde siden siste møte 25/5 tegnet 51 medlemmer og Gullik Holtan 8.

Til å arbeide på banen skulle Kongsjorden undersøke å få en del nazifanger fra Rollag Fylkesskole.

Og iveren var stor etter fem års krig. Folk møtte opp og drivkrafta Erik L Bergan leida det heile. Ja det vart sagt han bruka seg sjøl ganske intenst på gjenopprettinga. Så no skjer alt fort: *Alt den 17/6 hadde skytterlaget skyting på Dusterud skytebane som nu blir å anlegge helt ny med standplass nærmere veien. Det var fremmøtt 44 stk som skjøt grunnlaget på 100 meter. Det blev brukt engelske rifler så skyteprestasjonene var i forhold til riflene, svake.*

Og så den 1. juli 1945: *På Dusterud holdtes uttagningsskyting til gruppeskyting på Kongsberg 8. juli, innen gruppe 16121. Det var uttatt 15 mann til lagingskytingen. Fra Veggli blev uttatt 2 mann, Olav Kongsjorden og Kittil Haugen.*

Instruksjonsskytingen som Halvor Kongsjorden forestod, var viet stor interesse idet 30-40 ungdommer deltok her. Det blev kun skutt på 100 meter. Det var fremgang å spore på skyteferdighetene.

9. juli står dette i protokollen: *Den 9. juli holdtes styremøte på Veggli Meieri hvor det var fremmøtt følgende: Olav Kongsjorden, Gullik Holtan, Sigvart Viken og Egil Nielsen.*

Sak 1 Skytestevne 15. juli

Det blev bestemt at Rollag skulde innbydes til lagskyting på Dusterud, 10 mann på hvert lag. Det skytes klasseskyting etter grunnlag med en omgang.

Så langt om det opprinnelege Veggli skytterlag. Men her er eit utdrag frå årsmøtereferatet til Veggli 27/12-1969:

Sak 1 Sammenlåing av Rollag skytterlag og Veggli skytterlag

Sammenslåingen ble drøftet og ble enstemmig vedtatt på årsmøtet. Navnet på laget etter sammenslåingen ble foreslått til Rollag og Veggli skytterlag. Verdiansettelsen på Rollag sk.lags ½ part i lokalet Leikvang ble drøftet og Veggli skytterlag




Terrenghyskyting.



Torstein Kleivedalen ber opp furua som skal bli flaggstang på skyttarbanen. Ikkje rart i han fekk ryggplager etterkvart.

godtar at verdien av denne ½ part ble satt til 15.000 kroner. Differensen mellom lagenes kontantbeholdning trekkes ut av regnskapet ved sammenlåing av lagene.

Opplest og vedtatt. Halvor Gladheim, Ragnvald Mykstu, Peter Tveiten, Gullik Holtan, Torstein G. Toeneiet, Erik Haugen, Sigurd Holtan.



Norges skyttere i ord og bilder.

Kulturforlaget ga i 1954 ut «Norges skyttere i ord og bilder» i tre bind. Her blei alle skyttarlag med aktive skyttarar gitt plass. Redaktør var olympiamester Willy Røgeberg saman med Mauritz Amundsen, Per Jorsett og Rolf Bøe. Alle tre banda har innlei­dingsvis skyttarfagleg stoff i artiklar. Her er også sjølbigrifiar av kjente skyttarar, blant andre har Halvor Kongsjordene ein artikkel han kalla «Fritt gevær». Bøkene vart populære og var å finne hjå skyttarar flest. Rollag og Veggli skyttarlag har alle tre banda i arkivet sitt. Og nedanfor ser du lagsomtale og portrett av kvar einskild av «våre».

ROLLAG SKYTTERLAG

Rollag skytterlag ble stiftet i 1882. Første formann var K. N. Landsverk. Laget må betegnes som et godt lag. Medlemsstallet har variert en del, fra 30-40 medlemmer helt opp til 116. Nå er det 94 aktive medlemmer. Laget har alltid hatt mange gode skyttere, som har hevdet seg godt på skytterstevner rundt omkring, og fra gamle dager må navn som Hans Wårviken og O. K. Skuggerud nevnes. Kretskonkurransen i øvre krets av Numedal skyttersamslag har Rollag vunnet 6 år på rad og tatt to lappokaler til odel og eie. Likedan har det i de senere år 4 ganger vunnet lag-skytingen under samlagsstevnet og tatt en lappokal til odel og eie.

Det må også nevnes at innen skytterlaget er det et enestående godt kameratskap, og samarbeidet i laget har alltid vært det aller beste.

NUMEDAL SKYTTERSAMLAG



O. Bergseid S. Eggerud G. K. Fulsås



O. N. Fulsås S. T. Fulsås T. Fulsås



H. N. Fulsås N. Fulsås O. K. Fulsås



O. Gundersen Torleif Hoff Kittil Hållang



Gudmund Jaren Gunnar Jaren Per G. Jaren



Nils Johnsgård Einar Kleiv Ola Kleivedalen



H. Kongsjorden T. G. Kongsjorden Asle Kvislen



Halvor Nilsen H. Prestmoen T. Kravik



Andreas Lind Jørgen Mogen Kittil Mogen



Per Solberg K. Storemoen Hans N. Traaen



H. N. Traaen Kittil N. Tråen T. N. Tråen



A. Wiken H. E. Wårviken Johan Stensrud



Olaf Ulvik

VEGGLI SKYTTERLAG

Vi vet dessverre ikke når laget ble stiftet, og heller ikke hvem var med på det, da de eldste protokollene forsvant under krigen. I dag har laget 40 medlemmer, hvorav 5 skyter i kl. 3, 9 i kl. 2, og det er 10 30-skuddsskyttere. I alt er 18 geværer i bruk.

Laget har egen skytterbane med 4 skiver på 100 m, 6 på 300 m og 6 på 200 m. Den ble ferdig i 1946. Det er bare 1 minuttsgang fra hovedveien til standplassen. Banen ligger mot en ås i nord-nordøst retning.

Laget har planer om å bygge banen komplett og fullføre 100 m-banen med 6 skiver.

Sommer og vinter blir det arrangert pokalkonkurranser med Heggedal skytterlag. Laget har flere aksjer i pokaler i lagskytinger.



Ole A. Engen Kittil Haugen Helge H. Haukjern



K. Helgesplass Arne Holtan Gullik Holtan



T. G. Strømmen T. G. Toeniet Ludvig Viken



Gullik Bergan Erik L. Bergan



Gunnulf Kongsjorden med skyttarkompisar framfor Østreheimen til Oslo Østre skyttarlag.

Skyttarar frå Rollag og Veggli i Oslo.

Frå 1890 av reiste mange numedølar til Oslo for å gjera yrkeskarriere. Mange av dei utmerka seg på ulike måtar innanfor typiske bygdeaktivitetar. Innanfor spel og dans til dømes finn vi numedølar blant pionerane i lagsarbeid. Numedalslaget vart stifta i 1909 og ga ei «hamn» for utflytta ungdom lik Sjømannkyrkjene rundt i verda som har gitt heim og trøst til mange sjømenn.

Numedalslaget i Oslo hadde eiga skyttargruppe og aktiviteten var stor. Bygdelaga hadde tevlingar seg i mellom og numedølane gjorde det bra. I 1947 var det ei slik lagskyting med fem skyttarar på kvart lag. Det var to klasser og Numedalslaget vann begge klassene. På 1. laget skaut tre rollngar, nemleg brørne Levor Bergan og Simen Bergan samt Andreas Solberg.

På andrelaget skaut vegglingen Sebjørn Mykstu og rollingen Olaf Eggerud. Sebjørn Mykstu hadde forøvrig sportsforretning i Oslo. Olaf Eggerud var med og gjekk «langrenn med skyting» i Oslo og er på resultatlistener frå 1921. I tillegg sprang han Holmenkollstafetten for BUL.

Av dei svært tidlege idrettsutøvarane i Kristiania med røtter i bygdene våre må nemnast Herbrand Lofthus f 1889 og broren Halvor f 1891. Dei representerte Idrettslaget Ørnulf og særleg Herbrand var eit multitalent. Han vart norgesmeister i gresk-romersk bryting to gonger. Han var olympiadeltakar i same idrett i Stockholm i 1912. Der vann han tre kampar før han rauk ut for ein svenske. Og i lagshistoria til Ørnulf står det slik: Hans kamp med svensken J. T. Nilson ble holdt for en av de vakreste ved lekene. Så i idrettsmiljøet i Kristiania vart Herbrand ei legende. Han var ein av landets beste skihopparar også, med flatterande omtaler i mange aviser. Som skihoppar representerte han LYN. Og så var han altså skyttar. Vår beste skytter var Herbrand Lofthus står det å lesa i boka om Ørnulf. Herbrand dreiv også forretning i Oslo.

Men også broren Halvor var god skyttar og deltok i mange skytingar. Halvor dreiv og med bilcross og motorsykkelscross og deltok mykje. Bilinteressa gjorde at han vart bilsakkyndig i Oslo.

Men elles må særleg nemnast onklane til desse Lofthuskarane, brørne Nerid og Gunnulf Kongsjorden. Dei meldte seg inn i Oslo Østre skyttarlag og var av dei beste skyttarane i Oslo i mange år. Særleg Nerid hadde ei lang karriere. Siste resultata vi finn på han er frå 1957. Begge deltok dei i hovudstadskytingane, det var tevlingar mellom dei nordiske hovudstadane. Og både Nerid og Gunnulf har mange flotte premiar frå sine glansdagar. Gunnulf vann den kjente Skymoens kanne veit vi. Dei var med mange store skyttarnamn i samtida nokon av grunnpillarene i Oslo Østre.

Nerid sin son Halvor f. 1911 tok over arven og gjorde ei stor karriere i Oslo Østre skyttarlag og på landslaget. Det brakte han på reise over store delar av verda, mellom anna var han i Argentina.

Så må vi gå ut frå at det er mange fleire utflytta dølar som skaut i ulike lag i Oslo, anten det var bedriftslag, sportskyttarlag eller Det frivillige skyttervesen. Men dei som er nemnt her er dei vi ha greidd å fange opp.



Skymoens kanne var eit kjent og populært trofe i Oslo. Gunnulf Kongstorden vann den i 1925.



Kulestøypartang.



Remingtonkuler støypt med tanga over.



Gamal kruttflaske.



Patroner brukt i skyttarlag gjennom åra. frå v. 1). 7,92x57 med trepropp. 2). 6,5x55 med trepropp. 3). 6,5x55 kortholdspatron. 4). blykule 10,15 mm, 5). blykule 12 mm. 6).12x44 sivil, senter tent patron. 7). 12x44 randtent patron. 8). 6,5x55 med D spiss. 9). 10,15x61. jarmann med blykule 10). 10,15x61 jarmann med trepropp. 11). 7,92x57 Mauser. 12). 10,15x61 jarmann med stål mantel.



Halvor Prestmoen på skyttarstevne, truleg i Drangedal, saman med to ukjente.

Ord og uttrykk frå gamletida.

Å førme se: Dette er egentleg doping. Dei førma se før dei skaut. Og det vart gjort med brennvin eller vin. Vin skulle vera best for vinen gjekk til beina og stabiliserte dei. Brennevinet gjekk til skallin og skapte berre trøbbel. Somme av dei gamle hadde faste rituale dei gjekk gjennom før dei skulle fram og skyte. Fyrst påkledning og klargjering av børsa, so bakom huset eller borti skogen og så innpå ein svelg. Fram igjen og prate med folk, før dei igjen var borti skogkanten for meir styrkedråpar.

Det var ikkje så lite vitenskap i dette, råka dei tid og inntaksmengde akkurat så kunne mange skyte over evne. Men mange feilvurderte sjølsagt dette spelet. Nervene var lunefulle og kombinert med alkohol kunne det tippe heilt overende. Eg såg sjølv skyttarar som sovna på standplass etter at «førmingje» slo feil. Det er slik med alkohol da at det ofte smaka godt og dermed vart det vanskeleg å stoppe i tide. Ein eg kjente blanda Martini og selters! Det hadde han erfaring med og det slo visst sjeldan feil!

Å sleikje på kula: Her låg det nok ein del overtru bak, men mange sleikte på kula for å få ho til å gå i midten.

Vis an: Det var ikkje vanleg med telefon på 100 m. så standplassleiaren ropa til anvisarane: «Vis an» Men det kunne ofte vera livat i anvisargrava så det måtte både ropast og skrikast. Og i bland sto alle skyttarane også og ropa «Vis an».

Flugu eller å dra ei flugu: Gjekk det gale med førmingje var det lett å få ei flugu; eit skot utom svarten.

Skivebom: Eit skot i pappen utom einarringen.

Før i tida var ikkje standplassane overbygde, og regna gjorde det i blant da som no. Men Kragen tåla ikkje regn. Ei dårleg værmelding kunne sende skota opp og til venstre, sa dei.

Det har samanheng med at det er berre in låsklakk på sluttstykket og den låste ned til høgre. Vart det så mindre friksjon i kammeret på grunn av væte, ja så vart skota kasta opp og til høgre. Det førte til ulike løysingar. Somme skaut inn med våt ammunisjon. Ein fiskebollboks med vatn i løyste problemet.

Heilt til ut på 1960talet sat det skrivarar på standplass, ein bak kvar skyttar. Denne skrivaren skreiv opp kvart skot som vart anvist. Frå skrivarane kunne det koma mange pussige kommentarar. Kittil sto ein gong og skaut og Olaf var skrivar for han. Skrivaren fekk så sjå at Kittil byrja skjelve i beina. Dei vide gabardinbuksene riktig slong rundt leggene på den stakkars skyttaren. Eg sto bak og syntes synd i karen. Men Olaf såg det morusame i det og ba Kittil ta med ein omnsrøyr til å tre på beinet neste gong.

Ein skyttar fekk eingong anvist ein femmer. Spent som han var prata han med seg sjølv. «Sjå der ja ein femmer, og so rett i - sekseren»!

Knut Storemoen var ein svært god skyttar og ein smart fyr. Han fortalde om eit samalagsstevne i Lyngdal der det også var Stangskyting. Men svartmålinga på den eine sjølanvisaren vart so sliti at figuren gjekk i eitt med steinrøysa bak. Det var heit umogleg å finne figuren i sikte. Og alle bomma stygt på denne figuren. Men Knut gjekk og studerte forholda. Han så at opp til høgre for figuren var ein kvit stein som ville vera lett å sikte på. Så berekna han avstanden frå den kvite steinen og ned til figuren og stilte inn siktet etter det. Så ved å sikte på ein kvit stein vann Knut heile Stangskytinga.

Ein vår var det terrengskyting i Lyngdal. Og skyttarar frå Rollag og Veggli gjekk saman om å kjøre buss den gongen. I Lyngdal budde det den gongen Niri Steinset. Han skaut nok litt sjølv hadde gjort og var kolosalt interessert i all slags idrett. Da bussen ovante dalen stoppa gjekk Niri bortåt og venta spent på dei som kom ut or bussen. «Nei sjå der du! der kjem det Tråkarar og Kongsjordkarar og Per i Solberg – og faen brenne meg er ikkje veggliklukkaren der med» det var ein gjeng som gjorde inntrykk!

Dette får vera nok om gamletida. Men det er viktig å ha med fordi alt står i ein samanheng og det vi driv med i dag står på ein grunnmur av tidlegare innsats og arbeid.

Historiske geværer

Geir Johansen på Søre Stærnes er ein stor og solid våpensamlar. Av han har vi fått låne ein del gevær som alle har vore bruka av skyttarlagsfolk. Takk til Geir for lånet og for veiledninga.



Tennstempel, Larsen Drammen 1880/189 kaliber 10,15x 61 IR Jarmann. Ulovleg i DFS etter ca 1915



Perkusjon, Larsen Drammen ca 1880. 12 mm (Larsen gikk i børsemakerlære på Kongsberg)



Kongsberg Remington sivil modell 1867 kaliber 10,15x61 IR Jarmann



Kongsberg Jarmann sivil. Kaliber 10,15x61IR Jarmann



Salongrifle modell 29 Kaliber .22 LR



Knut Storemoen sin Krag. Modell 30 kal. 6,5x55.
Laminert skjeft lagd på Kongsberg, 400 stk



Kongsberg mauser M/59 Kaliber 7,62x63



Kongsberg Krag M/94 Kaliber 6,5x55



Kammerlader Kongsberg sivil 1860 12 mm



Sauer 200 STR avløyste Kragen og Mauseren i 1990. Fyrste skyttarkonge med Sauer, John O. Aagotnes kom same året.



Instruksjonsmodell av Krag Jørgensen. Den er ikkje større enn det du ser på bildet. Hola i magasinlokket er for at folk skal kunne sjå kva som skjer i magasinet under mating av patroner.



Nils Johnsgard sin prototype på avtrekksforbetring på kragen. Avtrekket var tungt originalt og han ville gjera det betre. Halvor Kongsjorden tok med prototypen inn til børsemaker W Røgeberg. Han sa at ideen var god, men at den ville bli for dyr å produsere.



Ladeapparat: Du har levd ei tid om du hugsar eit slikt apparat i bruk på kjøkkenbordet.

Ein stor idrettsmann.

Dette stykket om Per Solberg skreiv eg i 2001:

Per Solberg fylte 90 år nyleg og dette er skrivi etter eit besøk hjå han på Bygdeheimen i kveld. (9. mai)

Han er nesten blind Per no, men kjenner meg på stemma. Men han har sett, og han har sett godt. Det må ein skyttar.

Som så mange andre i Rollag byrja Per i skyttarlaget fyrst i 1930-åra. Han voks opp i Paradisgrenda og var næraste granne til alle skyttarane i Fulsåsgrenda, så det var ”Kragar” på alle kantar.

I 1931 var han på Moen, for øvrig saman med Birger Ruud og Hans Beck. Han gjekk saman med dei karane til marsjmerket. Dei beste under ei viss tid fekk diplom ved sida av merket. Per kom ett sekund for seint til diplomet. Men merke fekk han.

Han hugsar dei hadde regimentmesterskap i skyting. Det spesielle var at dei ikkje fekk anvist, så ingen visste resultatet før dagen etter. Om morgonen, dagen etter, kom troppsjefen inn på rommet til Per og slo han på aksla og sa: ” Her har vi regimentets beste skytter!” Per var best av 800 soldatar og befal. Det var den fyrste store sigeren han hugsar.

Men som bygdegutar flest gjekk han mykje på ski, og han deltok i fleire langrenn i 30-åra. Den 8. april 1940 gjekk han Vasstulanrennet. Han hugsar godt at det snøga og var eit ufyseleg vær ved start. Dei starta i puljer på 10 og 10, og Per var i siste pulje. Han hadde smurt skiene, men ganske snart var det stokk-klabbar under skiene. Heldigvis hadde han Tentovoks i lomma, så han stoppa og renska skiene med ein grankvist, før han smurte oppatt med Tinto. Det virka! Han fekk enormt gode ski, og til lenger han gjekk til betre glei skiene. Etter smurningspausa var han siste mann, men langs med Smådøla tok han att den eine etter den andre, og glei forbi. Han smiler når han fortel det, så da hadde han nok den gode følelsen.

Han tok att alle så nær som ein, ein frå «Høkksond» eller Bingen, som han ikkje lenger hugsar namnet på. Han blei nummer to Per det året, den 8. april. Dagen etter var Noreg i krig, og det skulle hindre Per og mange andre i å bli riktig gode i idretten sin.

”Kongsberg og omegn Forsvarsforening” arrangerte det sokalla Kampenhauløpet kvart år dei fire siste åra før krigen. Det var langrenn med skyting, eller skiskyting som vi seier i dag. Det høvde godt for Per, god skyttar og ”født med skia” meistra han denne idretten godt.

Det var sett opp ei vandremedalje som skulle delast ut til den fyrste med tre napp. Per vann dei tre fyrste åra, så fjerde året måtte dei setta opp ny medalje. Per vann likeså godt den med.

Så kom altså krigen og dermed vart det slutt. I 1936 sto dette i Buskerud Dagblad:

Kbg. og omegns forsvarsforening arrangerte i går i samarbeide med Kbg skytterlag Kampenhauløpet med skyting. 41 deltakere startet ved Sangerheimen. Skuddholdet var 250 meter. Enkelte av løperne gikk feil og måtte diskvalifiseres. Premieutdelingen fant sted på Grand om kvelden og blev foretatt samtidig med premieutdelingen for hopprennet i Hannibal. Forsvarsforeningens formann, politimester Berg og T.Tunold Hansen holdt korte taler. Den tyske skitropp var tilstede, og deres leder takket for oppholdet her på Kongsberg, som ville bli uforglemmelig for dem alle og forsterke det vennskapsbånd mellom norske og tyske skiløpere. En hilsen frå det tyske skiforbund blev overbrakt og taktfaste tyske hurra runget gjennom salen,

Premielisten for Kampenhauløpet:

Kl. 1 komb.

P. Solberg, Rollag 1.11.45. 8 figurer sluttresultat 51,45

Rolf Michalsen, Oslo 1.26.46. 8 figurer sluttresultat 52,46

Knut Øverlid, Kongsberg 1.28.39. 5 figurer sluttresultat 56.09

T. Kongsjorden Rollag 1.13.42. 7 figurer sluttresultat 56.12

N. Spiten, Kongsberg 1.18.57. 9 figurer sluttresultat 56.07

G. Grimsrud, Oslo 1.15.05. 7 figurer sluttresultat 57.35

Løypa var på 17 km og dei gikk med geværet over aksla. Skytinga foregikk om lag $\frac{3}{4}$ ut i løypa. 10 skot mot 1/3-figur. Og så var det ei sinnrik utrekning der dei gjorde treff om til minutter og sekunder og trekte frå langrennstida. Og så ser vi at Per var ikkje åleine, T. Kongsjorden er helst Torstein som fekk fjerde plass.

Etter krigen tok Per oppatt idrettane sine, men det vart mest skyting da. Han fekk seg jobb som kjørkjetenar i Rollag kjørkje i 1945, ved sida av at han dreiv Solberg. Han fortel om ein søndag ratt etter krigen. Det skulle vera stort skyttarstevne i Svene, men Per måtte i kjørkja. Likevel tok han med seg kragen og sette han i Kjørkjestallen til messa var over. Da kasta han seg på sykkel og sykla til Svene med Kragen på ryggen.

Han nådde så vidt siste lag på 600 meter, og måtte fram på standplass med det same. Skyteprogrammet var ein treskudd, og Per skaut 3 tiarar og vann alt saman. – Så sykla han heimatt, men ein fin sølvpremie i sekken.

I 1948 blei Per samlagsmester, ein kjempeprestasjon, det å vinne i Numedal på den tida var sanneleg ikkje lett. Skyttarkongen frå1946 Bjarne Sjulsen, vart samlagsmester året før! Så da var det konkurranse, og kamp om medaljene.

Det han likevel hugsar best, og som han er mest fornøgd med er 90 års jubileet i Asker Skytterlag. (I 1950). Han og Torleif Kongsjorden reiste innover. Det var ope stevne med svært stor deltakelse. Og framfor heile eliten av skyttarar vann Per 10 skudden (5 kne og 5 ligg) på 600 meter. Han fekk 86 poeng. Han trudde nok han hadde bruka hølkønn den gongen, men reim, nei det bruka han aldri. Han prøva nok, men han fekk ikkje bruka reima slik at han hadde nytte av ho. Og utan reim fekk han Organsisasjonsmedalja i gull i 1956. Og da hadde ”alle” andre begynt å bruke reim!

Så gir han seg over for resultata i dag! Eg prøvar å si at hadde han og karane på den tida hatt same utstyret så hadde dei hatt same poengsummane. Men han dreg det i tvil, ”du veit me hadde inkje trening, anna enn det me skaut heime og på stevnur.” Og eg tenkjer i mitt stille sinn, har me stort meir i dag da?

Eg vil snakke meir med Per, eg vil ha han til å fortelja meir om idrettslivet sitt. Dei store idrettsmennene frå denne tida fortener å bli lytta til. Tenk deg å sykle til Svene for å skyte 3 skot!

No ser han mest ingenting, han som før såg best av alle - på 600 meter.



Per under tørrtrening heime i Solberg



Bilete frå Arbeiderbladet 4 juli 1970. Harald kom som ei bombe inn i eliteskiktet det året.

Harald Tveiten sitt gjennombrøt

Den 1. juli 1970 reiste Harald Tveiten, Erling Fulsås og Even Tråen til Løvenskjoldbanen. Det var Landsskyttarstevne, mitt og Harald sitt fyrste. Erling kjørte Amazonen til Harald. Harald sjøl var trøytt etter ei bryllupsfeiring og låg sovande i baksetet. Vel framme på Løvenskjold var han fortsatt trøytt og ba meg fylle ut skytekortet sitt.

Eg drog snart ut på feltskyting og da eg kom att utpå dag så sto det ein ring med numedølar rundt Harald. Eg drog Kåre Hovda lett i jakka og spurte kva som sto på. «Trur du ikkje han har 49 ståande da» sa Kåre. Og midtpunktet sjøl kunne fortelja at han hadde 236 poeng totalt. Det var eit rekordresultat på 25 skudden på LS. Berre Olav Medås hadde hatt det same i 1960.

Vel forfjamsa som vi var fekk vi omsider samla oss og drog på heimveg. Fulle av inntrykk og Harald fortalde oppatt og oppatt om seriane sine og om kor lett det var!

Harald var politi på Kongsberg den tida og vi var innom politistasjonen på veg heim. Der var det oppstyr! Det hadde kome telegram frå Arbeiderbladet og andre Osloaviser. Dei ville ha bilde av den ukjende skyttaren. Og med kleda til Erling og børsa mi fekk vi gildra han opp i bakgården på politistasjonen. Bildene vart sendt og publisert.

Harald fekk skive 2 i kongelaget, svimlande var det. Gunnar Lybeck frå Raufoss hadde skive 1 med 237 poeng. Han skaut 100 p i finalen og vart konge. Hallvard Stormoen frå Oslo vart prins. Harald fekk 92 på omgangen, noko som ga han omskyting om 3 plassen med Jon Kr. Sørensen. Harald vart til slutt nummer fire, og sjøl om han mista andrelassen hadde han sprengt grenser.

Som det er sagt andre stader i denne boka så har alle toppidrettsutøvarar på eitt eller anna tidspunkt fått eit resultat som overraskar. Harald fekk sitt denne julidagen i 1970. Etter dette satsa han hardt, meldte seg inn i Kongsberg skytterlag og var med på å dominere kragtskytinga i alle 1970 åra. Han var på kongelaget fleire gonger og oppnådde store resultat også i match skyting. Og alt sesongen etter i 1971 oppnådde han eventyrlege resultat. Han skaut heile 342 i eit ope stevne noko som gjorde at Aftenposten utropa han som klar favoritt til å vine kongepokalen same år!

Sjøl om han skaut for Kongsberg gløymde han ikkje heimelagets skyttarar. På grunn av renoméet han fekk hadde han med åra tilgang på det beste utstyret, dei beste børsemakarane og den beste kunnskapen om skyting. Alt dette delte han med sine kompisar i Rollag og Veggli og eg personleg har mykje å takke han for desse åra.

Da han kom tilbake utpå i 1980 åra tilførte han laget mykje, ikkje minst styrka han cuplaget vårt. Han lærte oss vidare å tenkje som ein toppidrettsutøvar. «Tenk stort og tren!» sa Harald.

Laget stilte ut premiane hans på Veggli Vertshuset, ei stor og verdifull samling.

Harald døydde i 2008 etter kort tids sjukdom.

Møte med veteranen Halvor Nilsen Fulsås f 1932

Det er mandag ettermiddag i august. Det går regnskurir vesti lian og eplekartan heng i to åpalar. Halvor sit inne.

«Hoi» ropar han, «du må kåmmå inn».

Det er lengje sidan no, altfor lengje kjenner eg. Han er oppe av stolen og beina avslørar kvifor han sit mykje.
- Å ja det er ikkje rart att no...

Eg grøs og kjem inn på elgespør. Det løyser opp, det finst ikkje spør nemleg. Indignasjonen ligg i lufta. Vel det var vel eitt ved Vassendin i såmmår, temmeleg ferskt og, men det er det heile. Om eg har sett spør?

Så kjem vi snart inn på skyttarhistoria. Halvor voks opp i ei grend med kragar i alle hus, med jegarar og med interesse for skyttarsport. Bestefaren var formann i Rollag skyttarlag rundt 1905. Storebroren Olaf var eit stort talent. «Ja, han var god i alle stillingar Olaf». Og eg skrivaren voks opp med historia om den store fine pokalen Olaf fekk på Landsskyttarstemnet i Bergen eller Oslo???

Heile bygda visste om den pokalen ser du. Og eg hadde nok hørt om den pokalen Halvor fekk i Oslo i sitt fyrste landsstevne i 1950. «E hadde aldri prøva stupar før e kom dit» ler han. Men han såg korleis dei andre gjorde det og kopierte det svært godt. 14 ”komma noko” heldt til klar seier i klassa og for det fekk han den fine pokalen frå Oslo kommune.

Hans beste minne frå Landsskyttarstevne da? «Ja ha, det må ha vore i Bergen i 1957 det» Og det er eit godt minne fordi han skaut så godt på grunnlaget. Men det heile starta heime før han reiste. Hagens diopter var god den, men det hadde vorte litt slakk i han så han fekk låne ein av Gullek Ivarstugo, grannen. Han tenkte nok på det i bilen at han burde ha prøveskote, men vel plassert i bilen til Alfred Wiken var det for seint.

Og da han starta med skytinga var han heilt ute i einerringen! Han skruva og skruva og trudde det var nok før grunnlaget, men! «E hadde kontroll på det grunnlaget. E skaut 10 like avtrekk, men anvisaren markerte ein sekser til venstre, resten sat i 7er og 8er ringen og så eitt i 9eren til venstre den og. Å gjera 10 så gode avtrekk, er bra, men det var vanskeleg å godta den skeive serien! Hadde den søtte i midten hadde eg hatt Officerpokalen det året».

Halvor ser ut glaset, det går ei kraftig regnskur nordi Veggli.

«Men det er jadden moru at Severin har bynt att», seier han plutseleg og fortel at han selde både børsa og ladeapparatet sitt til Severin.

Halvor er idrettsmann, han var lett i kroppen og nytta det i skiløypa for han gjekk mange skiskyttarrenn før. No sit han og ser ut glaset. «Det beste e har skøte er vel det eg gjorde i Uvdal på ein Øvre Krets». Han fortel at han hadde 47 på ståande, 49 på kne og 46 på ligg, skeiv serie det og. 142 poeng på 15 skudd. Kjell Hovda hadde omtrent det same, men e fekk 9 niarar på grunnlaget! Og da drog Hovdan i frå, men det var godt skøte, ja det var eg fornøgd med. Det var ein Fønnebø oppi der, han var vel førmann i Uvdal den gongen, sa: Jasså du har fått i de narkotika no».

«Da e slutta o arbei tenkte e nok e skulle skøte o trene. Ja e tenkte eg skulle ta den Kolsruden», han ler av det, men avslørar planer. Men så gjorde auga seg til så det sa stopp heile greia.

Han fortel at han kunne og burde ha skote meir V55 enn han gjorde for kne og ligg var han god på. På stå hadde han lett for å få skjelvingar fremst i fotebladet og det om han berre sto og klikka. Men det var så få som skaut V55 at det syntes han ikkje var særleg fristande. Det var berre ein på Kongsberg som skaut V55 i heile samlaget og da vart det for liten konkurranse. Men på eitt samlagsstevne melde han seg på i den klassa og slo kongsbergingen!

Så han bala med skjelvingane på ståande. Men han vart Vikenmester i Normaklassa, det vil si for dei over 55 år som skyt vanleg program. Det var i Hovet og Hol og vi hugsar det alle.

«Men er det ikkje 10 kr skøttet no da? Og det va ein som sa han skaut 8000 skøtt i året, det er 80000 kronur det! Dei må no få noko da, dei kan ikkje halde på slik?».

Så vil han vita alle resultatata frå både samlagsstevnet og frå Landsskyttarstemnet. «Han Hostvedten plågå vera god han, men no har e ikkje sett ein poengsum!» seier han og avslørar fortsatt interesse for laget sitt. «Nei fær dei poeng att no da», seier han da eg fortel at ungdomsskyttarane har kome til semifinalen i Østlandscupen. Laget

hans ja, som han har vore formann for, kasserar for, og ikkje minst dugnadsarbeider for.

På veggen bak han heng eit diplom frå Det frivillige skyttarvesen. Anbefalt gitt av Numedal skyttersamlag. «Dette diplommet er gitt til Halvor N Fulsås med takk for langt og oppofrende arbeid i skyttersakens tjeneste».

Så ber vi farvel og er enige om at vi møtes for sjelden. Så mange dagar som vi har delt, så mange timar vi har vore saman. Ute har det væra opp, sole sender svake stråler gjennom skylaget. Eg må heim til middag, Halvor skal til å laga sin. Takk for praten Halvor!



Halvor Nilsen Fulsås med diplom og pokal.



Rollag og Veggli skyttarlag ville hedre storskyttarane Halvor Kongsjorden og Harald Tveiten. Alle premiane deira vart stilt ut på Veggli Vertshus. Begge hadde foredrag om karriene sine og det unge publikumet var svært så lydhøre.



Det kom mange slike tyske felttelefonar til skyttarlag rundt om. Med store batteri vart dei eit nyttig hjelpemiddel før elektronikken gjorde sitt inntog.



Det vart strekt telefonliner gjennom skogen frå standplass til grav. Stolpane sto jo der! Bilde frå gamlebanen i Rollag.

Utan børsemaker ingen presisjon.

Ein skyttar er sjølsagt avhengig av eit våpen som har best mogleg presisjon og dei fleste skyttarar har bruka både tid og pengar på det «å få børsa til å gå»

Kongsberg by med våpenfabrikk og folk som oberst Ole Herman Krag (1837–1916) og korpsbøsse-maker Erik Jørgensen (1848–1896) sto for kvalitet og kunnskap. I byen har det vore ei mengd kyndige våpenfolk, altså børsemakarar. Geværet Krag Jørgensen har som kjent sitt opphav på Kongsberg og med den nære kontakten mellom Numedal og Kongsberg så vart kompetansen på dette geværet høg blant skyttarane også oppover dalen.

På Kongsberg var det ei rekkje børsemakarar som hadde sitt virke i Våpenfabrikken og som vart bruka av skyttarar i heile Numedal skyttarsamlag.

Eg kan minnst fleire som vart kalla børsemakarar som nok ikkje var utdanna, men som var tekniske talent og som gjorde litt av kvart. I Uvdal hadde vi Ola Fjølslid og Andres Jensen. I Rollag, Ola Skørre og Nils Johnsgard. Nils var god skyttar som no hadde ein del erfaringar med avtrekket på kragen som ikkje var heilt god. Han laga ei fjørbelasta løysing som gjorde avtrekket meir presist. Halvor Kongsjorden tok løysinga inn til Willy Røgeberg i Oslo for vurdering. Røgeberg meinte løysinga var god, men ville bli for dyr å produsere!.

På Kongsberg var det sjølsagt fleire, Svindal, Aukrust og Sjulsen. Og ikkje minst Reidar Leer i Jondalen som konstruerte ei jaktrifle bygd på Krag Jørgensen låskasse. Leer hadde arbeid i Våpenfabrikken og fekk nok kunnskap der, i tillegg måtte han ha vore ein særdeles smart kar som såg løysingar ingen andre såg. Hans Erik Rua i Jondalen fortel om ein Buenkar som kjøpte seg ei veldig dyr dobbeltløpa jaktrifle. Ganske snart fekk han trøbbel med avtrekket og klagde til leverandøren, Norma. Han vart bedt om å koma inn til Oslo med børsa, men kvidde seg for å reise så langt. Leer gjorde oppmerksom på at det på Kongsberg var fleire børsemakarar som kunne sjå på det. Nei! Det fekk han ikkje gå til andre med. Så nemnde Buen Reidar Leer som ein av dei han kjende. Da så representanten hjå Norma hørde det namnet Leer var det i orden. Så Reidar Leer hadde tydelgvis opparbeidd seg eit namn innan faget sitt.

Men Kongsberg hadde fleire naturlegvis. Sidan Våpenfabrikken låg i byen. Folk som vart titulerte bøsse-mager finn vi fleire av i folketellingane for Kongsberg by.

Interessant er det å nemne at i 1910 var Harald Røgeberg bøsse-mager på Kongsberg, han budde på Kapermoen. Han var født i 1880 på Eiker av foreldra Mads og Ingeborg Marie Røgeberg. Bror til Mads heitte Nils Røgeberg f 1878. Nils var bøsse-magermester i Kristiania i 1910 og far til verdensmeisteren og skyttarkongen Willy Røgeberg (Oslo Østre)

Kongsberg fekk også sin Geværfabrikk etter krigen. Der bygde dei om tyske mausarar og fram for alt fabrikerte dei piper både til Krag og Mauser. Kongsbergpipene sto seg godt i konkurranse med dei kjente pipene frå Schultz & Larsen i Danmark

-Nå går a!

Den børsemakaren på Kongsberg vi kjenner best i dag er Jan Lande f 1942. Han tok børsemakarutdanning i Forsvaret, men dreiv faget på fritida og. Han bygde seg verkstad heime på Hostvedt og mange av oss har timar hjå han og kona Sonja. Særleg frå den tida Kragen var i bruk «De ække my børsemakerarbe nå etter Saauern kom», seier Jan sjøl.

Jan tok børsemakarutdanning i Oslo. I heile fire år var han i lære, frå 1959 til 1963. Han fortel det var 18 i kullet hans. Det var 6 instrumentmakarar, 6 våpensmedar og 6 børsemakarar. Han tok både fagprøve og svenneprøve i faget. Han nemner den militære fagprøva som vanskeleg. Til den sivile svenneprøva skulle dei laga sidelås til hagle! Som om ikkje det var vanskeleg nok!

Etter det var det tre år med plikttjeneste i militæret. Da var han utstasjonert på ulike plassar i Nord-Noreg.

Men i 1966 kom han tilbake til Kongsberg og blei børsemaker på Arsenalet. Her blei han personalsjef og avslutta karriera som sjef på det same Arsenalet og gikk av med majors grad i år 2000. Da hadde han for lengst bygd opp verksted heime på garden i Hostvedt. Men fortsatt er det ein del av oss som hugsar vi leverte børser i porten på

Arsenalet, som Jan tok med heim og reparerte. Da vi henta børsa igjen leverte han ho med ei forsikring: «Nå går a!»

I Kragtida var det mykje som måtte gjerast. «Det var fryktelig mye dårlige krager» Han legg ut om støtbunner og tilpasninger. Så deler han med oss nokre tankar om kor lengje Saueren varar. «Det er tegn på at også Sauern byner å få det» seier fagmannen.

Han og ein del andre børsemakarar gjekk saman om å danne «Norsk børsemakerring». Han nemner Grøtan, Steen, Løvseth, Taraldsen og Gudmundsen. Dei hadde stand på Landsskyttarstevnet kvart år frå 1987, og med sine skinnforklær sto dei for eit solid borsekmakerteam som hjalp mange med akutte problem.

Og for oss i Numedal skyttarsamlag var det kjekt med egen børsemakar i «nabolaget», og til børsemakar Lande kunne ein koma både seint og tidleg.

Jan var aktiv skyttar sjøl og han vart Vikenmester i feltskyting ved sida at han var med på Kongsberg sitt berømte 10-mannslag i Østlandscupens tidlege år.

Han har også vore aktiv på lagsplan både i Kongsberg skytterlag og i Numedal skyttersamleg. Han sto i fleire år for uttak til lagsskytingar, til sekskanten, og samlagslag til Viken og LS.

I dag er det mest jaktvåpen det går i.

Vi skyttarar har mykje å takke Jan for. Utan presisjon, ingen medaljer.



Børsemakar Jan Lande i verkstaden heime.



Kong Harald kom innom Børsemakerringen for å helse på desse som gjer eit viktig arbeid, men som få takkar. Jan Lande, Jon Løvseth og Kåre Gudmundsen.



Liv og Halvor Gladheim la merke til framgangen til skyttarane på 1990 talet. For å vise laget ære sette dei opp pokalar til å tevle om i laget. Særleg vart pokalen til beste jente sett pris på.

Halvor Lofthus

Det er det han vert kalla i det daglege. Men Halvor Gladheim er rette namnet. Han gjekk på skule i Oslo, fortel han. Han hadde vore litt med i skyttarlaget i Veggli, og våpen var han van med heimanfrå. Men komen til Oslo fann han på at han skulle melde seg til teneste i Heimevernet og der fekk han skytetrening. Og han fortel om treningar på Gressholmen, den legendeprega arenaen i Oslofjorden.


Det skulle bli feltskytinga han satsa på. Og her traff han. Han fortel at han bruka stolpekorn, noko som ga spesielle utfordringar. «Eg la stolpen under blinken og målte da avstanden opp til midten av figuren og så skru opp etter det.» Han laga seg tabellar å skrue etter på dei ulikt forma figurane. Legg merke til det handskrivne notatet her. Det er frå Gamlesetrdalen i 1980. Han hadde nullstilling på null meter så det blei mykje skriving. Men han traff.

Han minnes med glede alle turane han og Erling Fulsås hadde saman på stevner i Telemark. Og artig er det for meg å tenkje på at Halvor og eg var på laget da vi slo Stjernen på Gamleseterdalen i 1980. Gunnar og Åsmund Traaen var også på vinnarlaget.

Halvor hadde seriøse planer om comeback. Han kjøpte Saueren Erling Fulsås hadde hatt og prøva seg. Men ei skulderskade etter ei utforkjøring med lastebil sette ein stoppar for comebacket.

Halvor seier han er imponert og stolt over det Rollag og Veggli har fått til. Og vi ilar til med å fortelja at han bidrog sjål på anleggsida under ombygginga med uttallige lass med masse til støyvollane.

Halvor og kona Liv har inspirert oss i seinare år med oppmuntringar og interesse. Dei ville da også vise laget ære med å setja opp pokalar til vandring i laget. Det takkar vi for!



Halvor utmerka seg som feltskyttar. Her drog han nytte av hans nøyaktighet og til detaljnivå viktige notatar. Halvor skaut med stolpekorn og måtte følgeleg ha eigne tabellar.

Etter 1970: Rollag og Veggli skyttarlag forent

Vi var litt stolte av det, vi skyttarar, at vi greidde å få til eitt lag i kommunen. Alle lag og foreiningar hadde eitt lag i Veggli og eitt i Rollag, naturlegvis. Avstandane før bilen var for stor til å kunne drive effektivt. Men det låg også ikkje så lite patriotisme bak det at alle lag skulle vera to i denne vesle kommunen. At så skyttarane skulle vera dei fyrste som braut opp dette mønsteret var vi fornøgde med, og altså ikkje lite stolte av.

Årsmøtene i 1968 - i begge lag - vedtok å jobbe for samanslåing. Og den 28. desember 1969 var det fellesmøte på Melvold kafe i Veggli der representantar for begge lag var med. Referatet er slik: *Fellesmøtet mellom Rollag og Veggli. Olaf Vatnebryn møtte for samlagsstyret. Først ble det formelle ved sammenslåinga drøfta og klarlagt. Stemningen ble loddet for sammenslåing. Holtan og Tveiten redegjorde for synet innen Veggli skytterlag. Det må sies at det som kom fram er det generelle syn på saken, at alle er interesserte i sammenslåing. Vatnebryn sa at det må holdes årsmøte og resultatet av det skal sendes til samlagsstyret og derfra til Skytterkontoret. Hans Traaen foreslo at det settes opp et statutt fra dette møte, som lyder på 1. At fellesmøtet er enstemmig innstilt på å slå sammen laga. Og 2. Oversikt over lagenes aktiva og passiva. Spørsmålet om lagpokalenes verdi ble drøftet. Likeledes ble verdien av ½ Leikvang drøftet. I Veggli har den oppfatning rådet at begge lag skulle gå inn i felleskapet med like midler, noe som for øvrig er meget rettferdig. Problemet er at Veggli har 3881 kr mer enn Rollag i kontanter. Det materielle går stort sett butt i butt. Nå er halvdelen av Leikvang taksert til 1500 kr. i nedrivingsverdi. Dette trekkes da fra de 3881 kr. Det ble så besluttet å holde årsmøte hver for seg før neste styremøte i samlaget.*

I protokollen står vidare:

På grunnlag av godkjenning av sammenslåing av Rollag og Veggli skytterlag er det innkalt til generalforsamling på Melvold kafe lørdag 21/3-70.


Sak 1. Delen Rollag har i Leikvang ble første sak og resultatet ble nå det samme som på fellesmøtet i julehelga. Hans Traaen som be utnevnt til møteleder foreslo opprettet en valgkomite. Følgende 4 ble foreslått. Petter Tveiten, Ragnvald Mykstu, Kittil Tråen og Thorstein Revå. I den pausa som oppsto pga. valgkomiteens arbeid, møttes kassererne Per Jaren og T G Toeneiet for å slå sammen kassene.

Sak 2. valg. Thorstein Revå som leder i valgnemnda leste opp resultatet av nemndas arbeid. Erling Fulsås ble valgt som formann med 10 stemmer mot H.N. Fulsås 7 stemmer.

Styret ble som følger. Halvor N. Fulsås, Hans Traaen, Halvor Gladheim og Tørstein Toeneiet. Varamenn: Thorstein Revå, Erik Haugen, Sigurd Holtan og Gunnar Traaen. Banekomite: Th Revå, Narve Traaen og Per Jaren. Revisorer: Halvor Kongsjorden og Halvor Narvesen Fulsås. Ombudsmenn: Erling Fulsås, Th. Revå, Halvor Gladheim, Tørstein Toeneiet, Kittil Tråen.

Komite for jaktprøver. Knut Helgesplass formann, Sigurd Holtan, Sverre Eggerud, Knut Storemoen, Halvor Narvesen Fulsås og Svein Bakke.

Møtet slutt.



Eivind Traaen	Kittil Tråen	Halvor Fulsås
Hans N. Traaen		Gunnar Traaen
Per Jaren		Sverre Eggerud
Thorstein Toeneiet		Buller Bengsen
Sigurd Holtan		Kjellik Holtan
Peter Fulsås		O. H. Fulsås
Erling Fulsås		Knut i Haugen

Rollag og Veggli skyttarlag

Så var det altså eit faktum, i 1970 fekk skyttarane eitt lag, heretter kalla Rollag og Veggli, med Erling Fulsås som formann. Og med det ein ny kveik og mykje moru. Erling var ivrig med egne ambisjonar på skytebanen, men han hadde også evna til å skape eit miljø rundt seg. Ikkje minst ville han ha gamlekarane med att og fekk til «Old Boys» skyting med pokal og greier. Og mange av dei møtte villig opp og for mange var det lengje sidan, dei fleste hadde vore aktive på 1930 talet. Dei bles kingelvevet or siktene og blei med. Ein episode frå denne Old Boys skytinga hugsar eg godt. Sverre Eggerud var med og rett før han skulle fram for å skyte drog han meg med bak skyttarhuset, drog fram ei flaske og sa: - *Han må førme se lite, før han ska fram ser du.* Martini blanda med selters var oppskrifta, det hadde han testa ut så det virka, fortalde han.

Av dei yngre frå desse tidlege 70-åra var Olav Bakke, Einar Engebretsen, Ragnvald Mykstu, Birger Bergan, Odd Hagen, Harald Hagen, Gunnar Traaen, Magne Gaarder og Even Tråen. Harald Tveiten slo gjennom nasjo-nalt med eit brak i 1970, men meldte seg inn i Kongsberg året etter. Ragnar Tveiten skaut også for Kongsberg etter kvart. Så voks John Melvin Tveiten til og vart svært ivrig. Av dei litt eldre minnes vi Torstein G. Toeneiet som ein svært god skyttar og for meg eit forbilde i måten han skaut ståande, han sto so støtt. Likeeins var Sigurd Holtan svært god skyttar

Halvor N. Fulsås var aktiv og god desse åra, saman med Gudmund Jaren. Gudmund heldt familietradisjonen i hevd og deltok på mange stemne også fleire Landsskyttarstemne. Han fekk og med seg dottera Hege som viste seg vera eit stort talent. Ho vart samlagsmester og Vikenmester i junior, seinare kom ho med i lagsstyret og gjorde ein god jobb der.



Landskyttarstevnet i Kristiansand 1979. Dei få deltakarane frå Rollag og Veggli fekk med seg bra med premiar heimatt. Frå v Halvor N. Fulsås, Odd Hagen, Birger Bergan, John Melvin Tveiten og Gunnar Traaen.

FØRSTE GANG i Norge

Skiskyttersprint med ball-ongskyting, blink i Rollag

For første gang i Norge, hvert-fall har ikke vi hørt om noe liknende før, ble det arrangert en skiskyttersprint med skyting på ballonger. Hver løper ga en straffeskudd på 120 meter. Distansen var 11 kilometer. Løypa var lagt opp som en sløyfe på 3,3 km, som ble gått tre ganger. Etter den første runden var det skyting liggende, etter en ny runde var det skyting stående. Til slutt ble løypa gått nok en gang med innkomst.

Hele rennet gikk av stabelen ved Frossan i Rollag. Til start stilte blant annet Kjell og Kåre Hovda og Sigleif Johansen. I eliteklassen ble det tæser til Kjell Hovda, vel halvannet minutt foran broder Kåre. Sigleif Johansen, Skrim, vant klasse A, med samme tidsdifferanse til nummer to, Kjell Flesaker, som differansen var mellom Hovda-brødrene.

Arrangøren, Rollag og Veggli skytterlag, hadde gjort en god innsats med å få i stand løypa og skivemaleriølet.

En ikke helt ukjent kar i skiskytteskretser, Ragnar Tveiten, hadde lagt løypa, men roten må gå til alle som har fått i stand arrangementet.

De beste ble: (Straffeskudd i parentes).

Yngre junior:

1. Kari J. Løkken, Holmestrand	30.35 (4)
--------------------------------	-----------

Elldre junior:

1. Svein Engen, Gardsen	41.44 (5)
2. Ivar Olsson, HV-06	42.44 (6)
3. Per E. Sand, BSHVK	44.37 (4)
4. Lars O. Skogen, Rødh.	45.18 (8)
5. Erik Bergan, HV-06	48.52 (10)

Klasse F:

1. Th. Tveitåsen, HV-02	52.55 (5)
-------------------------	-----------

Klasse E:

1. Sigurd Olsen, HV-05	50.14 (2)
2. Arne Solhe, HV-02	50.55 (7)

Klasse D:

1. Odd H. Lunde, HV-06	42.00 (4)
2. Harry Dahl, HV-06	43.54 (3)

Klasse elite:

1. Kjell Hovda, NHHF	38.27 (1)
2. Kåre Hovda, Rødh.	39.51 (4)

Klasse A:

1. Sigleif Johansen, HV-03	39.02 (2)
----------------------------	-----------

Klasse B:

2. Kjell Flesaker, HV-03	40.50 (2)
2. Ragnar Lund, HV-04	40.20 (4)

Klasse B:

1. Jørn Buo Olsen, HV-03	41.36 (2)
2. Stein Funderud, HV-02	43.40 (4)

Klasse C:

1. Odd Pedersen, HV-06	40.50 (3)
2. Mors Kjørting, HV-03	41.49 (4)
6. Genleik Brøkke, HV-03	46.00 (7)

Kåre Hovda ble slått med halvannet minutt av broder Kjell.

Skiskyting

Langrenn med skyting var forløparen til skiskyting og var ein gamal anerkjent idrett i bygdenorge. Også her i byg-dene vart øvelsen drivi nokså utstrakt. Av gamlekarane må nemnast fyrst og fremst Gullik Holtan, lyngdølingen som budde det meste av tida si i Veggli. Han var ein dyktig langrennsløypar, men var også med i langrenn med skyting. I 30-åra var øvelsen særleg populær og mange var med. Mellom dei var brørne Håkon, Kittil og Hans Tråen. Særleg var Kittil mykje med. Anton Henriksen var sær s aktiv og også Halvor Prestmoen var med. Per Sol-berg var ivrig og god, han har eigen omtale.

På 1950 talet kom Nerid Kongsjorden med, Halvor Nilsen Fulsås, Knut Skugrud og Steinar Kleiverud. Johan Stensrud var også med på ein del renn.

Men så kom Ragnar Tveiten, nærast vet eit tilfelle seier han sjøl. Han var i militæret på Evjemoen da han oppdaga at langrenn og skiskyting låg for han. Og han byrja trene. Og hans meritter er omtala andre stader i boka, men han vart titulert som «verdens beste skiskyttar utan individuell tittel.» Da han gjekk ankeretappa på stafetten i VM på Elverum sat heile bygda og såg på. Det ga alle eit løft.

Skiskyting vart ein populær idrett og har i seinare tid oppnådd enorm popularitet, takka vera skiskyttarfor-bundet si evne til nytenking. Skiskyttarane var med i Det frivillige skyttervesen like til 1983. Da danna dei eige forbund; Norges skiskytterforbund. Den tida dei var i DFS var Numedal førande, og stafettlaget, med Kjell og Kåre Hovda, Ragnar Tveiten var med på å vinne NM stafetten sju gonger. Fjerdemann på laget kunne vera fis-kumkarane Odd Lunde, Anders Besseberg eller Kjell Flesaker. John Melvin Tveiten og Lars Ole Skogen var også svært gode, begge vart Østlandsmester som junior. Og begge var stafettaktuelle for Numedal.

Det nystifta laget Rollag og Veggli skyttarlag arrangerte ein del skiskytterrenn fyrst på 1970 talet. Dei fekk det til ved Numedal Folkehøgskule og på Fossan ytterst i kommunen.

I 1973 bestemte det internasjonale skiskytterforbundet seg for å arrangere sprint i skiskyting. Alt i VM i Minsk i 1974 skulle det arrangerast sprint, 10 km med to skytingar. Rollag og Veggli skyttarlag vart bedt om å arrangere eit slikt renn for at utøvarane skulle få prøve det. Og den 28. desember 1973 ved Fossan i Rollag vart verdas fyrste skiskyttarsprint på elitenivå arrangert. Som sagt 10 km med to skytingar på ballongar. Ei finerplate med fem høl og ballongar i var blinken dei skaut på. Vinnar av dette fyrste sprintrennet vart Kjell Hovda og nummer to broren Kåre.

Det er ikkje småtter! Verdas fyrste skiskyttarsprint vart arrangert av Rollag og Veggli skyttarlag. Starten på eit skiskyttareventyr må ein kunne kalle det når ein ser kor populær skiskyttarsprinten er i dag.

Kvardag

Støyen og aktiviteten etter samanslåinga stilna noko utover mot slutten av 1970-åra. Erling Fulsås flutte til Ro-merike og vart sakna. Andre drog ut or bygda på utdanning.

Men med Gunnar Traaen som formann rundt 1980 blei det meir fart i sakene. Gunnar var initiativrik og hadde mange gode tankar om drift og forbetringar.

Eit mål var å få inntekter nok i laget så vi kunne subsidiere ammunisjonen. Vi hørte om lag som til dømes Eker som hadde råd til å gje sine medlemmer gunstige ammoprisar. Dette var før sponsing vart alment, så bingo blei ei løysing, ofte i samarbeide med idrettslaget. Det ga gode inntekter. Og vi fekk etterkvart små, men likevel viktige midlar, til å kunne subsidiere ammoen til stevnedeltakarane. Eit veldig verdifullt tiltak.

Ved desse tider flutte rødbergguten, skiskyttaren Lars Ole Skogen til kommunen, han hadde lagt bort skiene, men var interessert i skytinga. Han melde seg inn i laget og vart ganske snart vald til formann. Han fylgde opp Gunnar sitt arbeid med gode tiltak. Lars Ole meinte vi burde ha noko som samla laget, noko som viste at vi var eitt lag. Han visste jo korleis andre idrettar hadde drakter som synleggjorde identitet og samhold. Og i samarbeid med Rollag og Veggli Sparebank fekk vi lagsjakker, i rødt, kvitt og blått. Og vi følte vi hørte til! Sakte men sikkert starta no ei utvikling frå det heilt amatørmessige til eit meir seriøst ambisjonsnivå.

Vi gjorde treningsmessige grep også. Vi hadde fortsatt bomberommet på Idrettsskulen til innetrening. Her var vi vegg i vegg med gymsalen. Vi tenkte det burde vore trena på det å skyte med høg puls, for vi veit jo at pulsen stig når presset aukar. Så vi la inn ei økt med sirkeltrening før kvar skytetrening. Full spiker i gymsalen og så sky-ting etterpå. Vi er vel usikre på gevinsten av denne treninga, men det viste at vi samla var opne for nye metodar. Og at fleire aktivitetar gjorde noko med lagfølelsen.

Så byrja ting å skje: Gudmund Jaren var lærar på Fylkeskulen. Han sto for inneskytinga på Fylkeskulen, ve-teranane Kittil og Hans Tråen instruerte og det kom mange ungar med. Det var vel nesten ikkje ein unge i heile kommunen som ikkje skaut dei åra der. Ein må hugse at årskulla er små i små bygder som Rollag og Veggli og smitteeffekten er stor. Det myldra av ungar på 15 metersbanen dei åra.

Hallvard Smørgrav var rektor på Idrettsskulen desse åra. Han hadde planar om ny svømmehall ved skulen. I underetasjen ville han ha rom for ein innandørs skytebane. Og han spurde skyttarlaget om vi var interesserte i ny skytehall. Sjølsagt var vi det. Og det starta samtaler med Smørgrav om framdrifta. Men Idrettslaget bygde no nytt klubbhus på idrettsplassen på Mogan i Veggli og inviterte Skyttarlaget til å bygge 15 meters skytebane i kjellaren på dette klubbhuset. Og mange såg positivt på det å samle idretten i eitt hus så og seia. Problemet med dette klubbhuset var inngangsbilletten. Den vart satt til 95.000 kr og det var pengar vi ikkje hadde.

I svømmehallen fekk vi heilt andre vilkår. Det skulle ikkje koste oss noko viss vi innreidde banen med kule-fang, lys og ein vegg som skilte skytebanen frå publikum. Og viss vi slo til på det skulle vi få gratis bruk i 20 år. Det var så gunstige vilkår at valget vart lett. Og på dugnad innreidde vi den nye 15 metersbanen med 7 skiver. Meir om dette i eige kapittel.

Gjera seg synleg

Men så ville vi vise oss fram både for bygdefolk og andre. Vi ville arrangere noko som fekk folk til å sjå hit. Vi satsa dermed stort på eit fast årleg stevne, vi sendte innbydelsar til dei beste i Noregscupen året før, hadde finale til slutt og lokka med fine premiar og folk kom frå fjern og nær. Den gongen skaut skiskyttarane i DFS om som-marane og det kom fleire av dei. Eirik Kvalfoss og Gisle Fenne var mellom dei. Fine premiar hadde vi og blant anna fekk vi eit reinskort i Øvre Numedal statsalmenning som fyrste premie. Avisene fylgde godt opp og vi fekk eit namn som arrangør og nyskapar. Inspirerande for oss i laget å møte skyttarkjendisar var det også.

Likevel mangla det noko. Det store samholdet hadde vi enda ikkje fått til. Vi reiste på stevner, særleg lands-skytarstevner kvar for oss, møttes på arenaen nesten framande for kvarandre og fleire av oss følte dette var unød-vendig. Jau da, det var somme som reiste saman, men likevel ikkje alle. Det skulle snu i 1985! Landsskyttarstevnet gikk på Lesja og vi fekk ny rekord for laget i antall påmeldte. Ingrun Nørstegård ordna eit jorde på heimegarden sin og det vart Rollag og Veggli sin base denne veka fyrst i august. Her var både telt og combicampar, ja camping-vogner og. Det vart starten på ein felles «leir» på landsskyttarstevnene framover. Det sveisa oss saman.

I 1987 reiste vi til Steinkjer og leigde eit heilt hus av ei dame som velvillig flutte ut. Vi åt saman, vi tørrtrena saman, spela kort og vi var heilagjeng bak standplass når dei andre skaut.

Barrierebrudd

Det året i 1987 braut vi dessutan barrierer. Tre av laget sine nykommarar, Ole Runar Bekkeseth, Roar og Geir Kongsjorden skaut seg til finaleplassar på Landsskyttarstemnet i Steinkjer. For eit løft, vi hadde hatt finaleplassar før, men ikkje på denne måten, dette var ungdomar! Desse tre løfta oss inn i framtida, det dei gjorde her bar bod om noko nytt og spanande.

Her må nemnast spesielt banefinalen til Geir i 1. klasse. Han hadde 237 poeng og spente sto vi bak planke-veggen og såg han skaut omgangen. Det var ein enkel plankevegg så vi kunne sjå han gjennom sprekkane. Vi telte kvart skot og såg på klukka, jau han ville greie det innafor tida - Men! Han skaut da berre ni skot? Eller hadde vi telt feil? Fortvilelsen breidde seg i gjengen, han skaut da berre ni?? Anvisinga kom, vi venta bom, men han fekk anvist ti skot. Håp og fortvilelse om einannan. Guten kom ut og Geir var og er lett å lesa etter ei skyting. «E skaut berre ni» sa han med tyngde, «det tiande skal eg neggu ikkje ha». Han hadde sagt frå til standplassleiaren, men vart snart ropa opp med god plassering og medalje over høgtalarane. Da gjekk han inn i sekretariatet og sa tydeleg i frå om at dette ville han ikkje vera med på. Noko som vart bemerka av sjølvaste Per Jorset som var æresgjest under stevnet. Til slutt vart resultatet sletta.

Det bar bod om noko for framtida dette og!

Vårt mantra desse åra var: «Dersom du ikkje kan glede deg over lagkameratens framgang får du ikkje framgang sjølv.»

Nå vel, malen for dei framtidige landsstevnene var med dette meisla ut. Heretter ville vi bu saman og ha det moru. Etter kvart som deltakartalet frå Rollag og Veggli steig vart det ei utfordring å finne lokalitetar som var store nok. Og no blir slikt planlagt eit år fyreåt, ja kan hende lenger og!

Elles kom resultata opp fleire nivå. Vi vann lagskytingar og vi tok napp i pokalar og framfor alt, antal stevne-deltakarar auka. Vi reiste saman, gjorde avtaler, fylte opp bilar og reiste på stevner. Vi er no inne i dei siste fem åra av 1980 talet. Særleg vil mange av oss hugse turane til vårstemnet i Gjerpen. Fleire bilar i same følge, vi møtte våren i Gjerpen på fleire måtar. Vi vann stemnet og fekk napp i pokalane deira. Ei fin tid var det og mykje vart grunnlagt desse åra.

Vi fylgde med i andre idrettar og såg korleis Norges idrettsforbund satsa. Dei starta Prosjekt 88, altså mot OL sesongen 1988. Vi starta dermed eit Prosjekt 89 der vi fekk med heile samlaget på felles treningar, felles samlingar med ulikt innhald. Tankegodset frå Rollag og Veggli skulle løfte samlaget også.

John Melvin og eg meisla så ut eit opplegg for prosjektet. Numedal skyttersamlag har alltid hatt gode toppar,



Roar Kongsjorden og Ole Runar Bekkeseth viste tidleg at det budde noko stort i dei. Her som rekruttar i spent venting på anvisning.



I 1991 skjedde noko stort. Rollag og Veggli vann si fyrste lagskyting for rekr/junior på Fylkesstevnet i Ødegården i Hallingdal. Junioren Liv Åsne Kongsjorden på gullstol av Lars Roar Nasset og Stein Rennehvammen

men eitt eller anna gjorde at dei aldri nådde opp i for eksempel samlagsskytinga på LS. Dette kom til å endre seg. Og «kluet» var å snu tankegangen frå det individuelle til det kollektive. Harald Tveiten var av dei fyrste skyttarane som la mental trening inn i treningsarbeidet sitt. Han ga ut eit hefte med treningstips ganske tidleg. Gjennom Prosjekt 89 fekk han høve til å presentere det for numedalsskyttarane.

Men vi ville meir. Jens Pettersen frå Nordstrand lærte oss alt om det å lade patronene sjølve. Vi fekk tak i Frank Beck, ein av dei store mentorane for idrettsfolk den tida. Han vart seinare kjent som mentor for toppidrettsutøvarar som Johan Olav Koss og Olaf Tufte.

Beck sitt slagord var «Ingen blir god alene». Og rådet hans var «Ha det gøy, tenk enkelt- gjør det enkelt, tenk positivt - tenk muligheter. Det kan fort bli press og negative tanker. Dessuten kommer alvoret også alt for brått og ofte også alt for tidlig.» Desse tankane vart styrande for prosjektet samlaget hadde og for det arbeidet Rollag og Veggli skyttarlag la ned i 1990-åra.

Halldor Skard vart også viktig. Han hadde aldri tid til å koma hit, men via telefon sa han det slik «Du må gjerne sette deg mål, men på veien fram til målet skal du ha det gøy». Desse tankane tok bort stresset og jaget for mange av oss. Før dette var kvart stevne avgjerande, gjekk det dårleg kom ein inn i ein spiral av tunge tankar. Men «sett deg gjerne mål og ha det gøy på veien til målet» tok vekk dei fatale tankane om det gjekk dårleg på eit par stevner. Skyttarane var amatørar på det mentale plan før dette.

Numedal skyttersamlag etablerte etter dette «Prosjekt -92» med dei elementer som er skissert her. Og Per Harald Aamodt frå Jondalen var prosjektleder fram mot Landskyttarstevnet i Os i 1992.

Samlaget sine skyttarar fekk sjå resultater av satsinga ganske fort, for på Ulven i Os fekk Numedal fire skyttarar på Kongelaget. Knut Bråten, Geir Kongsjorden, Tor Flesaker og Thomas Zetterquist. Heile fem unge skyttarar frå Numedal utgjorde ein stor del av heile kongelaget det året. «Tidenes lokale skytterinnsats» sto det i Laagendalsposten. Og Hostvedt i Laagendalsposten lagde et oppslag i avisa med intervju av Knut Bråten. Der sto dette: *At nettopp Numedal skal okkupere over 10 prosent av plassene på kongelaget mener Bråten ikke er noen tilfeldighet, men resultatet av målrettet arbeid. -Eliteprosjektet til samlaget skal ha mye av æren. Vi kan takke det for mesteparten. Prosjektet har gjort oss til en mer sammensveiset gjeng som hjelper hverandre.*

Og så det store traumet til Numedal skyttersamlag, samlagskytinga på Landsstevnet. Til tross for skyttarar i toppskiktet greidde dei aldri å vinne samlagsskytinga. Og alt i 1990 på Elverum skaut laget seg fram til skive 1 før ankeretappa. Det såg vi på TV og gledde oss stort over at vi var kome så langt. Det skulle likevel gå ein del år før det verkeleg løsna. Og i 2003 i Oppdal løsna det for alvor. Numedal vann og har seinare vunne tre gonger til. Dermed var Numedal eit samlag å rekne med og folk frå andre kantar av landet spurte «Hva skjer i Numedal?»

Ny bane

Om vi i lag og samlag opplevde suksessar desse åra så kom det ein kvardag med utfordringar. Vi såg at vi hadde eit anlegg som var sliti og vi hadde tankar om korleis det kunne rettast opp. Det var likevel naturkreftene som redda oss. Vinden tok standplassen på Dusterud og laga kaos. Om det var aldri så trist med det same så førte det til til ein prosess med vyer og god planlegging. Vi måtte få banen oppatt.

Tidlegare er nemnt det store arbeidet Erik Bergan gjorde med banen etter krigen og framover. Men sjøl om det var dugnader med vedlikehald av ulikt slag var ikkje forfallet til å unngå. Vi gjekk og såg på det og flikka her og der for å få banen godkjent kvart år.

Men så skulle vergudane hjelpe oss, i romjula 1991 kom dette voldsomme uværet og bles overende standplassen.

Alt i desse åra byrja ein å stille miljøkrav til skytebanar og mange lag opplevde stenging og aksjonar mot nettopp skytebaneanlegg i desse åra. Og eg tenkte at det ville bli vanskeleg å få bygge og fornye eit skytebaneanlegg så sentrumsnært som vårt. Det ligg bolighus ganske nært og anlegget er framfor alt sentrumsnært og reaksjonar på støy kom no som ein del av miljøbevisstheten til folk. Fleire av oss var difor rundt ulike plassar i bygda for å

finne plassar som kunne egne seg. Og da helst i utmarka sjølsagt, for å koma vekk frå hus og folk. Og jau da, det fanst plassar å bygge på.

Men plutselig kom det tilbod frå DFS og Miljødepartementet om midlar til støydemping. Det kunne vera redningen vår! Det vart bruka ei heil romjul til å utforme ein søknad. Fristen for å søkje gjekk ut ganske snart på nyåret, så det hasta. Og det var ikkje lite som skulle til av dokumentasjon og liknande. Men søknaden vart sendt i tide og tru det eller ei, vi fekk 350.000 kroner til støydempende tiltak. Og da byrja snøballen å rulle. Dyktige folk og flaks gjorde at vi til slutt kunne innvie eit splitter nytt anlegg som nettopp vår venn Jens Pettersen frå Nordstrand betegna som Norges beste og finaste skytebane.

Denne miljøpakka førte fyrst og fremst til at vi kunne fortsetja der vi var, det var ei lette. Styret vart byggekomite. Arnt Olav Penne frå Skyttarkontoret gjorde støy målingane som skulle til, og vi vart anbefalt å bygge støyvollar på begge sider av banen. Halvor N. Fulsås bidrog med ideen om å bygge om til 200 meters bane og senke heile anlegget ned i terrenget. Slik vart det.

Vi hadde no midlar, men også flaks. Flaksen besto i at Vegvesenet bygde ny riksveg forbi Laugje denne tida og fekk mykje lausmasse til overs. Og ikkje minst at Erling Fulsås jobba i Vegvesenet og styrte massemengdene til Dusterud. Der vart dei støyvollar! Halvor Gladheim kjørte lass på lass og var særst ivrig og kreativ for å få dette til. Odd Eldar Tveiten vart prosjektleiar for bygginga av den nye banen, utan han hadde vi aldri fått det til!!

Frå møteboka 18/8 1993 Framdriftsplan for vidare arbeid:

Det er enighet om at Alf Einar Eriksrud skal engasjeres som leder for bygginga av standplass og graver. Han får da ansvaret for å lede arbeidet ang. dugnad osv. Gruppen tok en tur på banen for å orientere Alf Einar om hvor standplass og grav skulle ligge, slik at han fikk et inntrykk av hvorledes det såg ut. Odd Eldar og Alf Einar gjorde avtale om og møtes neste mandag for å gå igjennom detaljer og framdrift. Målet er at vi kan skyte på den nye banen tidlig på våren (Mai)



Det første cuplaget til Rollag og Veggli som byrja bite frå seg. Bak frå v Vidar Gaarder, Lars Roar Næset, Tore Fulsås, Stein Rennehuammen, Henning Berntsen. Framme Monica Fulsås og Ellen Nørstegård Tråen.

Byggmester og trenar

Da bygginga av ny bane sto for døra og Odd Eldar Tveiten fekk oppgava med å gjennomføre alle planane tok han med seg Alf Einar Eriksrud. Han hadde vore saman med Odd Eldar om å bygge ut hoppbakken i Gaarder.

Og rett frå ei ferdigstilt hytte på Vegglijellet kom byggmesteren Alf Einar saman med Frode Fulsås til Dusterud for å bygge ny standplass og anvisargraver.

Alf Einar minnes tida med glede. Han minnes godt Magne Gaarder, Kåre Stryse og han sjøl jobba saman for å finne dei beste løysingane i prosjektet. – Det var tre kreative sjeler, seier han og smiler.

Alf Einar Eriksrud er frå Lier, fann kjærleiken i Rollag og har vore busett her i over 40 år. Han var ein svært god skøyteløpar og minnes si karriere med glede. Under blant andre Finn Hodt lærte han mykje om trening og ikkje minst mental trening. Og med ein pers på 10000 meter på 15,42 så har han noko å fara med når det gjeld trening og gjennomføring.

Etter anleggstida på Dusterud byrja Anders, eldste sonen til Alf Einar og Birgit å skyte. Den yngre Sveinung kom etterkvart også med.



Alf Einar Eriksrud følger spent anvisninga til sonen Sveinung. Stig Even Kleiv følgjer også med.

-Skyting som idrett var for meg helt ukjent, jeg visste jo ikke at det var skytebane i Lier engang fortel han. Men Alf Einar kom fort inn i det og det førte til mange fine år for han og gutane.

Det blei nokre hektiske år, med kjøring på trening og på stevner. Fyrste Landsskyttarstevne var Førde i 1997. Begge gutta hadde talent, men Sveinung dreiv det lengst. Han skaut 30/27 på felten på eit LS, og fekk 11/11 i finalen! Faren og trenaren gjorde seg da nokre tankar om anvisarslurv, men sa ingenting.

Grunnmuren i all idrett er lik. Det er mange faktorar som spelar saman, det hjelper ikkje å vera god til å sikte viss avtrekket blir gjort feil, seier han. – Det er en helhet der alt må stemme. Mange faktorar avgjer resultatet, også børsemakaren hører med i bildet seier han.

Laget har mykje å takke Alf Einar for!



Slik herja uværet som starta ei storstilt utbygging av anlegget.



Anleggsarbeidet i full gang. Banen var korta inn til 200 meter og gravd ned i terrenget.



Vår velgjarar Odd Eldar Tveiten kunne meir enn å skrive søknader og halde orden på regnskap. Trengtes det, kjørte han som her på bildet, også maskinane.

Odd Eldar Tveiten gjekk laus på anleggsarbeidet med krom rygg. Han skreiv søknader, han snakka med folk på alle nivå som kunne tenkjast å ha noko med anlegget å gjera.

I februar 1993 skreiv han brev til Rollag Kommune og ba om utbetaling av midlar som låg i budsjettet. Brevet hadde eit vedlegg med finansieringsplan:

STUI – midler til 1/3 av kostnadene	kr	704.000.-
Kommunale tilskudd	kr	704.000.-
DFS bidrag til 15 skiver	kr	138.000.-
Miljøpakketilskudd	kr	350.000.-
Egenfinansiering	kr	450.000.-
Samlet prosjektsøknad		<u>kr 2.346.500.-</u>
Egenfinansiering		
Egenkapital i bank	kr	28.500.-
Hjelp fra entreprenører i bygda	kr	75.000.
Private tilskudd, gaver,		
(her planlegges stokkerulling)	kr	200.000.-
Manuelle dugnadstimer 3500 t *42	kr	<u>147.000.-</u>
Sum egenfinasiering	kr	<u>450.500.-</u>

Styremøte 30.09 1993

Skytebaneutbygginga. Økonomi: Til dags dato er det utført arbeid for i alt 286.000.- kroner. Vi har penger fra kommunen slik at vi kan fortsette arbeidet utover høsten. Vi kan ikke regne med å få mere penger fra skyttervesenet i år.

Framdrift: Arbeidet framover vil bli konsentrert om støp av standplass og grunnarbeid i gravene. Overbygget over standplassen vil bli bygget utover vinteren. Odd Eldar tar kontakt med Munkerud (Skyttarkontoret) ang videre finansiering. Alf Einar og Odd Eldar hadde planer om å reise til Fyresdal for å sjå på bruken av systemblokk i grava.

Etter timar, dagar og veker var vi endeleg klare. Vi hadde som mål å få anlegget ferdig til vårstevnet i 1993. Det greidde vi.

Vi overnatta på standplassen natta før det fyrste stevnet på ny arena. Ein gjeng av skyttarane spela torader og vi hadde eige orkester på standplass!

Prolog til åpninga av skytterbanen i Veggli

I nyttårshelga ringte Roar bort te me
og sa at det gjeng rykter om at banen har blese ned.
E kasta me i bilen, og Roar hadde rett,
der låg det berre matreal og masse bølgeblekk.

Me reste rundt i bygde, men ingen plass me fant
det va like før me ga opp, ja det kjentes slekk i blandt.
Da var det Halvor Nilsen, som den kloke mann, han sa,
-det gjeng vel an å få te noko her som banen va.

Så det kom det hit ein konsulent med utstyr te o måle
på bråk og støy og decibel på hå nabon kunne tåle.
Me låg og flinta og me skaut og konsulenten målte,
og jammen såg det ut te at detta sku me få te.

Så var det Even formann kanns som sette seg i sving
han sendte brev i sud og nord og ordna mange ting.
Even han er spellemann og grunneigarn va kje vrang,
og etter nokon springerær va avtala i stand.

Rolf Sørensen frå Kongsberg er dalens kontaktmann
når det gjeld skytebanær, og me må takke han.
Me måtte ha ein leder te å drive jobben fram,
og Odd Eldar i frå Anleggsplan blei her den rette mann.

Det blei bevilga noko peng te å ordne gamle baner
og Munkerud i DFS var med på våre planer
Odd Eldar te å skrive side opp og side ned,
Og etter hvert som tide gjekk så blei det peng tå det.

Me starta opp i fjor vår med ein gong tælan gjekk
og det var Halvor Gladheim som denne jobben fekk.
Han starta opp med sprengjing og etter hvert å gråvå,
og det var vel nokon rundt her som fekk problem med å sova.

Ved Laugje var det vegarbeid og noko trongt med plass
så E sa at fær de problem så tek me gjenne nokon lass.
Og lassa dei blei mange, dei kjørte dagen lang,
og etter hvert så fekk me all den massa som me trang.

Så var det grav og standplass som måtte støypas opp
og Frode og Alf Einar dei sto på uten stopp.
Alle her i laget skal ha sin store takk,
dei stilte opp på dugnad so langt som tie rakk.

Og vintern kom i fjor som før, med snø og vind og kulde
men Frode og Alf Einar dei gjorde det dei skulle.
Og etter nokon vikur var heile bygget klart,
det blei hektisk her på slutten, me sku ha stevne snart.

Våren kom og tie gjekk og kveldæn dei blei lange
dugnadsånde var på topp, me fekk samla ganske mange
Dei yngste her i lagje skal ha ein stor honnør,
det var aldri nei å høre dei sto på no som før.

Og stevnedagen nærma seg, det meste var i havn
me kunne endeleg skyte att etter mange månær savn.
Og Even heisa flagget den 30. april,
me hadde jammen greidd det, det var kje lenger tvil.

Det er mange som skal takkas og ikkje minst kommunen
for grei behandling av vår sak slik at me fekk te dennan banen.
Me er kje lite stolte over det me har fått te,
og håpar heile bygde vil benytte seg tå det!

Veggli den 10. august 1994
Erling Fulsås



Skyttarane i Rolag og Veggli kan meir enn å skyte og arbeida på dugnad. Dei veit å skape fest og trivsel med eigne musikkrefter når skyting og dugnad er over. Her frå ein fest rett før åpningsstevnet av det nye anlegget.



Nye namn dukkar opp.

Seinare kom det nye til og desse skaut cup for Rollag og Veggli i 2010. Ola Lislien. Sveinung Rostad, Andre Trondrud, Vilde Kongsjorden, Hellik Rostad, Kjetil Bjørndalen Traaen, Sara Tveiten, Marie Voldbakken og Åsne Rostad. Dette laget slo ut Nittedal i kvartfinalen i 2010.

Tunge tak og felles innsats gjev overskot.

Parallellt med dette store baneprosjektet gjekk førbuingar til ØM i feltskyting, verkelege eit prestisjeprosjekt. Målet med å ta på oss ØM i denne hektiske perioden var egentleg todelt for oss som dreiv på. For det eine ville vi med dette prøve å få opp interessa for feltskyting innan laget. Og for det andre ville vi gjennom dette «bygge laget». Det vil si få det organisasjonsmessig opp eit nivå og vise at med god planlegging og struktur kan ein få til det meste.

Det står også i årsmeldinga for laget i 1993 slik:

«Ellers så starta nyåret med grundige førebuingar til ØM felt under leiing av John Melvin. Vi hadde regelmessige møter der kvar detalj vart gjennomgått. I blant kjentes det tungt, men gleda over å finne gode løysingar dreiv det heile fram. Det er dessutan gjennom slike store arbeid at ein får testa samholdet. Det vart sett på prøve og det heldt»

Ved sida av dette byrja vi hevde oss sportsleg. Etter 1993 sesongen hadde vi fem ungdommar med i 350 klubben. Lars Roar Næsset skaut 350 heile 13 gonger denne sesongen. Geir Kongsjorden scora poeng i Norgescupen, Halvor Kongsjorden persa seg med 345 i skytinga mot Stjernen. På Landsskyttarstemnet i Oppdal fekk vi 10 finalistar, både store og små og til slutt i årsmeldinga står: *Til slutt takkar styret for ein god sesong og ønskjer til lykke med den neste. Vi må ha som motto at ingenting gjer seg sjøl, vi må stå på. – Gjer vi det greier vi alt. Ja, vi kan til og med ta teten i eit landskyttarstemne dersom vi vil det nok.*

Dette året får stå som eit symbolår. Intenst arbeid på mange plan ga resultater på alle plan. Frå no av går det berre oppover.

Så kan ein spørja seg korleis var det mogleg å få sportslege resultater i slikt omfang som vi greidde, samtidig som vi hade tunge utbyggingsprosjekter gåande. Vi hadde sett andre lag i ulike idrettar ha store utbyggingar og store investeringar både økonomiske, men og menneskelege. Vi hadde gjerne også vore misunnlege på det andre fekk til og tenkt ”no blir det framgang og gode forhold for dei aktive i desse laga”. Men så registrerte vi at etter store investeringar og anleggsperiodar går aktiviteten ned i mange lag. Folk slit seg ut, rett og slett. Så det vart eit mål for oss at utbygginga og aktiviteten skulle balanserast slik at ingen skulle vera slitne når anlegget sto ferdig. Det greidde vi! Og det takka vera god planlegging og disponering av midlane. For det fyrste fekk vi Odd Eldar Tveiten med sin kompetanse til å vera byggeleiar. Han var ikkje aktiv skyttar, men hadde interesse for sporten gjennom sterke familieband. Så saman med han Alf Einar Eriksrud, ikkje berre til å bygge standplass og graver, men og til å planlegge dugnadsarbeidet. Det viste seg å vera gull verd. Jau da, det vart mykje dugnadsarbeid på oss. Men vi såg framdrifta frå gong til gong. Når vi skyttarar sette frå oss spade og spett etter ei økt, fortsette Eriksrud og Fulsås slik at det var store endringar å sjå neste gong dugnadsfolket kom. Det ga inspirasjon til å drive på.

Og ingen er sikre på at Tveiten og Eriksrud fekk nok betalt for alt dei gjorde.

Ungdomane kjem med

Det at laget byrja vise seg fram for alvor mot slutten av 1980-talet og avissomtalene vart mange, førte til at ungdomane kom og ville prøve seg.

Her er ei rekkje namn på ein del av dei som var med. Arild og Roar Gudmundsen, Arne Hagen, Leif Mogen, Ole Verner Hoff, Roald, Kjetil og Line Bjørnestad, Liv Åsne Kongsjorden, Arild, Frode og Monica Fulsås og Stein Rennehvammen.

Så kom 1978-årgangen med Vidar Gaarder, Lars Roar Næsset, Ellen Nørstegård Tråen og Tore Fulsås. Med dei kom også Kristoffer og Hallvard Grette. Lill Kristin Fulsås kom med like etter saman med Per Torstein Bråten, Ingemund Thoen, Jon Arne Hovda, Knut Halvor Traaen, Dag Christian Nygård og Henning Berntsen.

Her ser du resultatlista frå lagmesterskapet i 1995. Her ser du mange namn i tillegg. I 1995 hadde vi heile 42 deltakarar med på Landsskyttarstemnet på Lesja, hugsar eg ikkje feil var vi det fjerde største laget det året.

Klasse minirekrutt med anlegg	Klasse eldre rekrutt	Klasse 1
1. Sveinung Eriksrud 137	1. Anders Eriksrud 233	1. Olav Traaen 231
2. Dag Christian Nygaard 127	1. Sigurd Inge Fulsaa 233	2. Bjarne Berntsen 223
3. Rune Edvardsen 123	3. Tommy Lid 217	3. Erik Grette 215
3. Trond Bjørge Teksle 123	3. Halvard Grette 217	3. Narve Fulsås 215
5. Knut Ove Skarpmoen 120		5. Ola Næsset 201
6. Åse Marit Lid 119	Klasse junior	6. Kåre Strysse 184
7. Viel Fulsaa 113	1. Ellen Tråen 245	7. Steinar Stormoen 176
8. Knut Ole Strysse 65	2. Vidar Gaarder 241	
	3. Lill Fulsaa 240	Klasse 2
Klasse rekrutt med anlegg	4. Lars Roar Næsset 239	1. Henning Berntsen 214
1. Thomas Ørsland 227	5. Tore Fulsås 234	2. Rune Nygård 210
2. Espen Bjørkgård 225	6. Per Torstein 233	
3. Linn Tveiten 224	7. Jon-Arne Hovda 231	Klasse 3
4. Ole Rostad 219	8. Dagfinn Aarvelta 224	1. Kristoffer Grette 221
5. Knut Halvor Tråen 208	9. Hanne Tveiten 205	2. Erling Fulsås 209
6. Olaf Stormoen 192		
7. Ole Steinar Kleiverud 183	Klasse 1 DA (damer med anlegg)	Klasse 5
8. Erik Sole Haugsted 160	1. Turid Tveiten 134	1. Geir Kongsjorden 242
	2. Jorunn Traaen 133	2. Halvor Kongsjorden 240
Klasse rekrutt	3. Hege Grantangen 129	3. Nils Kongsjorden 239
1. Tor Åsmund Hovda 219	4. Anne Karin Berntsen 128	4. Even Tråen 233
2. Stian Strysse 208	5. Jorun Kleiverud 116	5. John Melvin Tveiten 232
	6. Jorun Lid 111	
	Klasse 1 (kun liggende)	
	1. Jan Løkseth 225	



Fest på den gamle standplassen. Ole Runar Bekkeseth med torader. Ellers frå v Roar Kongsjorden, Even Træen, Ove Helgesplass, Nils Kongsjorden, Halvor N. Fulsås, Jørn Tore Jensen, Geir Kongsjorden, John Melvin Tveiten, Harald Tveiten og Arne Bergan. Foto: Hostvedt Laagendalsposten.



Østlandscuplaget som kom til finalen i 1995. Bak: Per Tørstein Bråten, Jon Arne Hovda, Tore Fulsås, Lars Roar Næset, Vidar Gaarder. Framme: Hallvard Grette, Monica Fulsås, Lill Kristin Fulsås og Ellen Nørstegård Tråen.



Så glad blir formannen når ordføreren Liv Jorunn Frogner kjem med kulturpris til laget.

Nemndstruktur

Parallellt med alt anna arbeid såg vi at vi trengte ein ny nemndstuktur. Vi hadde tradisjonell oppbygging av laget med eit styre, ein banekomite og ein storviltkomite. Men vi trengte nok meir, følte vi. Så vi hadde medlemsmøte på Vertshuset med flipover og gruppeinndeling. Og etter eit par tre kveldar hadde vi ei ny nemndstruktur, ny giv og entusiastiske medlemmar. Den umiddelbare effekten av det var at vi merka at alle var avlasta i sitt arbeid. Det vart ei meir jamn fordeling av oppgaver og altså arbeid. Slik gjekk det nokre år, og vi merka at det trengtes jsuteringar og evalueringar. Og i 2002 vart dette brevet sendt ut til alle:

Til styret og alle ledere av nemnder

03.01.2002

Ungdomsnemnda, Kari

Seniornemnda, Harald

Elektronikk/data, Nils

Hus og kiosknemnd, Ingebjørg

Stevne og premienemnd, Geir

Banenemnd, Magne

15m nemnd, Asbjørn

Sponsornemnd, Roar

Storviltnemnda, Ulrik

Resultatansv. Erik

Ammunisjonsforvalter, Harald

Valgkomite: Kari

Påminnelse: Organisasjonsutvikling:

Det vises til tidligere innkalling utsendt 26. november 2001 ang. møtet som ble utsatt fra 5. desember 2001. Som avtalt per telefon innkalles det til møte angående arbeidet med organisasjonsutvikling (del 2).

Møtet blir på skytterhuset den 10. januar kl. 19.00.

Det er viktig at alle nemnd-ledere deltar. Hvis dette ikke lar seg gjøre ber jeg om at det møter en stedfortreder samt at det blir gitt tilbakemelding til undertegnede. Det er fint om flere fra nemnda ”di” kan delta. Desto større deltagelse desto bedre forankring og bedre resultat oppnår vi.

PS! Even T. deltar for å hjelpe oss videre i arbeidet slik vi avtalte på siste møte.

Styremøte:

For styret og andre som har fått innkalling blir det styremøte samme dag fra kl. 18.00 – 19.00. Saker som skal styrebehandles er 1) Terminliste og 2) Viken 1.

Møt presis !

Vennlig hilsen

John Melvin

Tusenårsskiftet

Vi hadde høydepunkter på 1990-talet og meir skulle det bli. Landsstevnet i Os 2002 er avgjort med i oversikta over det som står som fyrtårn i lagshistoria. Vi budde bra på ei øy Skorpen, fort døpt til «Skørpa» og hadde fleire debutantar med. Ellen N. Tråen hadde, utan at nokon visste det bestemt seg for at dette skulle bli hennar landsstevne. Alt etter landsstevnet året før sette ho seg mål om kongelagsplass. Målbevisst trena ho mot dette målet. 244 poeng ga plass i kongelaget! Og ikkje berre det, ho skaut 100 poeng i det kongelaget og leda det heile ei stund. Ho kom til slutt på sjuande plass, fekk DFS sølvbeger og vart nr tre i prinsessekampen etter omskyting om tittelen. Året etter vart reglane gjort om, da ville ho vinne prinsessetiteln.



Ellen Nørstegård Tråen i munter passiar med NRK-legenda Kjell Kristian Rike etter kongelagsskytinga i 2002.

Innsatspremie

Laget visste å hedre sine enten det var for gode resultater eller annan verdifull innsats. Vi innførte «Innsatspremie». I 2002 fekk Ellen den for kongelagsplassen, men det vart delt ut ein innsatspremie til det året. John Melvin Tveiten fekk premie for sitt systematiske arbeid. Og her er begrunnelsen som vart lese opp på årsmøtet:

John Melvin – kanskje den viktigaste personen i skyttarlaget sidan sammenslåinga i 1970.

1987-1988: Første formannsperioden:

Første år med satsing på stevnearrangement

Laget sleit med dårlig deltakelse på åpent stevne

JMT og styret ønsket å gjøre noe med dette

Inviterte toppskyttere

Reise TV i premie (Vidar Fossmo)

Dengong ukjente som stevnearrangører

To år med dette opplegget

1993: Østlandsmesterskapet

Even som formann

Engasjerte JM til stevneleder

Også dette et utruleg velfundamentert arrangement.

Nytenkning på resultatservice

1995: Andre periode som formann. Nå kun ett år.

1996: Tok over formannsvervet midt i 1996, og har vore sammenhengandes heilt til i dag

1997: Nationensfinalen – beste nationensfinale nokongong

1999: Norgescup-stevne. Kjempesuksess. Direktesendt frå standplass....

2002: Viken I – mesterskapet. Beste viken-games ever

Mange arrangement – tilført en ny dimensjon til heile skyttarrørsla. Rollag og Veggli har stått i spissen for utviklinga på stevnearrangement.

Baneanleggene:

1990/1991: Stormen i nyttårshelga. Like etter dette; Tildeling av midler for rehabilitering av eksisterende baner.

Melvin vart nærmast fanga av prosjektene. 200m, 100m, inne

1993: Banen ferdig med 200m og 100m.

1995: Nytt skyttarhus – et av dei mest bruka selskapslokalene i bygda i dag

1999 – 2002: Ytterligere rehabilitering med 14 elektroniske skiver på 200m og 9 på 100m. I dag et av dei mest moderne og finaste anlegga som finst i Norge.....

JMT er ansvarlig for at vi er gjeldfrie i dag, med rimelig god økonomi – sammen med Ola er det gjort maksimalt ut av dei midlane som me har hatt til rådighet. Forvaltningen av denne økonomien, punktlighet i søknader, jævel te å forhandle prisar på el.skiver.

Målet var heile tida at vi ikkje skulle slite ut lagets medlemmar på dugnad.

Utruleg at eit lag med eit slikt aktivitetsnivå på byggesida siste åra kan skilte med eit slikt mylder av unge og gamle skyttartalent. Til og med ei som kjempa om prinsessetittel i år...

Siste to åra

Kulturmidler 2001: JMT gjorde ein kjempejobb og fekk revurdert den opprinnelege tildelinga frå kommunen.

Så e trur det e med alle bak meg at e kan utrope John Melvin til Tidenes ROV-formann!!!!

Fagprisen gjekk til Ellen. Folkejuryen har og talt: John Melvin får den alternative innsatspremien 2002!! Fortent heder til John Melvin ser vi. Og det må leggjast til at etter John Melvin gjekk over til klasse V55 har han vore med og dominere klassa. Han har eit lass med medaljer og han er NM vinnar i felt. I 2019 vart han nr 2 i Norgescupen i klassa. Hardt og godt treningsarbeid gir han resultater.

Rollag og Veggli skytterlag Østlandscup-resultater over 2700 poeng					
Pos	Dato	Lagsnavn	Resultat	ROV rekord	Snitt
1	07.09.2004	ROV - Nordstrand	2741 - 2720	2741	342,63
2	12.09.2010	ROV - Frogn og Drøbak	2731 - 2668	2731	341,38
3	15.06.2005	ROV - Rælingen	2722 - 2693	2722	340,25
4	17.08.2007	ROV - Nordstrand B	2722 - 2689	2722	340,25
5	14.08.2006	ROV - Høland/Bjørkelangen	2721 - 2709	2721	340,13
6	02.09.2006	ROV - Kongsberg	2720 - 2701	2720	340,00
7	23.08.2009	Nordstrand B - ROV	2690 - 2719	2719	339,88
8	11.06.2002	ROV - Nøtterø	2718 - 2710	2718	339,75
9	31.05.2006	Oslo Østre - ROV	2660 - 2717	2717	339,63
10	07.09.2009	Jondalen - ROV	2720 - 2715	2715	339,38
11	20.08.2017	ROV - Nordstrand B	2715 - 2656	2715	339,38
12	18.05.2003	Søndre Modum - ROV	2615 - 2713	2713	339,13
13	15.08.2003	ROV - Jondalen	2713 - 2718	2713	339,13
14	21.06.2007	Jondalen - ROV (Dusterud)	2678 - 2713	2713	339,13
15	11.09.2007	ROV - Gol	2711 - 2688	2711	338,88
16	16.05.2004	ROV - Asker	2710 - 2634	2710	338,75
17	16.08.2015	ROV - Gjøvik&Brusveen	2707 - 2683	2707	338,38
18	06.06.2012	ROV - Høland/Bjørkelangen	2706 - 2712	2706	338,25
19	23.08.2004	Råde - ROV	2685 - 2705	2705	338,13
20	27.06.2003	Nordre Land - ROV	2638 - 2704	2704	338,00
21	29.06.2004	Frogn og Drøbak - ROV	2650 - 2704	2704	338,00
22	20.09.2015	Asker - ROV	2699 - 2701	2701	337,63
23	17.09.2005	ROV - Oslo Østre	2700 - 2718	2700	337,50
24	06.07.2009	ROV - Høland/Bjørkelangen	2700 - 2731	2700	337,50

Adelskalenderen Antall deltagelsere på Østlandscup-laget		
Rangering	Navn	Deltakelser
1	Geir Kongsjorden	98
2	Halvor Kongsjorden	92
3	John Melvin Tveiten	86
4	Roar Kongsjorden	84
5	Nils Kongsjorden	72
6	Liv Åsne Kongsjorden	59
7	Even Tråen	51
8	Vidar Gaarder	51
9	Ellen N. Tråen	50
10	Lill K. Fulsås	34
11	Halvor N. Fulsås	28
12	Harald Tveiten	26
13	Synne N. Tråen	26
14	Ove Helgesplass	24
15	Gunnar Traaen	19
16	Tore Fulsås	16
17	Sveinung Eriksrud	12
18	Kristoffer Grette	11
19	Severin Helgesplass	9
20	Jørn Tore Jensen	9
21	Reidar Ruud	7
22	Rune Nygaard	7
23	Hallvard Grette	6
24	Sara Tveiten	6
25	Lars Ole Skogen	5
26	Magne Gaarder	4
27	Arne Bergan	4
28	Harald Arnesen	4
29	Hege Jaren	3
30	Geir Egedahl	3
31	Odd Hagen	2
32	Åsmund Traaen	2
33	Ola Kongsjorden	2
34	Arild Fulsås	2
35	Morten Dokken	1
36	Stig Even Kleiv	1
37	Solveig Kongsjorden	1
38	Nerid Kongsjorden	1
39	Erling Fulsås	1
40	Henrik Karlsen	1

Innsatspremien Vinnere fra 1997	
År	Navn
2019	Rolf Vagle
2018	Heine Kongsjorden
2017	Nerid Kongsjorden
2016	Ingen
2015	John Melvin Tveiten
2014	Turid Tveiten
2013	Geir Kongsjorden
2012	Halvor Rostad
2011	Ingebjørg Kongsjorden
2010	Vilde Kongsjorden
2009	Roar Kongsjorden
2008	Sveinung Eriksrud og Magne Gaarder
2007	Even Tråen
2006	Sara Tveiten
2005	Synne N. Tråen og Nils Kongsjorden
2004	Vidar Gaarder
2003	Liv Åsne Tekсле
2002	Ellen N. Tråen
2001	Solveig Kongsjorden
2000	Sveinung Eriksrud
1999	Halvor Kongsjorden

Vinnere av Jegerfeltstevne			
År	Jaktlag	Tellende skyttere	Treff/inne
2019	Skrubben	Halvor Kongsjorden 30/24, Roar Kongsjorden 30/20, Håkon N. Fulsås 29/20	89/65
2018	Tråen	Ellen N. Tråen 28/20, Even Tråen 29/10,	
		Åsmund Tråen 30/12	87/42
2017	Skrubben	Halvor Kongsjorden 29/28, Roar Kongsjorden 29/21, Nerid Kongsjorden 29/21	87/70
2016	Bekkjorden/Vamre	Glenn Bekjorden 30/18, Roar Øygarden 29/26, Tone Vamre 29/13	88/57
2015	Bjønneli	Liv Bergseth 29/21, Kim Frode Skifterud 29/19, Bjarne Haugen 27/17	85/57
2014	Skrubben	Halvor Kongsjorden 30/26, Roar Kongsjorden 29/19, Håkon N. Fulsås 27/17	86/62
2013	Avlyst	Bygging ny 15m bane -	
2012	Skrubben	Halvor Kongsjorden 29/18, Roar Kongsjorden 29/18, Håkon N. Fulsås 29/17	87/53
2011	Fleksåsen	Harald Breivik 30/25, Morten Dokken 28/22, Magnus Breivik 30/24	88/71
2010	Gråsonen	Narve Grøterud 30/16, Lars Thygeson 29/23, Amund Henriksen 29/18	88/57
2009	Fleksåsen	Harald Breivik, Morten Dokken, Magnus Breivik	
2008	Gråsonen	Ove Grøterud, Magne Grøterud, Kjetil Kleiv	
2007	Fleksåsen	Morten Dokken, Magnus Breivik, Harald Breivik	
2006	Tråen	Ellen N. Tråen, Even Tråen, Åsmund Tråen	
2005	Fleksåsen	Harald Breivik, Morten Dokken, Kjell Landerud	
2004	Tråen	Ellen N. Tråen, Even Tråen, Åsmund Tråen	
2003	Fleksåsen	Harald Breivik, Morten Dokken	
2002	Fleksåsen	Harald Breivik, Ronny Darjes, Morten Dokken	
2001	Breiset og omegn	Eli Enerstvedt, Lars Fullu, Ole Gunnar Nerigard	
2000	N. Verjedalen	Svein Erik Lund, Ove Øktedalen, Erik Otto Narverud	
1999	Gråsonen	Lars Thygeson, Narve Grøterud, Magne Aasland	
1998	Skrubben	Halvor Kongsjorden, Halvor N. Fulsås, Roar Kongsjorden	
1997	Gråsonen	N. Grøterud, G. Bergelien, B. Bruberg	

Medlemmer av 350-klubben fra Rollag og Veggli skytterlag				
Medl nr	Etternavn, fornavn	Klasse	Dato	Kommentar - bane
18	Kongsjorden Heine	ER	28.06.2018	Styrvoll
17	Kongsjorden Ola	ER	24.07.2016	NES / BROMMA
16	Kongsjorden Vilde	ER	30.07.2010	Trysil
15	Rostad Sveinung	ER	08.09.2007	Nøtterø
14	Tveiten Sara	R	27.08.2006	Ungdomsstevne Flesberg
13	Aarvelta Ingunn	ER	20.08.2004	Nøtterø
12	Tråen Synne Nørstegård	J	25.04.2004	Vårstevne på Ekers bane
11	Teksle Marthe	ER	24.08.2003	Slagenbanen i Vestfold
10	Kleiv Siv Helen	ER	05.07.2003	Dusterud Veggli
9	Aarvelta Amund	ER	08.07.2000	Flesberg
8	Nygård Dag Kristian	ER	05.06.1999	Hallingdal
7	Eriksrud Sveinung	R	01.05.1998	Sigdal
6	Fulsås Lill	ER	1994	Holmestrand
5	Tråen Ellen Nørstegård	ER	1993	Gamle banen til Laugen Svene skl.
4	Gaarder Vidar	ER	1993	Gamle banen til Laugen Svene skl.
3	Næsset Lars Roar	ER	1993	Hallingdal
2	Fulsås Tore	ER	1993	Eker med Even Tråen sin Krag
1	Rennehvammen Stein	ER	1990	Fiskum - samlagsmesterskapet



Viktigaste verktøy ein skyttar har. Hylsepresse og kuleisettar.

Formenn etter 1970 i Rollag og Veggli skytterlag			
1970	Erling Fulsås	1996	Lars Ole Skogen
1971	Erling Fulsås	1997	John Melvin Tveiten/L.O. Skogen
1972	Erling Fulsås	1998	John Melvin Tveiten
1973	Erling Fulsås	1999	John Melvin Tveiten
1974	Thorstein Revå	2000	John Melvin Tveiten
1975	Halvor N. Fulsås	2001	John Melvin Tveiten
1976	Halvor N. Fulsås	2002	John Melvin Tveiten
1977	Halvor N. Fulsås	2003	Roar Kongsjorden
1978	Birger Bergan	2004	Even Tråen
1979	Birger Bergan	2005	Even Tråen
1980	Gunnar Traaen	2006	Magne Gaarder
1981	Gunnar Traaen	2007	Magne Gaarder
1982	Lars Ole Skogen	2008	Magne Gaarder
1983	Lars Ole Skogen	2009	Magne Gaarder
1984	Even Tråen	2010	Magne Gaarder
1985	Even Tråen	2011	Magne Gaarder
1986	Even Tråen	2012	Magne Gaarder
1987	John Melvin Tveiten	2013	Magne Gaarder
1988	John Melvin Tveiten	2014	Magne Gaarder
1989	Halvor Kongsjorden dy	2015	Magne Gaarder
1990	Halvor Kongsjorden dy	2016	Magne Gaarder
1991	Halvor Kongsjorden dy	2017	Magne Gaarder
1992	Even Tråen	2018	Magne Gaarder
1993	Even Tråen	2019	John Melvin Tveiten
1994	Even Tråen	2020	John Melvin Tveiten
1995	John Melvin Tveiten		



Så kom altså høydepunktet i 2010. Dette laget vann Østlandscupfinalen og krona med det laget sitt arbeid gjennom år. Framme sit Roar Kongsjorden. Frå v bak han, Sveinung Eriksrud, Geir Kongsjorden, Ellen Nørstegård Tråen, Lill Kristin Fulsås, Halvor Kongsjorden, Liv Åsne Kongsjorden, Synne Nørstegård Tråen. Heilt til høgre reserven finaledagenn John Melvin Tveiten.

Østlandscuplaget 2010

Så vann vi altså Østlandscupfinalen i 2010. Her er finalelagets vurderingar av egne karrierer og syn på framtida:

Laget som vann finalen i Østlandscupen sto for ei stor bragd. Og det er verd å sjå nøyare på kva kvar av skyttarane på dette finalelaget seier om eiga karriere. Kvar av dei var i elitesjiktet av norske skyttarar og representerte verdier toppidrettsutøvarar bør ha. Eg ba dei vurdere seks små punkter og gi tilbakemelding på dei. Ved å få dei til å reflektere over eigen innsats og karriere trur eg kanskje vi kan koma nær det grunnleggjande i lagsarbeidet vårt, når det gjeld haldningar til idrett på høgt nivå og verdigrunnlag i det heile.

Dei vart bedne om å reflektere over desse punktene:

1. Når byrja du skyte
 2. Kvifor byrja du?
 3. Kva set du mest pris på med skytinga?
 4. Kva for eit resultat set du høgast av det du har oppnådd?
 5. Ambisjonar framover?
 6. Kan du peike på eit resultat, eller oppleving elles som gjorde at du plutselig såg at du kunne bli stor?
 7. Har du andre moment som ikkje er med her, så skriv det.
- Vi ser at dei har valgt å svara på ulikt vis.

John Melvin Tveiten

1. Når byrja du skyte

Begynte så smått å prøve på begynnelsen på 70-tallet. Husker ikke helt når, men tror det første stevnet var Øvre Krets i Uvdal da Halvor N F gjorde det så bra. Ellers ble det vel ikke så mye før i 1976/77 om jeg husker rett. Første LS var i 1977, Bergen / Os med Mauser'n jeg kjøpte for å begynne med skiskyting.

2. Kvifor byrja du?

Ja, jeg så vel opp til de som drev med skyting på Dusterud og ikke minst skiskytterne i Norge med onkel Ragnar i spissen. Var en del med og anviste sammen med broder. På den tiden ble det arrangert skoleskyting som jeg ønsket å være med på, men dessverre var jeg for ung.

Onkel Ragnar har vært et stort forbilde som gjorde at jeg begynte med skiskyting og skyting.

3. Kva set du mest pris på med skytinga?

Å ha det moro sammen med andre, treffe mange rundt om kring i Norge og opplevelser land og strand. Skytinga har gjort at jeg kjenner folk over hele landet, og så har jeg fått se mye av Norge.

4. Kva for eit resultat set du høgast av det du har oppnådd?

Ja, det må være kongelaget i 2006 og LS 2016 der jeg ble norgesmester i felt V55. Ellers mange fine skyteopplevelse bl a med omskyting om FM tittel med Kristi Haug og Ola Tore Dokken. Poengsummen 247 poeng på FM i Ål/Hadding i 2009? er også noe jeg husker godt.

5. Ambisjonar framover?

Ikke for gammel til å ha ambisjoner! Å kunne gjennomføre et perfekt bane LS har jeg enda ikke gjort, derfor er det et av de store målene. Og, i tillegg er ambisjon å gjøre det bra i NC.

Lill Fulsås

1. 1986, 7 år
2. Fordi Tore og Ellen skaut
3. Mestringsfølelsen, takle mentale utfordringer, den roen ein får i kroppen når ein har full fokus på skudd etter skudd.
4. Felt finalen LS Målselv 06
5. Delta på lagmesterskap
6. Her er det fleire hendelsar som dukkar opp. Erling Fulsås som sa «du kan bli så god du vil, berre du gidd.»

Når eg var med på skytinga i Sverige så fekk eg ikkje til avstandsbedømminga og skytehurtigheten på felttrening. På stevnedagen slo eg dei andre på laget som hadde knust meg på trening. Vebjørn Berg, Idar Hersvik og May Britt Gjerstad. Plutselig forstod eg korleis det måtte løysast, det var stas.

Hugsar og godt at når eg skaut eit godt resultat som ung skyttar så lika eg ikkje oppmerksomheten. Så sa Even til meg at eg ikkje treng bortforklare eit bra resultat. Det var lov å si «Tusen takk, ja no vart det bra.» Og være stolt og vise at ein var fornøgd.

Det positive fokuset var viktig, og det har eg tatt med meg videre i andre sammenhengar enn skyting. Tusen takk for dei orda!

Roar Kongsjorden

1. Trur det var i 1984/85 i bomberommet på Idrettsskulen
2. Det må vel ha vore påvirkning frå læraren min på Rollag skule, Even Tråen.
3. Det sosiale med å reise på stemner sammen. Og mestringsfølelsen etter ein god konkurransegjennomføring
4. Vanskeleg å rangere.... Foruten Østlandscupseieren i 2010: 248 på LS i Sandnes 2004, omgangen på kongelaget på LS i Voss 2012 (100m/9*) og Esegullet frå Målselv 2006
5. Ambisjonsnivået er nok justert ned noko etter treningsnivået siste åra, men kongelagsplass og forbedring av bestenotering på LS (4.plass) er fortsatt målsettingar eg trur på.

Halvor Kongsjorden

Eg prøvde meg så vidt i bomberommet på folkehøgskulen tidleg på 1980-talet, men byrja ikkje å skyte aktivt før i 1987.

Eg byrja å skyte mest fordi dei andre syskena mine dreiv med det, og med ein bestefar som hadde vore i verdstoppen var det naturleg å prøve om dette kunne vera noko for meg òg.

Det sosiale med skytinga er nok det viktigaste for meg, men òg kjensla av ein gong i blant å få til noko nær det ein prøvar på, er ei viktig drivkraft.

Å trekkje fram eitt enkelt resultat er ikkje så lett, men Ø-cupgullet i 2010 er sjølvsagt høgt på lista, saman med Ese-sølvet i 2017. Av individuelle prestasjonar er samlagsmeisterskapet frå 1994 og deltaking i Nationen-finalen i 1999 klare høgdepunkt. Omskyting om Viken 1 i felt var òg artig. Eg vart nr 2 bak Rune Fekjan, hugsar ikkje året.

Ambisjonsnivået framover er ganske klart: Eg prøvar å råke blinken kvar gong eg trekkjer av, og så får det bli det det blir.

Geir Kongsjorden

1. Når byrja du skyte?

Ca. 1982-83. Da var det skyting på lørdager, innendørs i det gamle bomberommet på Idrettsskolen. Kitteril og Hans var instruktører og det kosta 5 kr. for 25 skudd.

2. Kvifor byrja du?

Det veit jeg ikke, trur kanskje det var litt tilfeldig. Etter hvert slo nok genene inn, og det ble en interesse som overgikk alle andre fritidsinteresser. Bestefar gikk kjapt til innkjøp av en .22 Mauser da han forstod at skytterinteressen var der. Hadde ikke han støtta opp slik han gjorde er det ikke sikkert det hadde blitt noen skytter av meg.

3. Kva set du mest pris på med skytinga?

Miljøet i hele DFS, alle de jeg har blitt kjent med opp gjennom tida. Konkurranseelementet er også viktig. Adrenalinkicket. Mestringsfølelsen når en gjør det perfekte skudd.

4. Kva for eit resultat set du høgast av det du har oppnådd?

Det er nok 6. plassen på LS i 2006 er nok det resultatet som rangerer høyest. Hele stevnet var jo en helt spesiell opplevelse, med ROV i toppen i omtrent alt vi deltok på. Et stevne med ubeskrivelige opplevelser og ubeskrivelige minner!

5. Ambisjonar framover?

Ambisjonene om fortsatt å være med å kjempe i toppen er borte. Trening har blitt nedprioritert og merker at jeg ikke skyter godt lenger, noe som igjen gjør det mindre moro enn før. Men en gang skytter, alltid skytter!

6. Kan du peike på eit resultat, eller oppleving elles som gjorde at du plutsleg såg at du kunne bli stor?

Mitt første LS i 1987. Skjøt 238 poeng i 1. klasse og var på skive 8 i finalen. 238 var personlig rekord med 7 poeng, og plutselig var jeg «like god» som de jevnaldrende jeg hadde sett opp til. Hadde beste ståendeserie på 48 poeng og vant en flott sølvpokal.

7. Har du andre moment som ikkje er med her så skriv det:

ROV på slutten av 80-tallet. Da ble grunnlaget lagt. Spesielt Even og John Melvin var viktige, på hver sin måte, men likevel sammen. John Melvin med systematikk, ambisjoner og treningskultur. Even med særskilte evner i å motivere, instruere og videreutvikle.

I tillegg var Harald der med sin erfaring og store interesse. Ove med humør, treningsiver og resultatoppnåelse. Erling kom med sitt store engasjement, humør og hjerte. Halvor NF var senioren og han stilte alltid opp.

Det var alltid noen å diskutere med, noen å trene med og noen å konkurrere med.

Slik jeg ser det er denne gjengen som er grunnpilaren i det som gjorde at vi ble Norges beste skytterlag.

Liv Åsne Teksle

Eg byrja skyte da eg var 12 år i bomberommet på Idrettsskulen vinter 1986/1987. Den gongen meiner eg å hugse

at dei nye berre skaut prøveskot og ein femskotsserie. Eg tenkte nok at skyting låg greitt for meg. Fyrste gongen eg skaut fekk eg 48 poeng og bestemannspremien! Ein fin glasfigur med skyttar på. Eg hugsar godt reaksjonen frå bestefar då eg kom heim og viste han skiva.

Eg byrja nok å skyte fordi alle brøran mine hadde starta, men eg er ganske sikker på at grunnen til at eg fortsette var det det gode miljøet i laget.

No set eg mest pris på at eg ikkje treng å pensjonere meg som skyttar sjølv om eg ikkje er ein ungsau lenger.

Ein kan hevde seg i toppen på Kongelaget sjølv om ein har vorte godt vaksen.

Det resultatet eg set høgast i mi karriere på skytebanen er nok Esemedalja i gull. Å stå som ankerkvinne på skive 1, og vite at mine 10 skudd ville avgjere om Numedal fekk det lenge etterlengta gullet, og at eg meistra det! Det var stort!

Mine ambisjonar framover er å skyte meg opptatt i kl.5. Også har eg så lyst til å vera med på å få RoV oppatt som eit av dei beste laga i Østlandscupen.

Eg greier ikkje peke på ei hending eller noko som gjorde at eg tenkte at eg kunne bli god. Men eg hadde ikkje vore skyttar i dag om ikkje Erling Fulsås. hadde sagt det han sa til meg da eg sleit med kneskyting som 1.klassing. Grunna ei kneskade måtte eg bytte til sitjande stilling. Å gå frå høge poengsummer og topplasseringer i kl.Jr. til heller middelmådige resultater som klasseskyttar sank motivasjonen og børsa vart lagt på hylla. Erling var ein menneskekenner og visste akkurat kva han gjorde da han sa «Du er feig, du, Liv Åsne!» Da vart eg forbanna og gjekk på banen og synte han at eg fillern ikkje var feig...

Ellen Nørstegård Tråen

Jeg begynte med skyting så fort armene var lange nok. Min bestefar var nok ein pådriver i tidlig alder og interessen kom nok sammen med interesse for jakt.

Vi begynte å skyte da vi gikk i 1. klasse. Jeg, Tore Fulsås, Vidar Gaarder og Lars Roar Næsset gikk i samme klasse og motiverte hverandre. Samholdet og vennskapet i laget var nok en avgjørende faktor for at jeg holdt på så lenge, for det ble mye bilkjøring, noe jeg ikke var så glad i.

For meg var den interne konkurransen det viktigste helt til jeg begynte å skjønne at jeg hadde mulighet for finale plasser på LS. Det var alltid noen å knive mot i eget lag, og det var viktigere å slå en jeg møtte på skolen dagen etter, enn den som var best i klassa eller i landet.

Jeg tror ROV gjorde noe veldig viktig ved å gjøre en individuell sport om til lagsport. Det var alltid noen å glede seg over resultatmessig.

Første gang jeg erfarte at jeg kunne få til mål jeg satte meg, var min første seier på lagmesterskapet i bomberommet på Idrettsskolen. Jeg lå og tenkte skyting lenge før jeg sovnet kvelden før, og det var en utrolig god følelse å vinne dagen etter.

Ellers tror jeg det var mange av oss som våknet litt fra bare leik og moro når Vidar Gaarder ble Norgesmester i felt i Målselv. Jeg husker at jeg året etter var veldig nære prinsesse lag i Evje, og da begynte målene og lysten på plasseringer å komme for alvor.

Det største jeg har opplevd er nok plassen i Kongelaget og omskyting om prinsessetittelen og 7 plass totalt på LS i 2002.

Ellers husker jeg det var stort å slå Nordstrand i Ø-cupen med 2741poeng

Synne Nørstegård Tråen

Jeg er ikke helt sikker på når jeg begynte, for i begynnelsen var jeg for skuddredd til å være inne på standplass. Det ble flere forsøk på å mestre det. Starten på skytterkarriera starta aleine med pappa på idrettsskolen en lørdag ettermiddag etter at alle andre var ferdig med skytetreninga. Siden har jeg ikke vært skuddredd.

Jeg begynte med skyting fordi pappa og storesøster Ellen var ivrige skyttere. Vi var en stor gjeng som dro på Landsskytterstevner sammen, så jeg kan vel si at jeg har «vokst opp» i skytterlaget.

Det jeg setter aller mest pris på ved skyting det sosiale. Jeg er glad for alle nære venner og bekjentskap som skytesporten har gitt meg. Jeg har vært så heldig å drive skyting som toppidrett og har satt stor pris på målrettet arbeid og personlig mestrings og utvikling som skytter. Å jobbe mot langsiktige mål og ha nødvendige delmål på veien har vært spennende.

Foruten alle bilturene med pappa, hadde jeg aldri hatt dette.

Jeg syns forøvrig det er fint at skyting er en idrett for alle og ikke bare de største talentene.

Det er vanskelig å peke ut et resultat jeg verdsetter høyest, for flere av resultatene har vært delmål på veien til det store målet som var medalje på landsskytterstevnet. De første høye resultatene mine som ungdomsskytter er fortsatt gode minner.

Som ungdomsskytter begynte jevnaldrende og yngre lagkamerater med 6.5 kal lenge før meg. I klasse ER sa pappa til meg «Berre vent, du må huske å ha langsiktige mål. Det er ikke som ungdomsskytter du skal bli best, men som senior. Innen 10 år er målet ditt en finaleplass i prinsesselaget» Av mine delmål på veien til senior innfridde jeg mål om seier i Oslo open i klasse JR og tok 350-merket i vårstevnet til Eiker. Vårstevnet var mitt første stevne med 6.5 kaliber i børsa og første banestevne som junior.

Ti år senere på Landsskytterstevne i Oppdal kom jeg på Prinsesselaget. Hele sesongen sleit jeg med omganger, men i finalen skøyt jeg 100 med seks innertiere og klatret oppover resultatlista til en delt tredje plass. Medalje og delt tredje plass var en lettelse, for det langsiktige målet var nådd og tålmodigheten viste seg å være nokså lønnsom.

Målet videre er å snu om ambisjoner og forventninger fra å drive med skyting som livsstil og heller finne gleden ved å være med en gang i blant.

Det er fortsatt nok av langsiktige mål å jobbe mot, så jeg håper at jeg tar opp igjen satsingen igjen senere.

Vidar Gaarder

1. Eg begynte i bomberommet på Idrettskolen. Vi var vel i ti - elleveårsalderen. Så det måtte vera på slutten av 80 talet. Eg var sammen med klassekameratane mine, Tore, Lars Roar og Ellen, og naboen heime Kristoffer Grette.
2. Grunnen til at eg begynte får nok du ta litt av skylda for, som far til Ellen og aktiv sjøl.
3. Det eg har satt mest pris på, ja det har nok skifta litt. I starten var det heilt opplagt det å vera sammen med venene mine. Alle reisene på stevner, vi hadde utruleg mykje moro. Heile laget støtta opp om oss, og alle fekk oppmuntringar enten resultatet var slik eller slik. Og ikkje minst den evna vi hadde til å glede oss over kvarandre! Så frå 188 årsalderen kom fokuset meir oover på det å møte andre frå andre lag, få vener frå heile landet. Så for å vera heilt ærleg så har nok skyttarlaget og miljøet gjort sitt til at eg bur i bygda!
4. Høgdepunktet i karrieraer sjølsagt NM felt i 1996. At eg skule vinne slo jo ned som ei bombe! Men 349 poen i Slagen gjer ikkje vondt det heller.
5. Gjennombrøtet kom i 1992 på LS i Os. Da oppnådde eg finale både på bane og i felt. 248p og 30 treff.
6. Ambisjonane framover er å vera ein habil feltskyttar og ha det like triveleg med skytinga som eg har hatt til no.



Det at Vidar Gaarder, enda ikkje fylt 18 år, skulle vinne NM felt i Målselv 1996 vart så stort for oss at vi glemmer det aldri. Her blir han omfavna av Harald Tveiten da anvisninga er over og resultatet klart. Som NM vinnar deltok han også i Nordisk mesterskap same året. Takk for det du ga heile laget denne finaledagen Vidar.



Laget hadde fest for Vidar etter NM gullet. Skyttarhuset var stapp fullt. Han fekk blomster og gaver frå laget, enkeltpersonar og frå Rollag kommune.

Nye milepælar

Samstundes fekk vi individuelle resultat i toppklasse. Det starta med Vidar Gaarder som i 1996, som fyrste års senior vart Norgesmeister i feltskyting. Store øyeblikk for dei som var med han der oppe i Målselv. Stort også for Erling Fulsås, Even Tråen og far Magne Gaarder som var samla på kontoret til Magne på Quick og fekk anvisninga over telefon av Geir Kongsjorden. I det øyeblikket fekk vi bekrefte at Quick bygget var særdeles solid bygd. Tre vaksne mannfolk heldt på å rive ned alt rundt seg! Vel heime heldt laget fest for Vidar.

Året etter skulle Roar Kongsjorden starte på ei eventyrleg rekkje kongelagsplassar og enkeltprestasjonar. Ellen Nørstegård Tråen i 2002. Liv Åsne var med å dominere Norgescupen i 2003. Lill Fulsås skaut seg til plass i prinsesselaget. Geir Kongsjorden jobba på austlandet og var med på dominere resultatlistene i Akershus.

Vi var ofte blant dei fem seks laga i heile landet med flest deltakarar på landskyttarstevnet, med Lesja som toppår i 2005, da hadde vi 42 deltakarar. Det er tre prosent av alle innbyggjarane i Rollag kommune. Tre prosent av Oslo si folkemengde ville utgjort 18600 deltakarar og Kongsberg ville hatt 840 skyttarar med.

Ein ny generasjon kom med i laget ved tusenårsskiftet. Stig Even Kleiv, Trond Teksle, Marthe Teksle, Tor Åsmund Hovda, Siv Helen Kleiv, Ingunn Aarvelta, Amund Aarvelta, Kaia og Sara Tveiten.

Sara Tveiten, Ingunn Aarvelta og Synne Nørstegård Tråen skaut så godt som juniorar at dei kom inn på Norges Toppidrettsgymnas. Dei to fyrste på Kongsvinger og Synne på Lillehammer.

Nordstrand, vår mangeårige motstandar i Østlandscupen skipa til eit storstemne på 15 meter, altså innandørs, Oslo Open. Det vart svært populært og skyttarar frå heile landet møttes i Oslo denne helga i månadsskiftet november og desember. Der var finale til slutt. Eit år fall det saman med WC i hopp i Kusamo der Sigurd Pettersen vann, og Ellen N Tråen Og Roar Kongsjorden skaut seg til finalen i Ekeberghallen, Synne N. Tråen vann junior-klassa og Kusamorennnet vart vist på TV i kafeen. Så det var Rollag og Veggli både på NRK og over høgtalaranlegget i kafeen. «Nei no synes eg det vart vel mykje Rollag og Veggli her» var ein kommentar.

Familien Kongsjorden

Det er umogleg å koma utanom denne familien. La oss starte med Niri (1873-1965). Han var bror til Gunnulf (1877- ?) Begge dreiv forretning i Oslo dei fyrste par tiåra av 1900-talet og begge var dominante skyttarar i hovudstaden. Dei var medlemmar i Oslo Østre skytterlag.

Sonen til Niri, Halvor (1911-1990) vart ein av verdas beste skyttarar. Merittlista er lang, men vi tek med verdensmestertittelen frå 1939 i Luzern i Sveits. Vi tek også med Halvor som Olympiadeltakar med fjerde plass individuelt i London i 1948 og lagbronse for Noreg same år. At Halvor ikkje vart skyttarkonge er eit under, men ei patronforkiling hindra han ein gong. Premiesamlinga er gitt bort til skyttarlaget og i permanent utstilling på skyttarhuset.

Halvor har fem individuelle NM-titlar.

Sønene Nerid og Jan Narve vart skyttarar. Jan Narve dreiv mest bedriftsskyting, Nerid vart tidleg med i lagsarbeidet og skaut ein del ved sida at han gjekk skiskyting. No i desse dagar har han ein flott renessanse som veteranskyttar.

Eldste sonen til Nerid, Halvor f 1968 er samlagsmester i Numedal, han har Esemedalja i sølv da han som reserve gjekk inn på Numedal sitt lag og skaut 99 poeng i 2017!

Geir f 1969 var den i laget som verkeleg satsa tidleg. Han sa ein gong da han var i tenåra at han tenkte skyting heile tida. Resultata kom sjølsagt, feltmedalje i Elverum i 1990 og kongelagsplass i Os i 1992. I tillegg ei mengd andre triumfar.

Nils f 1970 har medalje på landsskyttarstemne og var ein av dei mest «sikre» på cuplaget. Nils er dessutan hjernen bak alle dei elektroniske løysingane i laget.

Roar f 1972 var svært god som rekrutt / junior , men sleit ein del med overgangen til senior. Men da guten fekk Sauer slo han til. Og med 7 kongelag bak seg er han ein av landets beste.Han har dessutan 16 stjerner på Landsstemnet og Viken 1 titlar, både på bane og 15 m.

Liv Åsne f 1974. Samlagsskytinga i Oppdal i 2003 må få nokre ekstra liner. Harald Tveiten som samlagsformann tok ut laget, Knut Bråten, Trond Bergan, Ann Kristin Årskog. Desse tre var klare, men så vart det gjort eit spesielt trekk av Harald. Siste plassen på laget sto mellom syskina Liv Åsne og Roar Kongsjorden og dei skulle sjøl ta avgjerd om kven av dei som skulle skyte. Dei sa, den av oss som er best på eit spesielt stemne går inn på laget. Greitt nok, Liv Åsne vann den duellen. Og da rekkefølgja på dei fire som skulle skyte i samlagsskytinga skulle bestemmast sa Liv Åsne, «Skal eg ha ankeretappa så må de gi meg skive 1!» Det vil si at at dei tre før henne måtte



Familien Kongsjorden. Framme foreldra Nerid og Ingebjørg og bak frå v. Halvor, Geir, Solveig og Liv Åsne, Roar og Nils. Foto: Viktor Storsveen

skyte så godt at Numedal leda før siste etappe. Det fekk ho! Og heile arenaen sitra av spenning. Kunne ho klare å stå i mot presset?

Det gjorde ho og med 97 poeng førte ho Numedal heilt til topps, ein idrettsprestasjon det står respekt av. Ja, for mange av oss er dette ein av dei største idrettsprestasjonane vi kjenner. Det koka rundt oss på arenaen i Oppdal den ettermiddagen.

Mor, Molle. Ho har gjort Rollag og Veggli berømte av to grunnar. Den eine er heilt klar, ho er mor til ein ungeflokk med sterke merittar. Den andre er vaflane og smørkremen. Ingebjørg dreiv kiosknemnda på ein framifrå måte i mange år og står dermed som representant for dugnaden i laget. Var det eit stevne eller anna arrangement så var ho der, alltid forberedt og utan store fakter!



Roar Kongsjorden med sine sju kongelagsplassar har vore vårt sikraste kort i mange år.

Seniornemnda

Under arbeidet med nemndstrukturen i laget kom også tanken om ei eiga seniornemnd. Målet var å kunne legge til rette for utvikling for etablerte skyttarar.

Her er eit eksempel på seniornemnda sitt arbeid:

Rapport til utvalet for folk om seniornemndas drift siste år, og om bruken av kulturstipendet.

Seniornemnda søkte og fekk kulturstipendet for eitt år sidan. Grunnlaget for søknaden og tildelinga var det nystarta Prosjekt 2000.

Målsettinga for Prosjektet er:

1. Treningsmål
2. Medalje i Ø-Cupen
3. Repr. på Kongelaget
4. Repr på Prinsesselaget
5. Repr på samlagslaget Viken LS og 6-kant
6. Vinne lagskytinga på SM og FM
7. Deltakelse i to NC-rundar
8. Vestfold/Numedal
9. Nationsfinale
10. Landslag

Dette er det sportslege. Stipendet skal brukast over ein treårsperiode. I år har prosjektet kjøpt inn fire geværpiper. Skyttarar er på evig leiting etter det perfekte treffbildet. Og for å slippe å reise langer vegar etter ny pipe har prosjektet liggande desse fire. Den som så er i tvil om pipa si kan låne ei og setta inn for test. Dersom det viser seg at det er den gamle det er noko gale med så kan vedk. kjøpe den lånte av prosjektet.

Dersom einkvan gjer det bra i Norges-cupen så har laget støtta deltaking i dei neste rundane for at dei skal få høve til å henge med vidare.

Ungdomsarbeid

Utan ungdom, inga framtid er sjølsagt, men ikkje lett å få til. Skyttarlaget har hatt tilbod til unge skyttarar til ulike tider og med ulik struktur. Fyrst på 1980-talet vart det sett i system med eiga ungdomsnemnd som etter kvart fekk eigen instruks for nemnda.

På syttitalet tok eg med elevane frå ungdomsskulen bort på skyttarbanen i gymtimane og lot dei få prøve. Mange talenter avslørte seg, men berre få av dei vart skyttarar. Det måtte meir til.

Ove Helgesplass var av dei talenta som kom til å drive det. Han kom på cuplaget og han skaut seg raskt opp i 4. klasse som da var den høgste klassa.

Så viste det seg at ungane i Kongsjordet viste interesse for skyttarsporten, naturlegvis gjorde dei det, med premiane til bestefar Halvor som inspirasjon. Geir var fyrst ute og viste både talent og treningsvilje. Han sa ein gong da han var i tenåra at han tenkte skyting heile tida. Og han byrja få resultater. I kjølvatnet av Geir sin iver fylgde yngste broren Roar og jamaldringen Ole Runar Bekkeseth. Dei dominerte i klasse rekrutt og junior. Før 350 vart vanleg skaut dei begge 349 i same stevnet i Sem i nemnde klasse.

På Landskyttarstemnet i Steinkjer i 1987 møtte eg Ole Runar etter feltrunden hans og spurde sjølsagt om resultatet. «Jau, 27 treff» sa han og eg jubla, Veldig bra av ein rekrutt!. «Ja, men det var innertreff da,» la han til med eit glis. Han hadde altså 30/27 og var heilt i toppen. Det skal seiast at Ole Runar har ein eldre bror og svigerinne som inspirerte, Nils og kona Ingeborg Mjøseng. Dei var til stor inspirasjon og hjelp for den unge skyttaren. Ole Runar er og ein stor muskar og har seinare vigd livet sitt til musikk.

Roar Kongsjorden derimot skulle koma til å fortsetja. Og for ei karriere han skulle få! Etter kvart kom dei andre syskina i Kongsjordet med. Alle vart toppskyttarar.

Men 1978 kullet kom fire ungar med på slutten av 1980 talet. Lars Roar Næsset, Vidar Gaarder, Tore Fulsås og Ellen Nørstegård Tråen. Dei danna stamma i eit cuplag for rekr/ jr i mange år framover. Og merittlista er formidabel. Lars Roar flutte ut og ga seg, men hadde da med seg titlar som Vikenmester og samlagsmester. Vidar er norgesmeister i feltskyting, Tore har medalje i juniorklassa frå Landsskyttarstemnet på Lesja i 1995. Ellen har kongelagsplass frå 2002. Dette berre for å nemne noko av det desse frå 1978-kullet har oppnådd. Desse fire fekk med seg mange fleire. Stein Rennehvammen var den fyrste i Rollag og Veggli som oppnådde 350 merket. Brørne Kristoffer og Hallvard Grette kom med og har ikkje minst markert seg som dyktige og trufaste tillitsvaldet i laget.

Lill Fulsås, syster til Tore kom med og har oppnådd eventyrlege resultater der toppen nok er Bjørnetrofeet i Målselv 2006 til beste kvinne i feltskytinga på LS. Og både Vidar, Lill og Ellen har representert Norge i landslagssamanheng.

På fylkestevnet i Ødegården i 1991fekk vi det fyrste store svar på at noko var på gang. Liv Åsne Kongsjorden, Stein Rennehvammen



Solveig Haukjem gifta seg med Geir Kongsjorden. Ho skaut eitt Landsskyttarstevne og vann 1. klasse. Imponerende!

og Lars Roar Næsset vann lagskytinga med 298 poeng. Tillegg vann Stein Eldre rekrutt og Lars Roar kom på andre plass i rekrutt.

Østlandscup for rekrutt/junior

Etter at Rollag og Veggli, med Lars Roar Næsset, Stein Rennehvammen og Liv Åsne Kongsjorden vann lagskytinga i fylkesmesterkapet i 1991 fekk vi verkeleg trua på eit ungdomslag i Østlandscupen. Moss og Våler arrangerte ein slik cup etter mønster frå Østlandscupen Asker har. Åtte skyttarar, der dei fem beste telte, vart ein populær konkurranse.

Det dette 1991-laget gjorde, ga ein skikkeleg kveik. Stein Rennhvammen vart vårt fyrste medlem i 350 klubben i 1992. Tore Fulsås blei den neste same året, og etter 1993 sesongen hadde vi fem medlemmer i denne eksklusive klubben. No kunne vi verkeleg «spise kirsebær med de store». Og etter kvart greidde vi sanneleg å få til eit åttemannslag det sto respekt av. Jondalen var jo det beste laget i Numedal på den tida, men vi greidde frå tid til annan å gi dei kamp i denne cupen. I 1994 viste laget seg fram og tok seg til finalen i B-cupen. Eit mål var nådd.

Året etter var 1978 årgangen siste års juniorar og i kvartfinalen mot Viken i Opplandskretsen slo dei til med 1739 poeng av 1750. Det oppsiktsvekkjande ved dette var at laget telte med fem juniorar. Syskinparet Tore og Lill Fulsås hadde begge 349 p. Så hadde Ellen N. Tråen og Lars Roar Næsset 348 p og Vidar Gaarder 345. Det er 347,8 poeng i snitt, eit fenomenalt resultat. Dei andre tre på finalelaget var Per Torstein Bråten, Jon Arne Hovda og Hallvard Grette. Det hører med til historia at dette laget kom til finalen i A-cupen og vart nummer tre. To år etter kvarandre kom altså dette laget til finalen på Moss og Våler sin bane, i 1994 og i 1995. Og det dette storlaget presterte i fyrste halvdel av 1990-åra inspirerte heile lagsmiljøet. Dei vart seniorar i frå 1996 og 1997. Og da vart det viktig å bygge opp eit nytt lag og etter år 2000 vart laget avløst av nye gode skyttarar som greidde å få Rollag og Veggli fram til to finalar til i 2002 og 2004.

Så kom Siv Helen Kleiv og broren Even med, Jessica og Joacim Westerlund. Amund Aarvelta og systera Ingunn, Anders og Sveinung Eriksrud, Marte og Trond Teksle. Og med Eriksrudgutane kom faren Alf Einar med som inspirator og med sine erfaringar frå toppidrett. Han var som kjent på skøytelandslaget. Synne Nørstegård Tråen kom med og herja i juniorklassa, eitt år hadde ho 26 pallplasseringar, av dei 18 heilt øverst. Kaja Tveiten og systera Sara kom også med og særleg Sara dominerte årsklassene sine. Sveinung Rostad var med ein periode og hadde mange svært gode plasseringar. Han og Sara skaut 250 poeng i Eldre rekrutt klassa i Førde i 2007. Dei skaut også 100 i finalen og delte fjerdeplassen i klassa.

Og dei fleste av desse er med i 350 klubben.

Halvor Rostad la ned eit stort og verdfullt arbeid i ungdomsgruppa. Med han vart samlingar og skyteskule vidareført og sett i system.

Alle desse skaut cup for laget. Dei hadde og foreldre bak som vart del av lagsmiljøet og danna ein grunnmur. Det at tre av våre ungdomar kom inn på Norges Toppidrettsgymnas fortel om kvaliteten dei hadde både som utøvar, men og som person.

Nittiåra var gyldne for rekrutteringsarbeidet. Laget gjorde mykje, men ein kjem ingen veg utan foreldre som stiller opp og viser interesse. Vi var heldige med foreldra og til desse tidlege ungdomsskyttarane. Dei var der alltid og om ungane ikkje hørde på dei foreldra sa, så var det viktig at dei var der, og fysisk til stades. Vi har sett det motsatte og. Dei som kjørte talentfulle ungar på trening for så og hente dei etter treninga var over, dei ungane såg vi aldri meir til.

Alle desse ungane vart møtt med same haldning uansett resultat. «Du er verd noko, uansett kva du oppnår av resultat!»

For mange av desse ungdomane står reisene på cupskytingar over heile østlandet som dei gjevaste skyttarminner dei har. Med far Magne Gaarder som sjafør på minibuss vart det mange festlege turar.

Og ungdomsnemnda med Arild Fulsås i spissen har no dei siste par åra greidd å få fram nye skyttarar som på ny skyt Østlandscup for Rollag og Veggli.

Her er eit døme på kor nøye og planmessig ungdomsnemnda jobba:

Møtereferat Ungdomsnemda Rollag & Veggli Skytterlag

Tid: 19 november 00 kl. 19.00

Sted: Gamlestugu, Søre Traaen

Tilstede: Inger Teksle, Olav Kjetil Kleiv, Olav Traaen

Forfall: Vidar Gaarder

Dette var det først møtet til den nyvalgte Ungdomsnemda bestående av ovenfor nevnte. Vårt mål vil være å videreføre arbeidet til forrige ungdomsnemd med vekt på rekrutteringsarbeid samt å bistå ungdomsskytterne så godt vi kan i å heve kvaliteten på treningen.

Sak 1. Skytterskole - grunnskoleuka

I regi av Asbjørn Teksle og Jorun & Olav Traaen ble det den 7 november 00 gjennomført skyteskole som en aktivitet i Grunnskoleuka ved Rollag barneskole. Det deltok 13 elever. Av disse hadde 4 stk. sitt første møte med våpen/skyttersport. Alle elevene fikk skyte flere serier, men først etter en grundig gjennomgang av sikkerhet og skyteteori. Høydepunktet var å avlegge ”Storviltprøve” med 5 skudd mot en reinsfigur. Alle som deltok fikk utdelt diplom og forskjellige saker som vi velvillig fikk tilsendt fra skytterkontoret.

Sak 2. Bruk av E-post

Ungdomsnemda vil forsøke å ta i bruk E-post som informasjons/kommunikasjons verktøy. Dette er rasjonelt og i takt med tiden. Så får vi se om det fungerer i praksis. Første testen blir informasjon om Innendørscup 1. runde på Fiskum.

Tiltak	Ansvarlig
➤ Vi lager en adresseliste over ungdomsskytterne som vi kompletterer etter hvert.	Olav

Sak 3. Aspirantskyttere

For å ”fange” inn nye og ”gamle” aspirantskyttere vil vi bl.a. forsøke følgende:



Dei tre dugleiksmerkene i bronse, sølv og gull

Tiltak	Ansvarlig
➤ Skaffe oss oversikt over alle de aspirantene som kommer på trening tirsdager og lørdager.	Olav Kjetil
➤ En gang i måneden invitere foresatte/foreldre til en kopp kaffe m/ noe å bite i. Ved å legge til rette for at de voksne treffes håper vi at et miljø kan skapes rundt de nye aspirantene. Vi håper at styret bevilger oss litt til kaffe med mer.	Inger
➤ Stimulere alle aspirantene til å delta på førstkommende innendørsstevne på Folkehøgskolen. Vi vil sende med aspirantene brev hjem om dette	Inger

Sak 4. Oppfølging av etablerte ungdomsskyttere.

Som nevnt i årsmeldingen til den ”gamle” ungdomsnemda, vil vi prøve å etablere en fadderordning mellom voksne med ”trener kompetanse” og med ungdommene. Her er vi på upløyd mark og vår oppgave må være å foreslå løsninger som begge partene i fadderordningen er fornøyd med. Etter at innesesongen er over må vi evaluere forsøket.

Tiltak	Ansvarlig
➤ Sende forespørsel til seniorskytterne på om de ønsker å delta i et fadderprosjekt.	Olav
➤ Presentere opplegget for ungdomsskytterne for innspill	Olav

Vi vil stille følgende spørsmål til fadderne.

Kan du tenke deg å la deg velg til fadder/trener for en eller flere av ungdomsskytterne våre ?

Ø Vi tenker oss 3 grupper:

R+ER (liggende skyttere), JR (liggende-knestående) og ferske klaseskyttere (1’ste evt. 2’dre års klaseskyttere)
Ø Vi vil foreslå at de som ønsker å delta velger en av de tre gruppene ut i fra kompetanse, interesse osv. Hvis dere ikke har noe imot det kunne vi jo la ungd.skytterne velge mellom dere slik at de tar initivet til hvem de vil ha som instruktør?

Dette er altså et forslag - ingen oppskrift. Kom innspill/konstruktiv kritikk. Kanskje finner vi fram til den rette oppskriften. Ambisjonsnivået vil nødvendigvis variere over hele spekteret. Vi er sikre på at både de med høye og de med ikke fullt så høye ambisjoner, vil ha glede av å få bedre oppfølging.

Møte slutt kl 08.30?

OT

Målselv 2006

Det er mange Landskyttarstemne å skrive om og det er mange høgdepunkter gjennom åra både for laget og den enkelte skyttar. Skal ein dra fram eitt som står som det ultimate høgdepunkt for alle må det bli Målselv 2006.

Vi skal ikkje nemne at reisa er lang, for reisa er oftast lenger for dei nordpå kvart år, dei har jo landsstemne i sin landsdel berre to gonger i kvar 10-års periode. Men reisa dette året er viktig likevel, fordi ho vart så fin for oss som reiste saman.

Vi tok tog til Gardermoen, og fly til Tromsø der vi leigde bil. Ein gamal folkevognbuss som nok hadde sett sine betre dagar. Vi hadde ikkje kjørt langt før vi oppdaga eit høl i golvet!

Før LS starta var det Norgescup på ulike banar i Troms. Etter det gjekk turen inn langs Målselva. Vi passerte Rundhaug der eg under førstegangstjenesten spela for Leikaringen kvar veke i 8 månader. Så kom vi fram til Øverbygd. Vi hadde, saman med fleire lag i Numedal leigd oss inn på Holmen leir.

Eg hadde sjølv vore ni månader på Skjold og var kjent i området. Eg skaut Landskyttarstemnet i Øverbygd i 1971, men hadde ikkje vore der etterpå. Den gongen var eg åleine frå Rollag og Veggli. Thorstein Revå var på-meldt, men kom ikkje til å reise. Men det rare var at han fekk ein premie sendt i posten. Ein eller annan hadde lura seg inn på plassen til Thorstein.

Det var spesielt å koma tilbake.

Men no skreiv vi 2006 og det skulle bli eit fantastisk stemne. 13 finalistar frå Rollag og Veggli i ulike klasser og øvelsar. To av dei skaut til og med i kongelaget, Liv Åsne og John Melvin. Lykkerusen var stor og onsdagskvelden vart minnerik. I tillegg skaut Geir, Vidar og Lill banefinale. Liv Åsne fekk 99 i finaleomgangen og blei tatt opp på scenen, der Kjell Kristian Rike laga show for NRK. Liv Åsne vart til slutt nummer fem, eit overveldande øyeblikk for oss som var der. Geir skaut 100 i finalen og klatra mange plassar, han blei til slutt nummer seks, rett bak syster si. John Melvin fekk ein serie ut til høgre og datt nedover listene, men Vidar og Lill skaut seg til stjerner. Og så stolte vi var!

I alt fekk skyttarar frå laget 6 medaljer og stjerner. Lill Kristin vart beste kvinne i felt og dermed napp i Brdr. Lohnes pokal. John Melvin fekk Adresseavisas pokal for beste 15 skudd. Liv Åsne og Geir fekk DFS sølvbeger for



John Melvin mangeårig formann og skyttat blir tatt i mot etter at han skaut seg til kongelagsplass i Målselv i 2006. Sjå kor glade lagkameratane er.



Erling Fulsås, Lill Kristin Fulsås og Narve Fulsås. Erling var mentor for Lill Kristin og ho veit å takke han for all oppmuntrin og gode råd gjennom mange år.



Men Erling fekk ikkje oppleve den store triumfen til Lill da ho vann Bjørnetrofeet som beste kvinne i feltskytinga i Målselv i 2006. Men Vidar Gaarder og Liv Åsne Kongsjorden Teksle veit å verdsetja prestasjonen.

plass blant dei 7 beste på bane. Even fekk finaleberger for 5 plass i felthurtig. Roar fekk Esemedalja i gull for seier i samlagsskyting, saman med Trond Bergan, Rune Fekjan og Knut Bråten.

I tillegg hadde Ellen 30 på felten og Synne debuterte som senior med 29, finale på begge. Anders Eriksrud og Nils Kongsjorden skaut også feltfinale. Og Sara Tveiten skaut feltfinale i finfelt.

Og så stolte vi var! Etterpå syntes vi vi hørte «Rollag og Veggli» over høgtalarane i lang tid.

Vi fekk kommentarar frå både kjende og ukjende. Og i tida etterpå hørte vi folk frå bygda fekk kommentarar, dei hadde hørt om Rollag og Veggli skyttarlag. Vi kjende det som eit eventyr og vi nøyt det å vera i eventyret.

Ingen andre lag i landet kunne vise til liknande resultat. Heller ingen samlag kunne skilte med like mange finalistar som Rollag og Veggli det året, heller ikkje like mange medaljer og stjerner.

Men dieselpriisen var den same i Troms som i Veggli.



Også skyttarane tok eit tak i anvisargrava. Halvor N Fulsås er ikkje nokoo unntak.



Lange dagar gjer at ein må ut i skogen...

Anvisarhjelp

I gamle dagar før all elektronikk, før sjøllebande lappar, ja før alt, hadde ein god tid. Ein dag på banen var heil dag, ikkje noko hast med noko. Folk møtte opp da det enda var dogg i graset og blei der til dogget atter la seg i det same graset. Anvisarane var anvisarar og berre det. Dei skreiv ikkje ned noko som helst. Det vart gjort på standplassen som var laga slik at ein kunne sitja bak skyttarane på ein benk med eit skrått «skrivebord» framfor seg. Skyttarane skreiv for kvarandre. Kontakten med anvisargrava gjekk på telefon, tyske militæreffekter som sto att etter herrefolket vart gitt skyttarlaga. Dei virka om ein heldt klaffen i luren inne.

Anvisarane hadde ei oppgave, å vise skyttarane kva dei hadde prestert. Det var ikkje sjøllebande lappar. Nei, kvar anvisar måtte blande lim sjøl i ein fiskebollboks der lokket ikkje var opna heilt, men kunne brettast opp. Dette oppbrettet vart så spikra fast på skivestativet og hekk der til bruk frå gong til gong. Til slutt var dei så fulle av størkna lim at dei måtte byttast ut. Limet vart klint på skiva rundt kuleholet med ein pensel. Og penselen var ei tomhylse med hestetagl stappa ned i hylsehalsen. Halsen vart så klemt saman med ei tang. Veldig praktisk og veldig billig. Denne penselen sto nedi boksen til oppbevaring. Det var eit men - limet var tyntflytande og vart påført i rikelege mengder. Så skivene var fulle av limstriper, ein kunne sjå dei frå standplass. Og etter bruk vart ofte skivene tatt ned og rulla saman. Og når ein skulle bruke dei att hørte ein det størkna limet sprekke opp. Det var som flatbrød. Denne limboksen på skivestativet, med hylsepenselen oppi er eit bilde som har festa seg i minnet.

Før elektronikken gjorde sitt inntog var anvisaren det viktigaste ein hadde. Mange var trufaste og stilte opp stevne etter stevne og år etter år. Laget viste anvisarane respekt tilbake og ordna skikkeleg opp med dei. Her er oppgjøret for anvisninga ved Samlagstevnet i 1969:

Skyttarlaga fekk gamle militære telefonar til bruk på banen. Dei fungerte ganske godt berre batteria var i orden. Ved hjelp av telefonen vart resultatata lese opp og notert på kontoret. Seinare fekk vi et wiretrekk, der ein gamal sykkel var montert opp i ein stolpe. Gravkorta vart samla i ein pose og sveiva ned. Det gjekk det og!

Laget var imidlertid avhengig av gode hjelparar for å få avvikla eit stemne. Her er oppgjøret for anvisingshjelpa ved samlagstevnet i Veggli i 1969. Omrekna til 2018 kroner ville timelønna vore ca 46 kr. Så dei med 12 timars jobb ville fått omlag 560 kr for jobben. Ikkje dårleg det for gutar på 14-17 år

Anvisning på Samlagstevnet 1969

Ove Berg 12 t a kr 5 = 60 kr
Knut Toeneiet 12 t a kr 5 = 60 kr
Ivar Toeneiet 12 t a kr 5 = 60 kr
Jan Kåre Nettet 12,5 t a kr 5 = 62,50 kr
Åsmund Tråen 6 t a kr 5 = 30 kr
Kjell Hongseth 14 t a kr 5 = 70 kr
Ole Fjose 4 t a kr 5 = 70 kr
Ole Jonny Haukjem 6 t a kr 5 = 30 kr
Odd Eldar Tveiten 14 t a kr = 70 kr
Geir Strømmen 14 t a kr 5 = 70 kr
Sigurd Fjose 14 t a kr 5 = 65 kr ?
Tormund Strømmen 14 t a kr 5 = 70 kr
Bjarne Haugen 13 t a kr 5 = 65 kr
Gudmund Holtan 14 t a kr 5 = 70 kr

Arild Kristiansen 14 t a kr 5 = 70 kr
Jan Holtan 14 t a kr 8 = 112 kr
Alf Simensen 14 t a kr 8 = 112 kr
Trond Haukjem 14 t a kr 5 = 70 kr
Kåre Stryse 12 t a kr 5 = 60 kr
Håvard Jensen 7 t a kr 5 = 45 kr
Sum 1311,50 kr

Vi ser at Jan Holtan og Alf Simensen fekk 3 kr meir per time enn dei andre. Det fordi dei hadde ansvar for å skrive ned resultatata.

Arrangøren Rollag og Veggli

Det er omskrivi andre stader at vi ville laga eit stemne i bygda det skulle gå gjetord om. Vi inviterte dei 15 beste frå Norgescupen året før med personlege brev og vi satsa på eksklusive premiar. Ein reise-TV og reinskort i Numedal statsalmenning på Hardangervidda. For å få dette til å lykkast fann vi ut at vi måtte bygge ein organisasjon med eit så nær profesjonelt opplegg som mogleg. Systemet vart bygd og smurt så alt gjekk på skinner. Vi kjende jo speakertenesta på Landsskyttarstemna og var vel av dei aller fyrste som bruka speaker på opne stemne. All logistikk vart gjennomgått med omhug og presisjon. Og vi fekk lovord for stemna våre. Ved eit par anledningar hadde vi video overføring frå standplass og inn på skyttarhuset.

Men vi ville meir. Vi ville ha Østlandsmestskapet i feltskyting og fekk det to gonger. Eventyrlege arrangement der kreativiteten vår blomstra. Det fyrste ØM i 1993 vart sjølsagt planlagt til den minste detalj. Vi hadde base på Numedal Folkehøgskule, Idrettsskulen. Feltløypa starta i Ulvik og gjekk over til Langerud, opp ved Kleiverud og over Kleiverudåsen ned til Bromsdalen og Tuterud. Løypa vart lagt slik at ingen såg måla før dei var inne på standplass. Det var ein venteplass før kvar standplass der ingen kunne sjå kva som foregjeikk. Den store nyvinninga var av resultatmessig art. Vi sende resultat frå eit av holda inn til kontoret via telefaks. Vi fekk lov og koma inn i eit hus langs løypa, og der hadde vi telefonforbindese. Så når skyttarane kom inn etter ein nokså lang runde var resultatane klare!

Teknologien endra seg, og da vi fekk ØM på nytt i 2008 gjorde vi det same, men denne gongen sende vi resultatane med MMS. Østlandsmesterskapet i 2008 hadde base på Samfunnshuset i Rollag og runden var også denne gongen nokså lang. Den endte opp ved Toresenga i Flesberg. Skytemessig hadde vi og ei nyvinning det året. Nemleg det fyrste elektroniske målet på eit så stort feltarrangement. Ved Juvenes i Flesberg hadde vi eit hold på 650 meter og altså på elektroniske skiver.

Vi søkte og fekk Viken 1 i feltskyting i 2005. Dette stemnet hadde base på Numedal kro og fylgde omtrent same løypa som under ØM i 1993. Utfordringa var å finne finfeltløype til dette mesterskapet. Det løyste seg med nokre hold over Laugen. Oppmuntra av suksessen søkte vi og om å få Nordisk mesterskap med både bane og feltskyting. Det fekk vi ikkje, men vi fekk Norgescup fleire gonger. Og vi fekk Nationen-finalen eit arrangement vi hugsar.

Nationen-finalen

Vi ville meir! Vi søkte om å få Nordisk mesterskap, men fekk det ikkje. Vi søkte om å få NorgesCup og fekk det. Artige stemne med mange hundre skyttarar frå absolutt heile landet.

Vi søkte også om å få arrangere Nationen-finalen og fekk det. Nationens landskyting har ei lang og god historie. I lagsarkiva kan ein finne unge skyttarar frå Veggli og Rollag som skaut seg til premiar i heimebaneskytinga tidleg i 1960 åra.

Også her fekk vi grundige og gode planar for gjennomføringa. Lars Ole Skogen og John Melvn Tveiten reiste året før avstad for å lære av den forrige arrangøren.

Heimebaneskytinga dannar grunnlaget for finalen, dei 20 beste blir innbedne til finaleskyting. Sjølvskytinga er ikkje utfordrande for ein arrangør, men rammene rundt og særleg banketten på kvelden er utfordrande. Den krevde stil og høgtid. Edvin Aamot vann finalen. Og vi, arrangøren, vann banketten tør vi påstå. Den vart gjennomført med stil og humor.

Ved sidan av alle detaljane satsa vi tidleg på dataløysingar. Vi har mange flinke folk, men fornærmar ingen med å framheve Nils Kongsjorden som den drivande her.

Tidleg fekk vi kjennskap til elektronisk anvisning og to karar frå Nordstrand i Oslo som hadde laga ei elektronisk skive knytt til ein vanleg pc. Vi satsa og kjøpte ei til 200 meteren som ei treningsskive. Og ein dag kom Morten Wallø Tvedt og Per Arne Karlsen køyrande med skiva, på taket av ein gamal Golf. Og som alltid laga vi ein liten seremoni av innviinga av skiva. Erling Fulsås som da hadde vorte sjuk fekk æra av å skyte det fyrste skotet på skiva – ein velplassert 9`ar.



Da vi skulle gjera om grava og tilpasse oss dei nye elektroniske skivene fekk vi Kåre Stryse i Stryse MEK til å finne smarte leysingar. Han tok oppgava og laga geniale løysingar for oss. Det fekk ringvirkningar. Stryse Mek har no, per juni 2020, levert 200 anlegg til skyttarlag rundt i heile landet.



Da vi skulle arrangere ØM i feltskyting i 2008 vill vi prøve noko nytt. Vi fekk med oss Kongsberg Mikrolelektronikk til å fikse ei løysing for elektronisk anvisning. Det var ikkje prøva før i større samanheng. Vi hadde hold over Lågen på delet mellom Rollag og Flesberg. Det virka, enda ei nyvinnig var nådd!



Fektanvisning o lapping på gamlemåten er fortsatt den mest nytta. Her er Pelle Westerlund og Åsmund Traaen i full sving under Vikenmesterskapet.

Seinare kom både Norma, med skiver frå Kongsberg Mikroelektronikk, og MegaLink med sine elektroniske skiver og etter ein omfattande testperiode valde vi MegaLink. Noko som må seiast vera eit lykkeleg val. Vi var tidleg ute i denne prosessen òg. Nils Kongsjorden, John Melvin Tveiten og Magne Gaarder vart gode samarbeids-partnarar for MegaLink og begge desse var med på å utvikle produktet. Og vi fekk finansierte 14 skiver på 200 meter. Ikkje lenge etterpå kasserte vi skivetrekket på 100 m og fekk til 9 skiver der også. Og så snart vi fekk sjansen til å sende skyttarstevne «live» gjorde vi det via link til ein gard på vestsida av Lågen. Folk kunne no sitja verda over og følgje direkte sendt skyttarstemne frå Dusterud i Veggli.

Vi fann ut at alle dei 14 skivene på 200 meter måtte kunne heisast opp og ned med lettvtint styring frå standplass. Vi ga Kåre Stryse i oppdrag om å finne ei løysing med skivestativ og motortrekk. Og sølvsagt leverte Kåre Stryse ei god løysing på dette, noko som resulterte i at han i dag leverar skivestativ med motortrekk til skyttarbanar over heile landet. No lagar han også konteinar til oppbevaring av skivene, noko som sikrar skivene på ein god måte. Stryse Mek. leverte sine løysingar i 2018 til den nye Politihøgskulen. Skyttarlagsarbeidet har gitt ringvirkningar som vi ser.

Vi som hadde hatt svært god hjelp til anvisning av jegarmedlemene våre gjennom mange år, opplevde no at eit stevnearrangementet kan gjennomførast med ein svært liten stab. Jegarane la merke til dette dei også. Ein av dei trufaste var humoristen Peder Toeneiet. Han ga uttrykk for at han ikkje lika utviklinga, han var redd for anvisar-jobben sin og truga med at han skulle lenke seg fast til dei gamle skivestativa for å hindre at elektronikken overtok! Ryktet om denne spøken nådde Laagendalsposten som sendte ein journalist oppover for å dekke aksjonen!

Arrangøren Rollag og Veggli skyttarlag fekk altså i løpet av 1990-åra eit renommè for stevnene sine. Det førte til at vi fekk mange deltakarar på stevnene og vi registrerte at andre tok etter våre idèar til gjennomføring. På den måte kan vi seia at vi har vore med på ei utvikling av skyttarsporten arrangementsmessig.

Sekskantfinalen er utfordrande. 30 skot i tre stillingar og anvisning etter kvart skot. Kvart-match blir det kalla. Her er det interessante kva kvart lag har av poeng til ei kvar tid. Nils Kongsjorden laga ei løysing på dette i regne-arket Excel. Denne løysinga til Nils har satt spor og er adoptert av seinare arrangørar.

Vi er stolte av arrangementa våre. Der andre lag rotar på til det er mørkt om kvelden og ikkje har resultat og premieoppgjør ferdig før lenge etterpå, så har vi alt klart innan rimeleg tid, og alt er oppgjort når siste skyttaren reiser heim. Slik skal det vera!



Speakertenesten vår utvikla seg til å bli god. Så god at vi fekk oppdrag utanfor laget. Her er to av dei i aksjon, Even Tråen og Roar Kongsjorden. Men mange av dei andre har og «Spikra» mest kanskje Halvor Kongsjorden, han har vore fast på Ungdomsstevnet under finalane i Flesberg i mange år no.



Mangeårig formann Magne Gaarder vart hedra av Rollag kommune med kommunen sin kulturpris i 2015. Prisen vart utdelt i den nye skytehallen, ein hall Magne gjorde ein stor innsats for å få til. Frå v. kommunens Gunn Hege Laugen og ordførar Dag Lislien. Til høgre prisvinnar Magne Gaarder.

Ved skydepavlijongen

Det er seint i april 2019. Eg er på veg inn mot Lonnehaug der den fyrste skytebanen i bygda var bygd. Kjetil Kleiv er med som kjentmann. Eg har aldri vore her før, berre høyrte snakk om det.

Her er det! Her låg Fredheim, skydepaviljongen som ikkje alltid var fredfull. Høgt oppe frå jordene på Landsverk låg det. I fjellet er sett ned to jarnboltar - det er ikkje opplagt kva dei skulle tene til. Men dei er der og hadde nok ein misjon, ein gong. Det er kol i bakken under torva. Eg ser for meg gnistregnet og eg ser dei springe bort dei som tende på. For folk seier det vart påtent. Felemusikken stilna med det. Det vart ikkje dansa meir, festen var over, no vart Fredheim fylt med fred.

100 alen lenger vest ligg ein mur, skivevoll må det vera. Bak denne låg gutungane som skulle vise an treff og verdiar. Huttetu, dei steinane ga ikkje mykje sikkerheit.

Dei flutte så lenge nord i klukkargardseiga og bygde ny bane. Vi går dit. I lyngen ligg ein sjølanvisar. To-deilt, treff i den øvre deilen ga signal på venstre side og treff i den nedre ga signal på høgre side. Nokon har snudd han, rusta pregar innretningen. Eg synes å høyre klagen i stålet for kvart skot. Det var ikkje hørslesvern den gongen.

Våren er full av lydar, fuglesongen lyder. Her er grava til 100-meteren, solid mur, men skivestativa står til alle kantar. Minnest eg skaut eit par skot der med salong.

Standplassen er overraskande lang og solid, men han er mest heilt nedgrodd. Pillarane til huset dei flutte til Veggli står der, takstein ligg att og eit vindfall ligg over tomta.

Brått høyrer eg stemmer og ser for meg skyttarane stå klyngevis bak standplassen. Somme i kjeledress og hatt, andre i slitne dressjakker og sixpence.

Det er oktober 1945, det er svart av folk. Fem år utan lov gjev folk ein sterk trong til å skyte att. Kittil Tråen er formann, stemninga er god. Eit lag skyt, eit neste og. Men så blir det uro. Eit tidlegare NS-medlem går fram på standplass med borse og ammunisjon. Mumlinga bak standplass aukar i styrke. - No Kittil må du vise deg som formann! Dei ville ikkje gje den tidlegare NS-mannen lov til å delta. Kittil gjekk fram til han på standplassen og tok han i skuldra. «Det er nok best du går heim»! Karen pakka stille saman det han hadde og gjekk nedattover bergo og heim. Fem år under jarnskodd hæl var nok, no ville dei ikkje ha meir av dette.

Eg sto no og såg nedover stigen som gjekk opp frå Klukkargarden. Såg plutsleg mange detaljar i stigen. Ein stein der og ein vassig der. Flashback heiter det på engelsk.

So høyrde eg nye stemmer, eikermål denne gongen. Eg er plutsleg med på ei pokalskyting mot Fiskum. Den årlege som alle såg fram til og som alle snakka om eit år etterpå. Oj, her var mykje nytt, fine patronkuffertar og fine kjeledressar og skyttarluer og ikkje minst solide beksønstøvlar. Fiskum hadde hatt både konge og prins, så dei måtte kle seg må vite.

Mor var venteleg på sjukehuset, for eg fekk vera med opphavet både på banen og festen på Leikvang om kvel-den. Lukta frå småmaten til Anne Mogen og kassene med bayerøl er det einaste eg hugsar frå «banketten».

Eg fekk sjøl vera med på ei slik pokalskyting på Fiskum på slutten av 60 talet, truleg den siste. Må skrive litt om den: Vi reiste til Fiskum, kor mange vi var hugsar eg ikkje, men eg hugsar Gunnar var med, Halvor N Fulsås, Kittil Haugen, Alfred Wiken, far og Halvor Prestmoen. Programmet var 30 skot fordelt på to 15 skot i tre stillingar. Den fyrste med anvisning etter kvart skot, den andre som ei vanleg klasse. Eg var uerfaren og skrudde feil veg, skaut til venstre og skruva til venstre! Det gjekk heilt gale. Men eg tok det att på den siste i seriar, der fekk eg 126 poeng, berre Halvor Prestmoen hadde meir frå Rollag, med 132 poeng.

Så attende til 2019. Grava på 300 m må vi finne. Bratt oppover. Rollagbanen var tung! Dei sa det gamlekarane at dei trenar på tung bane og når dei så kom ut på lettare banar så skaut alle mykje betre.


Heilt inngrodd finn vi grava. Ein voldsom mur inne i det tettaste, ein må nesten stange i muren for å finne grava. Vi pratar om arbeidet dei måtte hatt for å få bygd dette.

Det er hogge inn bokstavar i muren. R L er gjerne Reidar Lind og J S er gjerne Johan Solberg.

Bak skivene er ingen voll, men fjell. Merker etter kulene visest enda, tett i tett. Langt lenger opp mot Bratteberg låg 600 meteren, den ga vi pokker i. Langt og bratt og tette kratt. Nei vi hadde fått nok inntrykk. Svarttrosten song herleg og vi kasta eit siste blikk på ei furu, med to isolatorar. Dei hadde telefon.....



Kulefang på den fyrste skytebanen i Rollag, opp for Lonnehaug.



Kulespor i fjellet bak grava på 300 meteren i Rollag.

Ulike lagskytingar

Sekskanten

Ein av dei mest prestisjetunge tevlingane for skyttarar i vår del av skyttarnorge var Sekskanttevinga. Frå ein beskjeden start med konkurranse mellom to, og opptil fem samlag, alt frå 1925, voks det fram til ei ordning frå 1939. Da vart det seks samlag og seks skyttarar på kvart lag. I starten var Drammen, Vestfold, Grenland, Telefylket Østre, Numedal og Ringerike med. Seinare trekte dette Telefylket seg og Hallingdal kom med i staden. Grenland har gått ut som samlag etter det og i dag er det Drammen, Vestfold, Telemark, Numedal, Hallingdal og Ringerike som er med. Ein periode stilte kvart samlag med sju skyttarar, men berre dei seks beste telte. Det vart fornuftigvis gjort om så i dag teller alle sju.

Det er vel ikkje farleg å seia at Numedal har vore med å dominere denne tevlinga. Og at skyttarar frå Rollag og Veggli har hevda seg bra gjennom åra. Desse skyttarane har skote sekskant frå Rollag og Veggli. Torstein Kongsjorden, Torleiv Kongsjorden, Hans N. Traaen, Halvor Kongsjorden, Knut Storemoen, Halvor Prestmoen, Thorstein Revå, Ragnar Tveiten, Harald Tveiten, Even Tråen, John Melvin Tveiten, Ove Helgesplass, Geir Kongsjorden, Halvor Kongsjorden, Nils Kongsjorden, Liv Åsne Teksle, Roar Kongsjorden, Lill Kr. Fulsås, Ellen Nørstegård Tråen, Synne Nørstegård Tråen, Vidar Gaarder og Kristoffer Grette. Skyteprogrammet har alltid vore sokalla kvartmatch, eller 30 skudd med 10 skot i kvar stilling.

Numedal/Vestfold

Same programmet var det i tevlinga Numedal-Vestfold, nemleg 30 sk. Dette var ein etter måten stor konkurranse i det kvart lag stilte med 20 skyttarar. Konkursansen vart nedlagt, trass i et dette var eit høgdepunkt for mange både i Numedal og Vestfold.

Samlag

Slik vi kjenner det i dag har vi i Rollag og Veggli høyrte til Numedal skyttarsamlag sidan i 1913. Før det hørde vi innunder Buskerud Folkevæbningslag frå 1881-1892. Vi kom inn under Buskerud skyttersamlag i perioden 1892-1906. Deretter hørde laga i Numedal til Drammen skyttersamlag i åra frå 1907-1912. Den 8. mars 1913 var Numedal skyttersamlag stifta på Kongsberg. I starten var det heile 21 små og store lag med i Numedal, frå Mjøndalen til Dagali. Det var heile fire lag i Flesberg kommune eksempelvis. Eitt av desse var Skogen i Svene, truleg Fønsetskogen.

I dag er Eker, Fiskum, Kongsberg, Jondalen, Flesberg og Rollag og Veggli lag som har aktive skyttarar. Dei andre laga, som Blinken i Sandsvær og Nore og Uvdal er der mest for jegarane .

Øvre Krets

Samlaget var delt inn i ein nedre og ein øvre Krets. Jondalen og oppover dalen hørde til Øvre krets. Kongsberg til nedre. Kvar av kretsane hadde årleg stemne, eit vinterstevne og eitt banestevne.

Vi veit om konkurransar i Øvre Krets frå 1930-talet. Rollag dominerte i fleire år. Det er sagt dei vann lagskytinga på bane i sju år etter kvarandre. På dette gamle storlaget var brørne Håken, Kittil og Hans Tråen faste. Brørne Torstein og Tollev Kongsjorden og Torstein og Torleiv Hov. Om ikkje kvart år så var dei med somme år. Per Solberg var også på laget. I starten var det kvartmatch også her, seinare vart det vanleg mesterskapsprogram, med 15 skudd, 10 skudd og omgang.

Øvre krets var eit populært stevne. I ei tid da folk ikkje var særleg vidfaruge, var Øvre Krets eit svært godt



Gylt sekskantmedalje, gis til alle på vinnarlaget. Medalja fins også i sølv og bronse.

stevnetilbod. Uvdal, Nore, Veggli, Rollag, Lyngdal, Flesberg, Laugen, Svene og Jondalen hadde alle lag med i denne årlege tevlinga. Slikt lokalt stevnetilbod var ein fin rekrutteringsarena. Terskelen for å bli med var låg, og premiering etter gamlemåten ga mange ein sjans til å oppnå noko. Før i tida heitte det seg at ein skyttar kunne få berre ein gavepremie i kvart stevne. Sto ein til premie på to femskuddar eksempelvis, gjekk ein av premiane til den neste på lista. På den måten reiste mange heim med premiar, overraska og glade.

Even Tråen vann mesterskapet fem år på rad rundt 1980. Det sjette året, i Lyngdal, var han ikkje med, men tok sitt sjette året etter. Åge Bjøråsen vann det i Lyngdal same dag som uthuset brann heime hjå han.



Medaljer frå lagmesterskap i Rollag og Veggli skyttarlag. Miniatur og felt



Numedal skyttersamlag sine mesterskapsmedaljer i gull og sølv. Samlagets mesterskapsstjerne i midten.

Innetrening

Begge dei gamle laga i Rollag og Veggli starta innetrening alt på-50 talet. Rollag hadde trening på Leikvang og Veggli på ungdomshuset i Veggli sentrum.

Mange fekk bygd om ein Krag Jørgensen til miniatyrrifle med salongløp som dei sa, eller cal .22 som ein ville sagt i dag. Det er lite nedskrivi om denne treninga, men eg veit Hans N. Traaen øydela karriera si på Leikvang under ei trening. Ei patron eksploderte og han fekk ein metallsplint inn på augeeplet som han aldri fekk utatt. Han var harm for det, kan eg hugse. Dette skjedde i 1957 eller 1958 og Landskyttarstenmet på Kongsberg i 1959 vart soleis øydelagt for Hans. Han hadde trenar og sett fram til det. Dette sagt også for å belyse at ikkje alt utstyr heldt dei nødvendige sikkerhetskrev den gongen, ei heller amunisjonen vil eg tru.

Alt under 2. verdskrigen trenar dei med finkaliber i låven på Kongsjorden. Illegal trening kalla dei det.

Da sentralskulane vart bygd i 1958 vart det etter kvart halde inneskyting i kjellaren, i alle fall på Rollag skule. Andreas Lind sto for dette og eg fekk mi fyrste medalje i denne kjellaren.

Etter samanslåinga av dei to skyttarlaga i 1970 vart det trening i bomberommet på Fylkeskulen (Idrettsskolen i dag) Her var særleg Gudmund Jaren ivrig og arrangerte trening også for elevane på skulen. Han var som kjent lærar der og kjente alle. Det var stor aktivitet. Men klein ventilasjon!

Da Hallvard Smørgrav sørga for at bygda fekk svømmehall på slutten av 1980-åra, la han tidleg inn planar for skytebane i kjellaren på dette store bygget. Laget fekk i oppdrag å inndrede eit stort og egna kjellarrom til skytebane. Her bygde vi kulefang til 8 skiver, skillevegg mellom opphaldsrom og sjølve skytehallen. Vi fekk godt med lys. Ideelle forhold som du skjønar. Og det mest ideelle var at for arbeidet med innredning, så ga Smørgrav oss fri bruk i 20 år!!

Bygget sto ferdig i 1989 og treningsforholda vi fekk der var med på å bygge grunnmuren for dei beste åra i laget.

I starten var det sjølsagt pappskiver, noko som gjorde at skyttarane gjekk fram og såg skivene sine på treningane. På stevner hadde vi funksjonærar som gjekk fram og tilbake for å vise skyttarane skivene. Elektronikken gjorde etterkvart 15-meterskytinga lettare og vi ønska oss elektroniske skiver. Og som så mykje anna, vi fekk til det òg. John Melvin Tveiten sto for planlegginga av dette arbeidet. Laget eigde skivene. Nye gode treningsforhold og nye mål vart nådd.

Men alt er forgjengeleg, etter dei 20 åra endra rombehovet seg for Idrettsskulen, økonomien også. Da vart vi forespeila ei husleige vi ikkje kunne makte. Og tanken om ein eigen hall på Dusterud voks fram. Formannen Magne Gaarder fekk med seg Geir Kongsjorden til å jobbe fram ei slik løysing. I 2011 skreiv laget enda ein spillemiddelsøknad «ny 15-m innendørs skytebane på Dusterud, Veggli».

I søknaden står mellom anna dette: *den nye 15 m innendørsbanen er i praksis et tilbygg til Rollag og Veggli skytterlags skytterhus på Dusterud i Veggli og er planlagt i henhold til kravene i Det frivillige skyttervesen (DFS) sin veiledning for «Innendørs skytebaner for kaliber .22 av juni 2007».*

Banen vil bestå av et rektangulært banerom, samt et gangparti med adkomst fra kjelleretasjen i det eksisterende skytterhuset.

Byggeleder var Geir Kongsjorden og han har skrivi punktvis korleis dette arbeidet gjekk:

Behov for ny innendørsbane kom opp rundt 2005, fordi både skytterlaget og Idrettsskolen hadde økt aktivitet i skytebanen/dansesalen. Vi så også at kombinasjonen med skytebane og dansesal ikke var forenelig med HMS-kravene.

Vi så at DFS-skyting på 15 meter «er framtida», og vi planla ut fra at vi skulle ha et anlegg som tilfredsstiller kravene framover.

I 2010 starta prosessen med å bygge ny hall på Dusterud og i 2012 hadde vi fått nok økonomiske midler til at

vi startet. Sparebankfondet og Tippemidler, samt egne midler. Styret stod som prosjektleder.

Høsten 2012 ble tomte sprengt og gravd ut.

Vi hadde besluttet å bygge hallen i betongelementer. Bakgrunn for dette var pris, lavt behov for vedlikehold.

Hallen ble planlagt oppvarmet med vannbåren varme, energihull ble boret.

De uinnredede rommene i skytterhuset ble omgjort til garderobe og teknisk rom.

Midtsommeren 2013 ble hallen montert, og egeninnsatsen startet.

Dugnadstimene ble ca. 2000 timer.

Skytehallen ble åpna av ordfører Dag Lislien november 2013.

Hallen ble omtalt som en av landets flotteste.

Dugnadsinnsatsen fra hele bygda var stor. Entreprenører og fagfolk stilte villig opp med maskiner og utstyr.

Skytehallen kostet 2,8 mill, og skytterlaget satt igjen med et lån på kr. 150.000 etter at prosjektet var ferdig.

Her ser vi nok eit prov på dugleiken i medlemsmassa, interessa for å skape noko og få ting gjort. No rår vi grunnen åleine. Vi kan trene klokka 2 på natta om vi vil. Det er berre å slå på ein brytar så er alt klart.



Sterke drivkrefter. Geir Kongsjorden og Magne Gaarder skal ha takk for det voldsomme arbeidet dei gjorde med å få til den nye 15-metersbanen i forlengelsen av skytterhuset. Utan det dei gjorde, hadde det ikkje blitt noko i det heile.

Om skyttarhusa i Rollag og Veggli.

Fredheim

Med det siste nye skyttarhuset på Dusterud har det vore i alt fire skyttarhus i kommunen.

Det eldste er sannsynlegvis det som sto ved Lonnehaug på Landsverk i Rollag. Eg seier sannsynlegvis fordi det er sparsomt med opplysningar frå Veggli før århundreskiftet.

Alt i 1883 finn vi dokumentasjon på bygging av skyttarhus. I ein butikkprotokoll frå Toreshov i 1883 finn ein følgjande:

Rollags skytterlag.

6 hundre 3” spiger 2,40

1 Do 4” Do 0,50

1 Kammerdørlås 1,40

111 St 1» Skrue 1,30

5 par Hengsler 1,50

6,90

1883 er tydelegvis byggeåret for skyttarhuset på Lonnehaug. Kva skulle dei elles med so mykje spiker? Standplass og grav hadde dei ikkje, så det var nok til hus det gjekk. Og skivene dei hadde den gongen var av tre eller kanskje var det ei malmskive.

Dette huset vart bruka mykje, noko anna forsamlingshus hadde dei ikkje i bygda, utanom skulehusa. Og snart fekk huset og laget eit lurvute rykte. Og kanskje med rette, for her drakk dei og her sloss dei. Huset vart likevel kalla Fredheim.

Noko skriftleg som kan førast til huset finn me ikkje før i 1894. Altså året etter at DFS vart stifta. Frå møteprotokollen 9/9-1894:

Præmieskydningen bestemtes til fredagen 28 sept førstkommnde hvorefter fest i skytterlagets pavilion samme aften. Det skulle serverast punch på festen.

Men dette fyrste skyttarhuset brann ned og mange meinte det var påtent.

Leikvang

Så var det Leikvang som skyttarlaget og ungdomslaget bygde saman. Det vart innvia i 1913 og var ved sida av Folkets hus, det mest bruka forsamlingslokalet i bygda. Alle som er født før 1960 har vore på fest på Leikvang.

Her eit utdrag frå møteprotokollen til skyttarlaget 1. januar 1938:

Fellesmøte mellom Rollag skytterlag og Rollag ungdomslag

For ungdomslaget møtte, Olaf Rostad, Håkon Lid, Olaf Næsset og Gunvald Birketvedt.

For skytterlaget møtte Hans N. Tråen, Andreas Lind, Torstein Kongsjorden. For husstyret møtte, Lars Kvislen, Olaf Rostad og Kr. Bergseid.

Sak 1. Installering av elektrisk lys. Det blev besluttet å velge 3 mann til å ordne med dette. Olaf Rostad, Torstein Kongsjorden og Lars Kvislen.

Sak 2. angående innkjøp av Kjøkkentøi. Det blev besluttet å kjøpe 60 par kaffekopper, 3 kniver, 1 vaskebalje, 2 vannbøtter og en kaffekjel.

Veggli skyttarhus

Veggli skytterlag vart stifta i 1894 og får vel huset sitt 20 år etter. Byggeåret er 1914.

Årsmøte på Solvang i Veggli 6 april 1913, 8 medlemmer møtte:

Sag 4. Husspørgsmålet behandledes og følgende blev besluttet angående denne sak. At velge 4 mand til at utarbeide



Veggli skyttarhus frå 1914. Her frå ein 17.maifest med Veggli ungdomslag si fane i bakgrunnen.

forslag om hvorledes man kan på den best og billigste måde kan få bygget et skytterhus for bygden. Til dette valgtes Knut Dokka, Tore Dokka, Engebret Bergan og Knut Fjose.

Styremøte 6 juni:

En kommite bestående av fire mann blev valgt til at forestå ordningen med opførelse av et skytterhus for Veggli. Tomt til huset er av den i årsmøte den 6 april valgte kommite leiet av Sebjørn Helgesplass på Helgesplads eiendom for en årlig avgift av Kr 1.- Til Byggekommitte valgtes Steinar Toen, Knut Dokka, Engebret Bergan, Ludvik Bråten.

Referat frå årsmøtet på Veggli skytterhus 12 juli 1914:

Sak 3. Det besluttedes at skytterhuset i tilfælde bortleie så skal prisen være kr 15,- + udgifter til rengjøring og at leieren er ansvarlig for huset i enhver henseende.

I 1918 søker Veggli Ungdomslag å få leige huset 17.mai. No er det kr 25.- i leige.

1919: Ombygging av skyterhuset til varmekus. Ny komite. I 1919 er det 50 kr i leige. Knut G. Dokka fekk ominnredningen for sum 1050.-

1922:

Sak 4. Kontrol på skytterlagets avholdte fester:

Det pålegges styret at føre streng kontrol på festerne og at anmelde enhver som optrær brutal og uanstendig. Tidligere beslutning angående bortleie av skytterhuset opretholdes.

1924:

Sak 6. Angående bortleie av Veggli skytterhus til bygdens lag inden bygden er husleien sat til kr 40,- undtat hvis det er nogen som skal have det billigere så må dem søge hele styret.

Sak 7. Udenbygds er taksten kr 50.- samt rengjøring efter sig.

I 1927 er leiga sett til kr 15.- for bygda og kr 25.- for utenbygds.

I 1928 Skuddårsfest kr 1.-

1930:

Sak 5. *Efter en del diskusjon blev det bestemt at styret i laget skal efter beste evne forsøke å få bedre orden på festene og da særlig få gjort ende på den gauketrafikk som har regjert der i siste tid. Og i det hele få et skytterlag som er til gavn og glede for bygden.*

Skyttarlaget og ungdomslaget skal ha 17 maifesten annakvart år, går det fram av eit notat.

Så i 1932: Medlemsmøte den 4 de november i Veggli Kirkestue:

Sak 1. *Påkrav for tvangsauksjon fra Rollag og Veggli sparebank med pant i skytterhuset stort kr. 2818.48 pluss renter for 1931 og 1932. Da ikke laget ser sig utvei til at klare sine forpliktelser finner det ingen anden udvei en at la det gå til auksjon.*

Men i 1933 på årsmøte blei Torleif Kongsjorden valgt til formann.

Sak 4. *Skrivelse fra Veggli skog og land, Veggli småbruker og arbeiderparti og Veggli arbeiderungdomslag om nedsettelse på husleien. Det blev overlat til styret at ordne med husleien dog skal leien for kjøkken og spisesal til et studiekursus for samtlige lag settes til kr. 18.- tilsammen for 13 kvelder. plus vask.* Seinare kom det anmodning fra Veggli arbeider-ungdomslags syklubb om nedsettelse av leien på kjøkkenet. kr 1.25 pr. møte.

Så går laget inn i dvale i tre–fire år. Og i den tida bli skyttarhuset seld.

Etter krigen går Erik L. Bergan inn for laget med full tyngde og ordnar det slik at banen er i tipp topp stand frå 1947 og utover. Laget får 113 medlemmer og iveren er stor. Og det vart sett opp eit nokså enkelt skur bak standplass i 1946.

Styremøte i 1947:

Sak 7. Kjøp av brakke. Formannen skulle undersøke muligheten av å få kjøpt ei brakke til hus.

Men slik gikk det ikkje, det midlertidige skur som vart oppsett i 1946 sto heilt til standplassen bles ned i 1991. Det gikk enda omtent 30 år før huset på nordsida vart flutt opp i frå Rollag.

Ny bane og nytt skyttarhus.

Da uværet tok både standplass og hus i 1991 vart det kromma nakkar og styret hadde medlemmane med seg på å bygge nytt.

Vi var så i gang med «Prosjekt nytt skytterhus».

Som for baneutbygginga skreiv vi avtale med Anleggsplan AS v/Odd Eldar Tveiten. Han tok ansvar for framdrift og kvalitet på utbygginga.

Budsjettet var på kr 1.530.397.

Lokale aktørar og leveradørar var bruka der dei var å finne. Ole Terje Berglien fekk reisinga av bygget.

Odd Eldar Tveiten hadde heile tida kontroll med framdrifta og hans innsikt i slikt var ei stor styrke for prosjektet. Det vart halde møter med Anleggsplan og lagsstyre med jamnlege mellomrom, så alle visste heile tida korleis det heile utvikla seg.

Engebret Dokka mura peis på dugnad. Den står som eit fint minne om Engebret.

Som for sjølve baneutbygginga var målet at ingen skulle gå slitne ut av anleggsperioden. Alle aktive skulle ha større motivasjon for å trene skyting etter anleggsperioden. Likevel vart talet på dugnadstimar opp i over 2000. Men når motivasjonen er på topp og vilja til å få til noko er der, ja så går alt lett.

Så da huset sto ferdig vart det invitert til fest. Lagets «grand old men» var invitert saman med politikarar og aktive. Stor fest med stor fagnad.



Også utanom større arrangement vart skyttarhuset i Veggli bruka. Her er ei kaffestund på trappa. Nils Toeneiet og Eli Stryse (Tveiten) med Gunhild Aarvelta.



Murar Engebret Dokka nører opp i pisten han sette opp i det nye skyttarhuset. Fint minnesmerke over Engebret dette.



Fyrste gongen det nye huset var bruka i større samanheng var da laget laga fest for norgesmesteren i felt, Vidar Gaarder i 1996. Det var stappfullt av folk som ville vera med å hedre gutten!!

Pokalkonkuransen mot skytterlaget Stjernen i Eggedal.

Dette er skrivi som eit innlegg i Norsk Skyttertidende etter jubileumsstevnet for denne pokalkonkuransen i 1999.

Rollag og Veggli skyttarlag møtte Stjernen skyttarlag til den årlege pokalkonkuransen laurdag 15. aug då. Det spesielle i år er at det er 50 år sidan fyrste gongen laga møttest.

Det var vegglingen Gullik Holtan som tok initiativet tilbake i 1949. Han låg ofte på tømmerhogst innpå skogane og vart kjent med skyttarane frå Eggedal og foreslo altså at laga skulle prøve å møtast kvart år til ein pokalkonkurranse, der dei skulle bytte på å arrangere. Konkurransen starta med terrengskyting kvar Skjærtorsdag. Men snart kom og baneskytinga med. Baneskytinga har skifta annakvart år mellom Eggedal og Veggli, medan feltskytinga alltid har vore på fjellet. Fyrst på Vardefjell, så på Mjovass og seinare på Gamleseterdalen seter.

Det starta altså med skyttarar frå Veggli skyttarlag frå starten av, men etter at Rollag og Veggli slo seg saman i 1970 har skyttarar frå begge bygdelaga vore med. Det har i alle år vore både feltskyting og baneskyting, så det er to tevlingar i året. Feltskytinga foregår på fjellet mellom Eggedal og Numedal og går av stabelen skjærtorsdag kvart år. Baneskytinga foregår som regel i august.

Det er ganske eineståande at det ikkje har vore ei einaste avlysing! Ein har fått det til i alle år. Eitt år var det riktignok på grensa på grunn av skodde, men det løyste ein ved å skyte alle skota på eitt mål på 100 meter. Eitt anna år måtte feltskytinga flyttast ned på Nedalsvatnet i Eggedal fordi det var så slite snø på mørkje slik at ein ikkje kom fram, men skyting vart det.

Stjernen har flest vandrepokalar i sitt eige. Særleg har dei vore svært gode i feltskyting. Men dei siste åra ser det ut til at Rollag og Veggli har festa grepet og tek stadig fleire napp i pokalane. I år har sistnemnde lag vunne begge pokalane.

At to lag greier å halde tradisjonen oppe og ikkje minst interessa over så mange år, er oppsiktvekkande. Det er neppe mange tevlingar mellom to lag slik som har halde seg så lenge. Og det er ingenting som tyder på fallande interesse, da ungdommane som stadig kjem til sluttar opp om desse skytingane.

Fyrste åra vart feltskytinga, eller terrengskytinga, som nemnt halde på Vardefjell og medaljene heiter framleis Vardefjellmedalja og finst i to valørar, gylt og sølv. I tillegg vert det delt ut stjerner til dei som har medalja frå før. Dei fyrste åra var det 18 skot i tre stillingar. Da hadde dei gjerne ein heilfigur som dei rykka fram mot for kvar serie. På kortaste avstande skaut dei ståande.

På feltskytinga i år, altså 1999, deltok mellom alle andre Kåre Grønhovd frå Stjernen. Han kunne fortelja at han var med på fyrste stemnet også i 1949. Og det fantastiske var at han skaut fullt hus, 30 treff i det femtiende. Slå den!

Etter baneskytinga i jubileumsskytinga var det eit samvær med bevertning der alle som har delteke på desse skytingane var invitert. Det vart eit triveleg lag der dei unge fekk høyre litt om korleis det foregikk i «gamletida», før Sauerer og canvasen gjorde sitt inntog.

Om feltskytinga.

Laga sat oftast samla i to leirar under skytinga. Det skulle vera lukka opplegg med ukjente avstandar og resultatata vart ikkje gjort kjent før etter alle hadde skote.

Men det skal ikkje stikkast under stol at dette var årets fest for mange, og den einaste påsketuren mange hadde.

Og det er ingen vits i å skjule at her vart det tatt ein dram eller fleire etter at skytinga var unnagjort. Og da vart dei to leirane oppløyste og skyttarar og publilkum gjekk om kvarandre og kosa seg.

Dei to fyrste gongene eg var med, var skytinga på Mjovass. Fyrste året reiste vi med weasel frå Tosetra og inn. Erik Haugen kjørte. Og for å illustrere kontakten med mellom Veggli og Eggedal så kom fleire karar



Medaljer frå skytinga mot Stjernen. Vardefjell-medalja til høgre.



Veteranar. Til v. Kåre Grønhovd frå Stjernen og Torstein G Toeneiet frå Veggli. Dei var begge med på fyrste stevnet Veggli og Stjernen hadde seg i mellom i 1949. Det spesielle var at Kåre Grønhovd også var med i det siste.

ut og møte oss da vi kom. Bjønn og Leif Halsteinsrud, Halvor Toeneiet, Gulik Holtan og Peter Tveiten. Dei nytta høvet og var på påsketur saman.

Det andre året eg var med gjekk Per Jaren, Gunnar Traaen og eg inn til Myklevatn onsdag eftan. Vi gjekk frå Trugegråne og opp Pipetjønndalen. Ved Myklevatn venta Halvor N Fulsås på hytta si. Om kvelden spela vi wist, og om morgonen gjekk vi til Mjovass, skaut og reiste heim att same veg som vi kom.

Seinare kom snøskutarane og frakta både skyttarar og publikum. Fine minner frå desse påsketurane.

Om sumarskytinga.

Banedelen av desse Stjernenmøta alternerte mellom banen til Stjernen i Nedre Eggedal og Veggli. I dei fyrste åra var Øens kafe i drift og vart ein samlingsplass. I det heile var desse pokalskytingane mot Stjernen ein viktig rekrutteringsarena. Små stevner som var nokså ufarlege å delta på. Likevel var det nerver også her, det sto om eigen prestisje og om lagets. For mange var dette einaste stevnet dei var med på i sesongen.



Deltakarar og gjester samla til fotografering under jubileumsstevnet for skytinga mot Stjernen i 1999.

Foreldra i ryggen.

I all idrett for barn er foreldra den viktigaste ressursen. Utan ivrige foreldre går det ikkje same kva ein gjer. Målet for skyttarlaget har heile tida vore todeilt. På den eine sida ønskjer ein å gje dei unge eit aktivitetstilbod og på den andre sida vil ein gjerne få fram utøvarar som kan representere både lag og samlag og verkeleg hevde seg i toppen. Breidde og topp altså, hand i hand.

Og så viser det seg at dersom ein legg vekt på eit godt miljø så kjem toppane også. Men det viktige her er foreldre som stiller opp.

Vi har sett det gong på gong, dei foreldra som er med ungane sine på treningar og stemne deltek også på dugnadar, tek på seg tillitsverv og så vidare. Dei er miljøskaparar.

Ein gong sa ein far ”Ja du får si det til han du”. Det var noko med reimbruken til ein ung lovande. ”Ja du får si det du, for eg får berre kjeft viss eg seier noko” sa faren. Han fekk da forklart at slik er det oftast med barn/foreldre. Eg sa; ta i mot kjeften , den tålar du, for det er så viktig at du er her og sit bak og følgjer med. Ungane elsker det at foreldra er med, sjøl om dei kjeftar og ikkje greier vise det.

Rollag og Veggli skyttarlag har heile tida hatt ivrige fornuftige foreldre og det er faktisk noko av suksessen. I alle fall har vi i periodar også skapt eit miljø for foreldra og.

Vi kunne lista dei opp, men for ikkje å gløyme nokon plukkar vi ut to som får stå som representantar for foreldrengasjemnet og godt arbei.

Her er kva Kari Auestad Tveiten seier om si tid som ungdomsleiar:

Alle som har unger opplever at ungene får interesser som en selv ikke hverken har hatt, eller har hatt ønske om å ha. Hvordan vi havnet inn i et aktivt skyttermiljø er en blanding av en tidlig fotballskade, en fjern slektning og ønsket om at ungene skulle ha noe å fylle fritiden med. La det være sagt med en gang, vi hørte ikke til i noen skytterfamilie. Og for egen del som mamma så hadde jeg vel aldri i mitt liv tenkt tanken at jeg skulle bli hekta på å putte gevær i hendene på ungene mine. Men, så treffer poden den første tier'n og så er det gjort. Jo da, du kan utmerket godt bli hekta på skyting.

Som foreldre har vi da egentlig to valg. Vi kan la avkommet drive sin sport i fred mens vi rolig åpner lommeboka og betaler det det koster. Eller vi kan brette opp ermene og tenke at dette skal vi søren meg gå «all in» for, og vi skal ha det moro mens vi gjør det. Vi valgte det siste. Og slik startet jobben vår med ungdomsnemnda i skytterlaget.

I min tid som leder i ungdomsnemnda var vi en gruppe foreldre som jobba veldig godt sammen. Inger Tekle, Nils Bekkeseth, Pelle Westerlund og undertegnede. Vi hadde alle unger på samme alder og vi hadde en veldig god tone og tenkte veldig likt rundt det å jobbe med unger. Det gjorde jobben lett og utrolig morsom. All organisert idrett trenger ildsjeler og alle vi fire la nok i hvert fall mye av sjela vår i ungdomsnemnda til Rollag og Veggli skytterlag. Vi satte oss som mål at vi skulle tilby skyting til flest mulig. Alle som ville skulle kunne være med. Vi startet i det små med å kjøpe inn nye hørselvern og skytterhansker. Vi kokte kaffe og bakte kaker og vi satte oss gjerne med kaffekoppen på panseret til mor eller fars bil bare for å få en prat. Kanskje fikk vi dem også inn på standplass for å se hvor spennende og stort det kan være når en 10 åring skyter innertier med Anchutz og anlegg. Vi hentet unger på døra deres hjemme, fylte bilene våre med våpen og det utstyret vi hadde og så dro vi på cup. Vi kjørte til Hamar og vi kjørte til Sarpsborg. Etter hvert tok vi kontakt med skytterlagene i Flesberg og Nore og Uvdal. Så ble Numedals-cup en realitet. Skytingens dag og skyteskole var veldig populært. Nye våpen ble kjøpt inn og vi innførte leasingavtaler for de som ønsket å ha sitt helt eget våpen å ta vare på. Landsskytterstevnet ble ferien for oss alle i mange år. Kjempekoselig og sosialt. Inger sto for innkvartering for hele laget og feriene til halve bygda ble tilbragt på skoler, misjonsleirer, gårder og til og med en barnehage langt oppe i Bodø. Vi fikk oppleve rekord med antall debutanter og vi fikk oppleve små beger og store beger, medaljer og mestrings i fleng. Og masse glede! Vi opplevde tropevarme i sanddyner på Evje og vi opplevde snø og kuldegrader i felten i Bodø. I ettermiddag ser vi jo at LS ikke akkurat var ferie der vi sleit og bar utstyr på feltrunder, men du verden så moro vi alle hadde det.

Skyting er den idretten hvor ungene trenger sine foreldre lenge. Før de er 18 år kan de ikke dra alene rundt med



Ingunn Aarvelta (på huk) gjer seg klar til skyting. Mor Kari er alltid til stede og lagkameraten Tov Reisjå er allerede klar.

våpen. Og det er også den eneste idretten, ved siden av golf, hvor bestefar og barnebarn konkurrerer på samme plan og ut fra samme regler. Vi som foreldre og ungdomsnemnd følte oss ganske så privilegert og heldige som fikk være med og bidra. Ungdomsgruppa i skytterlaget var også utrolig flinke til å ta vare på hverandre. Du kan ha så mange gode trenere du bare vil, men for en ung skytter er lærdom og ros fra en eldre lagkompis det beste! Å se en 5 klassing som terper avtrekk med en rekruttdebutant på sitt første LS er verdt hver eneste ventetime med kalde tær på standplass.

Vi fikk også være med på oppstarten av det som nå har blitt landets største ungdomsstevne. Et spennende prosjekt som har vist seg å bli noe virkelig bra og stort.

Grunntanken for alle oss som jobbet med ungdom og skyting i disse årene var: Ha det moro! Du er god!

Fra nullpunkt til fullt hus

Noen minner fra en periode i foreldrerollen i Rollag og Veggli skyttarlag

Nullpunkt

Som storviltjeger, har jeg lenge hatt erfaring med skytterlaget som en god tilrettelegger for jeger trening, skyteprøve og jegerfelt. Det var også inngangen når neste generasjon i familien fikk et forhold til skyting. For å nevne Sveinung, var han «født» jeger og jakta tålmodig på linerle med håv omtrent fra han kunne gå. Skulle han bli skikkelig jeger måtte han jo bli god til å skyte og ville på skytetrening i hallen på Idrettsskolen når alderen åpnet muligheter for dette.

Vi visste ingenting om nullpunkt i skytefaglig betydning den gangen. Nullpunktet der baneskyting gikk fra å være synonymt med jeger trening til en idrett med motivasjon nok i seg sjøl, kom nok under lagmesterskapet i felt på Ulvik 28. mars i 2004. Det var intet mindre enn 6 aspiranter blant deltakerne! Vinden var nokså krevende med finkaliber den dagen, men med 22 treff var gnisten tent hos en stolt 10-åring. Det ble også innledningen til en mer aktiv foreldrerolle i laget.

Artig og for alle

«Artig lagmesterskap» med «...skyttarar i alle storleikar», stod det på lagets nettside dagen etter. Ja, det sterkeste minnet fra tida med oppfølging av de unge i skytterlaget, var det store fokuset på å ha det moro. Melvin var den som satte tydeligst ord på det som punkt nummer 1 i ungdomsarbeidet, og det preger hele kulturen i laget.

Gode resultater er så klart et mål for de aktive, men lite prestasjonspress og mye moro er utvilsomt en suksessfaktor. Mange kan finne seg til rette uavhengig av ambisjonsnivå. Samtidig kan sjansen for å vinne være større og det blir enklere å tåle det når en feiler. Også som foreldre, gjør denne kulturen det lett å komme inn i laget og trives.

Skytesporten (i DFS) er unik på den måten at den gir muligheter for de aller fleste. Jenter og gutter, og «karfolk og kvinnfolk», konkurrerer i samme klasse! Du kan jo være aktiv fra 10-årsalderen som aspirant, og til du er veteran over 90, om synet er godt nok. Kroppspress er så godt som helt fraværende. Om ambisjonen er kongelaget på LS eller å være «vaffelskytter», ligger det rette for fine opplevelser langs hele skalaen. Med muligheter for lån av våpen og utstyr, samt sponning av ammunisjon, er det en lav inngangsbillett også økonomisk for nybegynnerne. Som foreldre, er dette et flott system og miljø å være med sine håpefulle inn i.

Fullt hus

Det kan oppleves som nokså brutalt for ungdommene, særlig i klasse eldre rekrutt. Skal du gå helt til topps på stevnene, må en som regel skyte «fullt hus», dvs. 35 skudd i tieren. Ikke nok med det, et stort antall innertierte vil ofte også være nødvendig. Da snakker vi innenfor en sirkel på 3 cm i skiva, med 100 m skyteavstand. Her er det små marginer og lite rom for feil. Våpen og ammunisjon gir også litt spredning, uten skytterens direkte påvirkning.

Som jeg har sagt mange ganger: Er du med i Rollag og Veggli skytterlag (og dermed også Numedal Skyttersamlag) gir det et kjempebra utgangspunkt for unge som vil satse på skyting. Den skytefaglige kompetansen er på øverste hylle. Viljen til å dele kunnskap og erfaring og støtte opp om ungdomsskytterne er stor. Unge med foreldre som er aktive skyttere, har en fordel. Jeg erfarte imidlertid at det er mulig å komme et godt stykke på veg også som forelder på nybegynnerstadiet, når du er i dette miljøet. Jeg var motivert til å prøve å lære mer om «faget» og å kunne bidra etter beste evne.

Denne fasen startet med kurs som skyteinstruktør. Jeg kom inn i ungdomsnemnda og var med på å gjennomføre skyteskole. Nokså fort utviklet det seg til et program vi kalte «Fullt hus». Satsingen var todelt og kom i gang i 2008. På den ene sida et breddeopplegg med mål om «fullt hus» av unge skyttere på trening. Videre et opplegg for de aktive ungdommene som konkurrerte på stevner, med mål om økt andel «fullt hus» i skiva. Det siste ble organisert gjennom ungdomsnemnda i samlaget. Samlingene ble innledet med litt teori. Blant temaene var trenings- og konkurranseplanlegging; skytestillinger; nullpunkt og avspenning; pusting, sikting og avtrekk samt smart inntak av mat og drikke. Deretter praktisk skytetrening med instruksjon av aktive seniorer i samlaget.



Sveinung Eriksrud og Sara Tveiten saman foreldra sine ette ei oppvisning av dei sjeldne i Førde i 2007. Begge hadde 250 p og begge skaut 1 p i finalen. Dei kom på delt 4. plass. Foreldra er med ser du! Turid og John Melvin, og Sissel og Halvor Rostad.

Nullpunkt kan være en litt vrien greie å forklare i utgangspunktet. Vi sa det innledningsvis til ungdommene slik: «Hvis du er seriøst opptatt av utvikling, må du lære deg selv å jobbe med nullpunkt. Lær å finne det! Gjenkjenn det! Behold det!» (lånt fra DFS). For uinnvidde: Nullpunktet er kort forklart der hvor siktepunktet «ligger av seg sjøl» i en avslappet skytestilling. Dersom nullpunktet er utenfor sentrum av skiva og skytteren presser siktepunktet inn mot midten uten å justere på skytestillingen, får en fort en «strikkeffekt». Siktepunktet vil da ofte dras tilbake mot nullpunktet i avtrekksoyeblikket. Muligheten for fullt hus kan altså bli spolt (og vi har enda ikke snakket om avtrekk)!

Som et apropos til «vaffelskyting»: Vafler med syltetøy er noe av den vanligste som blir servert av mat på skytestevner. Samtidig er det noe av det dumme du kan ha i deg før du skal skyte hvis målet er fullt hus. Dette på grunn av høyt sukkerinnhold som gir uro i kroppen. Budskapet til ungdommene var å vente med vaflene til etter skyting. For ekte «vaffelskyttere» er vel det sosiale rundt vaflene viktigere enn alt annet og en understreking av hvor bredt skytesporten favner.

Høsten 2007 klarte Sveinung som første års eldre rekrutt fullt hus og 350 poeng under Skjergårdstevnet på Nøtterø. Han var da den 15. skytteren i ROV i 350-klubben. 2008 var også et bra år med bl.a. seier i samlagsmesterskapet, 2. plass i Viken1-mesterskapet og delt 4. plass sammen med Sara under LS i Førde. Det medførte tildeling av innsatspremie under årsmøtet i skytterlaget det året, noe som er et bra eksempel på hvordan laget kan støtte opp og motivere. I mai 2009 oppnådde Sveinung 350 og fullt hus som første års junior. Også søster Åsne hadde nå blitt en habil skytter og måtte i omskyting i kamp med favoritten og kongsbergskytteren Anders Heubach i LP-cupfinalen for klasse rekrutt i juni det året. «Fremtidens håp» skrev Ole John i LP om de to rekruttene i den anledning. Åsne hadde nok fordel av å kunne gå i brorens fotspor og var ofte bedre enn han hadde vært i samme alder.

Dermed var det erfart i praksis: Som ungdomsskytter i Rollag og Veggli skyttarlag kan det meste være mulig!

Over og ut

Alt har sin tid. For Sveinung ble overgangen fra junior til senior, med innøving av stående skytestilling, for utfordrende

å håndtere samtidig med tidkrevende videregående utdanning. For Åsne ble karrieren kortere enn forventet på grunn av noen utfordringer med synet.

Som forelder var jeg nokså snart tilbake til start, med aktivitetene som jeger i skytterlaget. Samtidig er det mange flotte minner å ha med seg fra tida med ungdomsarbeidet. All ære til laget for den gode kulturen og miljøet, inkl. håndteringen av de unge og foreldrene som dere legger opp til! En kikk på lagets nettsider viser at det stadig er unge i laget med gode skyteprestasjoner, samtidig som jeg regner med det fortsatt er sterkt fokus på å ha det moro også på mange andre måter.

Nullpunkt er ikke så viktig under praktisk jakt, men du verden så nyttig å kjenne til når du ligger på banen og skal klare prøva!

*Rollag, februar 2020
Halvor Rostad*



Sjå dei stolte øyeblikkene fra historien vår!

Lorem ipsum dolor sit amed og så videre. Her skriver Even en tekst som innleder QR kodene. Denne skal også forklare hvordan en gpår frem, både for de som har QR-app på mobilen og de som må bestille. Husk også at dette er koder som kan forsvinne, side de er koblet opp til NRKs arkiv. Dette er et arkiv som stadig justeres. Se det så fort du kan! Lorem ipsum dolor sit amed og så videre.



LS2009-Kongelaget–RoarK.png



LS2009-Kongelaget–RoarK.png



LS2009-Kongelaget–RoarK.png



LS2009-Kongelaget–RoarK.png



LS2009-Kongelaget–RoarK.png



LS2009-Kongelaget–RoarK.png



LS2009-Kongelaget–RoarK.png



LS2009-Kongelaget–RoarK.png



LS2009-Kongelaget–RoarK.png



LS2009-Kongelaget–RoarK.png



LS2009-Kongelaget–RoarK.png



LS2009-Kongelaget–RoarK.png



LS2009-Kongelaget–RoarK.png



LS2009-Kongelaget–RoarK.png



LS2009-Kongelaget–RoarK.png

Inn i eventyret

Til no har vi vist eit par skyttarlag sine historier i små bygdesamfunn. To lag med so nokonlunde same bakgrunn. Ei brennande interesse for idrett og konkurransar dreiv laga år for år. Og vi har sett einskilde topp år og einskilde periodar som skilde seg ut og var avhengig av personane som var sett til å styre. Slik sett var skyttarlaga både i Rollag og Veggli som skyttarlag i bygdenoreg elles.

Men så skjer det altså noko frå 1990 talet og framover. Mykje er drivi fram av tilfeldige episodar, som at vinden tok standplassen, og det faktum landet for øvrig gjekk inn i ei oppgangstid. Olja og disponeringa av oljeinntek- tene gjorde landet rikt, så rikt at små lag utover bygdene kunne få midlar til å bygge opp idrettsanlegg utan stor økonomiske belastningar. Vi hadde sett med misunning at andre skyttarlag vart støtta av hjørnesteinsbedrifter, vi hadde sett at det militære støtta lag rundt militærleirane. No fekk vi også sjansen gjennom det at nasjonen vart rik.

Den sjansen fekk vi og tok vi. Vi fekk eit baneanlegg folk misunte oss, vi fekk skyttarhus vi kunne vera stolte av. Men samstundes hadde vi ordna oss slik at vi fekk mange med og vi fekk mange som oppnådde gode resul- tat. For oss vart lagskytinga viktig og gjennom Østlandscupen for lag fekk vi for alvor vist oss fram. Samstundes erkjente vi at den gamle organiseringa med eit styre og ein banekomite ikkje strakk til. Så vi starta ein organise- ringsprosess over fleire kveldar der nye nemnder vart til med instruksar slik at kvar nemnd skulle kunne arbeide sjølstendig og på eige initiativ.

Vi var med i Østlandscupen frå 1980 av, men vart sett på som slakteoffer og lett match av dei motstandarne vi trekte kvart år. Og det vart lenge berre to rundar i året. Det laget som tapte fyrste runde gjekk til B-cupen og vi tapte som regel fyrste runde der og. Vi fekk høre det og lag frå Oslo syntes det var bortkasta å reise så langt opp i Numedal berre for å møte dårleg motstand.

Men vi ga ikkje opp og mykje av arbeidet vi dreiv gjekk ut på å styrke cuplaget. Vi hadde ungdomsnemnd som skulle sørge for rekruttering, men vi fekk og seniornemnd som skulle legge til rette for seniorane, gjennom felles treningar, temakveldar og liknande. I starten ringte vi rundt for å få med folk på cuplaget, no vart det så mange aktuelle at vi hadde uttaksskytingar for å få tatt ut det beste laget. Etter år 2000 hadde vi eit åttemannslag som vart lagt merke til.

Vi skriv 2020, vi har bak oss ei 140 år gamal historie med oppturar og nedturar. Vi har dei siste 25 år fått eit an- legg av ypperste merkje. Vi har fått muligheter vi ikkje har hatt tidlegare. Folk kan koma og trene når det måtte passe.

Vi har vidare i denne perioden opparbeidd oss eit rykte som eit av landets beste skyttarlag med eitt av landets beste anlegg.

Det er eit eventyr. Ein av landets minste kommunar med eit folketal på rundt 1400 stabilt har fått fram skyt- tarar i eliteskiktet. Frå å vera eit lag i Østlandscupen andre lag lo av. «tenk å stille opp med så dårlege resultat!» var omkvedet dei fyrste åra.

Det heile toppa seg i 2004. Vi hade skote oss fram til semifinalen i den same cupen og vi hadde trekt eit av elitelaga, Nordstrand. Så vann vi etter fenomenal skyting av alle dei åtte på laget. Etter skytinga hadde vi eit pizzaparty for gjestene. Og det er vanleg at gjestande lag takkar for kampen. Og akkurat dette året, 2004, var Nordstrands Espen Berg Knudsen Olympiadeltakar for Norge i Sydney. Han var altså nett komen heim frå OL da han skulle takke oss for kampen. «Ok gutter vi tapte denne kampen, men jeg må si det er en ære å tape for dere i Rollag og Veggli.»

Geir og Liv Åsne vart eit eventyr, veit ikkje eg kva eventyr er!



Så blid blir ein når ein har skote 100 poeng i samlagsskytinga for Numedal under Vikenmesterskapet. Synne Nørstegård Tråen.



Liv Åsne Teksle løfter armene i triumf over eit glimrande resultat i Målselv 2006.



Geir og Liv Åsne vart nr. 6 og 7 under LS i Steinkjer i 2007. Fabelaktige prestasjonar.

Avslutningsord

Så har tida gått, laget si historie kjenner du no. Du har møtt mange av profilane både dei aktive utøvarane og dei ikkje aktive.

Eg har prøva vise kva som skal til for å få eit lite lag i ein liten kommune til å bli noko stort. Men så er det slik at alle stevner, alle møte, alle skota har si eiga historie. Eg innrømmer det glatt, eg har ikkje fått med alt. Kanskje akkurat du hadde fortent omtale, ja akkurat det du presterte den gongen, og slik bortetter. Det har eg ikkje makta, men om du ikkje er nemnd så er du slett ikkje gløymt.

Eg vil gjerne sende ein takk til dei eg kjende og møtte på sekstitalet. Alle dei som fann interesse i skyttarsporten, dei har betydd mykje for meg. Ikkje minst Alfred Wiken! På eit øvre Kretsstevne i Flesberg i 1960-åra skaut eg bra på 100 meter som fyrsteklassing. Eg blei nummer to i mesterskapet. Stevnet var åpent så det var mykje folk der. Alfred lot seg imponere over resultatet mitt og ville ha meg til å skyte for laget også på 300 meter. Det gjekk ikkje bra!! Men det Alfred gjorde for meg da han gjekk rundt og samla inn patroner frå dei andre slik at eg kunne delta også på 300 meter, det gløymer eg aldri. Han betalte også innskuddet for meg! Slikt festar seg i ein ungdom.

Eg vil takke styret for oppdraget. Og ikkje minst Ingvar Moi for samarbeidet om nok ei bok. Takk for tålmodet du viser, og takk for kreativiteten din.

Far min hadde eit omgrep -slumpeskyttar. «Å han æ no berre ein slumpeskyttar», det er altså ein som kan få til eit resultat ein gong i blandt. Eg er i denne kategorien. Eg har nok vunne både medaljer og sølv, men det største eg har opplevd er å få skyte på cuplaget til Rollag og Veggli saman med begge døtrene mine.

Even Tråen